



**420 kV – kraftleidning, Tjeldbergodden – Trollheim
Tilleggsutreiing av konsekvensar for flora og fauna for nye traséar**

Miljøfaglig Utredning, rapport 2005:2

Miljøfaglig Utredning AS

Rapport 2005:2

Utførande institusjon: Miljøfaglig Utredning AS	Kontaktperson: Finn Oldervik	ISBN-nummer: 82-8138-038-1
Prosjektansvarleg: Geir Gaarder	Finansinert av: STATNETT SF	Dato: 31. Januar 2005
Referanse: Oldervik, F & Stenberg, I. 2005. 420 kV – kraftleidning, Tjeldbergodden - Trollheim. Tilleggsutreiling av konsekvensar for flora og fauna for nye traséar. <i>Miljøfaglig Utredning Rapport 2005:2</i>		
Referat: På oppdrag frå Statnett SF er det vurdert verknader på det biologiske mangfaldet, dvs. flora, fauna og inngrepsfri natur, av ei ny 420 kV kraftline frå Tjeldbergodden i Aure til Trollheim i Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke. Arbeidet er konsentrert omkring forekomst av raudlisteartar og sjeldne og/eller verdifulle naturtypar. Ei rangering mellom fire ulike alternativ er gjort, og det er kome med framlegg til avbøtande tiltak.		
4 emneord: Kraftline Flora Fauna Konsekvensutreiling		

Føreord

På oppdrag frå STATNETT SF har *Miljøfaglig Utredning AS* utført ei konsekvensutreiling på tema «Flora og fauna» i samband med planar om ny 420 kV-leidning frå Tjeldbergodden i Aure til Trollheim i Surnadalen. Finn Oldervik har hatt hovudansvaret for flora og dr. scient Ingvar Stenberg for fauna. Naturforrvaltningskandidat Geir Gaarder har utført kvalitetskontroll.

Kontaktpersonar hos Statnett SF har vore Grete Klavenes og Kjell Magne Lervik. Vi har hatt eit godt samarbeid og gode dialogar med begge. Under arbeidet har vi motteke verdfull informasjon, m.a. frå dei aktuelle kommunane, Fylkesmannens miljøvernavdeling og fleire lokalkjende fagfolk (personlege kontaktar er lista opp i siste kapittel). Vi vil takka alle for hjelpa, og rettar ein særskilt takk til NOF avd. Hemne for hjelp med å skaffa opplysningar om fuglelivet i området.

Vi vil til slutt takke STATNETT SF så mykje for oppdraget.

Miljøfaglig Utredning A/S

Finn Oldervik
Mjosundet, 31.01.05

Ingvar Stenberg
Kvanne, 31.01.05

Innhaldsliste

<u>Føreord</u>	3
<u>Innhaldsliste</u>	4
<u>Samandrag</u>	7
<u>1 Innleiing</u>	13
<u>2 Utbyggingplanane</u>	13
<u>2.1 Grunngjeving og utforming</u>	13
<u>2.2 Dei nye alternativa</u>	14
<u>3 Metode</u>	14
<u>3.1 Konsekvensutreiinga</u>	14
<u>3.2 Undersøkings- og influensområde</u>	14
<u>3.3 Omtalen av naturmiljøet</u>	15
<u>3.4 Datagrunnlaget</u>	15
<u>3.4.1 Registreringane</u>	15
<u>3.4.2 Kjelder for informasjon</u>	16
<u>3.5 Vurdering av verdiar og konsekvensar</u>	17
<u>3.5.1 Verdi</u>	17
<u>3.5.2 Omfang</u>	17
<u>3.5.3 Konsekvens</u>	17
<u>3.5.4 Oppsummering</u>	17
<u>4 Registreringar og verdiar</u>	18
<u>4.1 Artsmangfald</u>	18
<u>4.1.1 Karplanter og kryptogamar</u>	18
<u>4.1.2 Virvellause dyr.</u>	18
<u>4.1.3 Virveldyr.</u>	18
<u>4.2 Raudlisteartar og ansvarsartar</u>	19
<u>4.3 Naturmiljø</u>	21
<u>4.3.1 Myr</u>	21
<u>4.3.2 Fjell</u>	21
<u>4.3.3 Kulturlandskap</u>	21
<u>4.3.4 Ferskvatn/våtmark</u>	22
<u>4.3.5 Skog</u>	22
<u>4.3.6 Havstrand/kyst</u>	22
<u>4.4 Inngrepsfrie naturområde</u>	23
<u>4.5 Verdivurdering</u>	23
<u>4.5.1 Samla vurdering</u>	23
<u>4.5.2 Vurdering av dei einskilde lokalitetane</u>	23
<u>Figur 1. Registrerte lokalitetar med særskilt verdi for fauna og flora langs nye traséar for ny 420 kV-line Tjeldbergodden- Trollheim.</u>	28
(Kart over lokalitetar skal inn her!!)	28
<u>5 Konsekvensvurdering</u>	28
<u>5.1 Det vestlege alternativet -- Gyltansen</u>	29
<u>5.1.1 0-alternativet</u>	29
<u>5.1.2 Alternativ parallelt med Gyltanslinja</u>	30
<u>5.2 Dei austlege alternativa – alt. 4.0 og alt. 5.0</u>	33
<u>5.2.1 0-alternativet ((4.0 el. 5.0) + 3.1).</u>	33
<u>5.2.2 0-alternativet 4.0 + 2.0.</u>	33
<u>5.2.3 Tjeldbergodden – Brekka (felles for 4.0 og 5.0)</u>	33
<u>5.2.4 Alternativ 4.0</u>	35
<u>5.2.5 Alternativ 5.0</u>	36

<u>5.2.6</u>	<u>Alternativ 3.1 Eidsfjellet – Trollheim</u>	37
<u>5.2.7</u>	<u>Alternativ 2.0 Knypo – Trollheim</u>	38
<u>5.3</u>	<u>Samanstilling av dei austlege alternativa Tjeldbergodden – Trollheim.</u>	39
<u>5.4</u>	<u>Rangering av dei fire nye alternativa Tjeldbergodden – Trollheim</u>	40
	<u>5.4.1</u> <u>Naturgrunnlaget</u>	40
	<u>5.4.2</u> <u>Samla vurdering</u>	41
<u>6</u>	<u>Avbøtande tiltak</u>	42
<u>6.1</u>	<u>Generelle tiltak</u>	42
<u>6.2</u>	<u>Dei ymse alternativa</u>	42
	<u>6.2.1</u> <u>Gylthalsalternativet</u>	42
	<u>6.2.2</u> <u>Parsellen frå Tjeldbergodden til Middagsfjellet (4.0 og 5.0)</u>	42
	<u>6.2.3</u> <u>Alt. 4.0 frå Middagsfjellet til Eidsfjellet</u>	43
	<u>6.2.4</u> <u>Alt. 5.0 frå Middagsfjellet til Eidsfjellet</u>	43
	<u>6.2.5</u> <u>Alt. 3.1 frå Eidsfjellet til Trollheim</u>	43
	<u>6.2.6</u> <u>Alt. 2.0 frå Sjølisetra til Trollheim</u>	43
<u>7</u>	<u>Oppsummering</u>	44
<u>8</u>	<u>Oppfølgjande undersøkingar</u>	45
<u>8.1</u>	<u>Generelt</u>	45
<u>8.2</u>	<u>Manglar ved det noverande datagrunnlaget</u>	45
<u>8.3</u>	<u>Målretta undersøkingar</u>	45
<u>9</u>	<u>Kjelder</u>	46
<u>9.1</u>	<u>Skriftlege kjelder</u>	46
<u>9.2</u>	<u>Muntlege kjelder</u>	48
<u>10</u>	<u>Vedlegg</u>	49
<u>10.1</u>	<u>Vedlegg nr. 1 Skjematisk framstilling av ein konsekvensanalyse</u>	49
<u>10.2</u>	<u>Vedlegg nr. 2. Lokalitetsskildringar</u>	51
	<u>10.2.1</u> <u>Lokalitetar langs traséalternativ Gylthalsen</u>	51
	<u>1. Kjørsvikbugen: Teinhaugmyra (Ombrotrof høgmyr)</u>	51
	<u>2. Rognbugen (viltbiotop)</u>	52
	<u>3. Ulvsnesbukta (Viltbiotop, strandeng og strandsump)</u>	52
	<u>4. Romundsetvatnet (Viltbiotop, myr/ferskvatn)</u>	52
	<u>5. Torsetsundet (viltbiotop)</u>	53
	<u>6. Veatalen (Viltbiotop, gammalskog)</u>	54
	<u>7. Slettfjellet (Gammal furuskog)</u>	54
	<u>8. Bergsvatnet (Vegetasjonsrikt vatn)</u>	55
	<u>9. Tverrbotnen med omegn (Rikmyr/gammal slåttemyr)</u>	55
	<u>10. Tverrbottenlia (Gammal furuskog)</u>	56
	<u>11. Aure naturreservat (Gammal furuskog, viltbiotop)</u>	56
	<u>12. Torsetvatnet (viltbiotop)</u>	57
	<u>13. Knypen (Rikmyr)</u>	58
	<u>14. Knypen – Durmålaugen (Gammalskog)</u>	59
	<u>15. Kvistdalen (Gammal lauvskog/ rik edellauvskog)</u>	59
	<u>16. Kvistdalen --Ørnberget (viltbiotop)</u>	60
	<u>17. Todalen --Vinjefjorden (viltbiotop)</u>	60
	<u>18. Skarvberget/Vinjefjorden (Rik edellauvskog/sørvendt berg og rasmark)</u>	61
	<u>19. Vassdalsvatnet (viltbiotop)</u>	61
	<u>20. Nordmarka: Little Bøvervatnet (viltbiotop)</u>	61
	<u>21. Nordmarka: Fagermyrane (Rikmyr)</u>	62
	<u>22. (34) Nordmarka: Høgmyran (Rikmyr)</u>	62
	<u>23. (38). Nordmarka: Tjørn vest for Grytvatna (viltbiotop)</u>	63

<u>24. (39). Bergulhaugen (viltbiotop)</u>	63
<u>10.2.2 Lokalitetar langs kombinasjonen 4.0 og 3.1</u>	64
<u>25. Skulpen – Skålvatnet (viltbiotop)</u>	64
<u>26. Svartosen – Reinsjøen (Punktfunn av sjeldan sopp)</u>	64
<u>27. Rennsjøen (viltbiotop)</u>	65
<u>28. Rennsjøen, søraustsida (Gammalskog)</u>	65
<u>29. Rennsjøen, vest (Gammal skog)</u>	66
<u>30 Mammahollet – Styggdalen (Gammal furuskog)</u>	67
<u>31. Sengsdalen (Gammalskog/bekkekløft/gråor-heggeskog/viltbiotop)</u>	67
<u>32. Fevelfjellet (Frodig lauvskogsli)</u>	68
<u>33. Brekka, aust (Rikmyr)</u>	69
<u>34. Oldervatnet -- Steinvatnet (viltbiotop)</u>	69
<u>35. Huslia, vest for (Stort myrkopleks)</u>	70
<u>36 (16). Tjørn nord for Blomstadvatnet (viltbiotop)</u>	70
<u>37 (21). Bjørksetrin (Gammal slattede-/beitemark, viltbiotop)</u>	71
<u>38 (22). Seterelva (Viktig bekdedrag, gammalskog, viltbiotop)</u>	71
<u>39 (23). Myrane ved Mo-Mosetra (rikmyr, viltbiotop)</u>	72
<u>40 (25). Vinjeøra (skog, viltbiotop)</u>	73
<u>41 (26). Stormyra (myr, viltbiotop)</u>	73
<u>42 (27). Brekka (viltbiotop)</u>	74
<u>43 (30). Fjelnadalen (Gammal furuskog og rikkjelder)</u>	74
<u>44 (35). Nordmarka: Stuttjonna-Mongevatnet (viltbiotop)</u>	75
<u>45 (36). Nordmarka: Tågdalen (Myr, viltbiotop, gml. slattedemark)</u>	75
<u>46. Nordmarka: Tågdalen, vest for. (Ekstremrikmyr, slattemyr).</u>	76
<u>47 (37). Nordmarka: Storsvorkvatnet (viltbiotop)</u>	77
<u>48 (40). Fiskjasliin (viltbiotop, gammal edellauvskog)</u>	77
<u>49 (41). Surna: Evje ved Fiskja (viltbiotop, flaumdam, kroksjø)</u>	78
<u>10.2.3 Lokalitetar langs trase 5.0</u>	78
<u>50. Seteråsen (viltbiotop)</u>	78
<u>51. Lægdelva (Viltbiotop)</u>	79
<u>52. Lifjellet (Viltbiotop)</u>	79
<u>53. Tverrdalsmyrane (Intakt låglandsmyr)</u>	80
<u>54. Tverrdalen – Røstlia (Viltbiotop)</u>	80
<u>55. Merkeshaugen (Viltbiotop)</u>	81

Samandrag

Bakgrunn

Statnett (2004) grunngjev behovet for ny 420 kV-leidning med eit planlagt 860 MW gasskraftverk på Tjeldbergodden i Aure, som skal knytast til sentralnettet ved Trollheim kraftstasjon i Surnadal. Formålet med denne tilleggsutreininga er å klårgjera konsekvensar for flora og fauna og for inngrepsfri natur for nye alternative linetraséar mellom Tjeldbergodden og Trollheim. Arbeidet er utført av Miljøfaglig Utredning v/Finn Oldervik og Ingvar Stenberg, med Geir Gaarder som prosjektansvarleg og Statnett som oppdragsgjevar.

Tidlegare er to hovudalternativ utreia av Oldervik & Stenberg (2004).

Utbyggingsplanane

Eit nytt vestleg alternativ (*Gylthalsen*) følgjer stort sett eksisterande 132kV-line frå Tjeldbergodden til Trollheim, medan dei nye austlege alternativa (**4.0 og 5.0**) delvis er samanfallende med dei tidlegare utreia **alternativa 2.0 og 3.1**. Dei austlege alternativa er sett saman av ulike kombinasjonar av **4.0/5.0/2.0/3.1**, og går stort sett gjennom grensetraktene Aure/Hemne før dei blir ført fram til Trollheim. Også desse traséane følgjer parallelt med eksisterande 132kV-liner over kortare eller lengre strekningar. Under anleggsfasen vil det bli bygd fleire mindre riggplassar, og terrengkjøretøy eller helikopter vil nyttast til transport der anleggsvegar manglar. Nybygging av vegar kan vera aktuelt, men er ikkje konkretisert i transportplanen.

Metode

Utreiingskrava for tema flora og fauna går fram av KU-programmet frå NVE (18.02.2000), og som metodegrunnlag har vi nytta vegvesenets handbok 140 og NVE sin vgleiar nr. 1/2004. Arbeidet omfattar registreringar, verdsetting, samt skildring av omfang, konsekvensar og avbøtande tiltak. Utreiingsområdet dekkjer eit definert planområde og eit influensområde som kan bli indirekte påverka. Datagrunnlaget er basert på eksisterande informasjon (jfr kjelder i kapittel 9) og eigne feltundersøkingar hausten 2004. Som metodegrunnlag for verdsetting av naturtypar og vilt har vi nytta handbøker frå Direktoratet for naturforvaltning (1996, 1999b) og raudlister over truga/sjeldne førekomstar, som vi har vektlagt spesielt. Areal med spesiell naturverdi (liten, middels, stor) er avgrensa og kartfesta. Som tilleggsgrunnlag har vi nytta matrisene i NVE sin vgleiar for dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk, som også inneheld metode for verdsetting av inngrepsfrie naturområde.

Vi har først utreia konsekvensane for separate parsellar, og har så rangert traséane på heile strekninga Tjeldbergodden-Trollheim ut frå vurdert verknad på naturmiljøet. I konsekvensvurderinga har vi ikkje teke omsyn til at bygging av ny line kan tenkjast å ha langsigktige konsekvensar for utforming av kraftlinesambanda i regionen, noko som kan påverka rangeringa av alternativa.

Registreringar og artsmangfold

Utreiingsområdet dekkjer delar av Aure, Hemne, Halsa, Rindal og Surnadal kommunar i grensestroka mellom Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Storparten av området er utan fast busetjing, men viktig som frilufts- og hytteområde. Klimaet er kystprega og bergrunnen stort sett fattig, men det finst og parti med kalkgrunn og sær rik flora. Den store vekslinga mellom fjord- og dalstrok, fjell- og viddelandskap skapar rik variasjon i naturgrunnlaget og artssamansetjinga.

Av *artsmangfaldet* synest floraen mest særprega. Fuglelivet er variert og relativt rikt på sårbarer artar, særleg av våtmarksfugl og rovfugl. Området hyser og gode bestandar av hønsefugl. Lengst nord, i Aure, finst viktige verdiar knytt til gammal furuskog med sjeldne råtevedsoppar. Nordsida av Vinjefjorden er dominert av varmekjær vegetasjon, og er eit av dei nordlegaste boreonemoriale områda i verda. På den kalkrike og høgproduktive Nordmarka i Surnadal finst nasjonalt verdfulle kulturlandskap, og to område er verna som myrreservat. Både flora og våtmarksfugl syner her stor artsrikdom, med fleire regionalt sjeldne artar. Totalt innafor utreiingsområdet er det av raudlisteartar påvist 14 av planter (inkl. dei 13 regionalt raudlista), 14 av fugl og 1 kvar av amfibium og pattedyr (**Tabell 1**).

Tabell 1. Tal på registrerte raudlisteartar av karplantar (også regionalt raudlista plantar), sopp, lav, amfibium, fuglar og pattedyr i eller nær utreiingsområdet til 420 kV-leidning Tjeldbergodden-Trollheim. (Lista inkluderer fire vedboande soppartar og to skorpelav, som ikkje offisielt er vurdert for den nasjonale raudlista).

Organismegruppe	Tal artar	Fordelt på raudlistekategori					Tal funn
		E	V	R	DC	DM/K	
Karplantar	1				1		2
Karplantar, regionale.	13		3	5	5		28
Sopp	24		3	7	10	4	28
Lav	1				1		1
Amfibiar	1		1				2
Fugl	14		5	2	6	2	41
Pattedyr	1					1	1
Sum	55	0	12	14	23	7	103

E =direkte truga; V =sårbar; R =sjeldsynt; DC =omsynskrevjande; DM/K =bør overvakast

Tabellen omfattar ikkje funn av raudlisteartar i/ved alt. 2.0 Sjølia – Trollheim, som er utreia på eit lågare nivå enn andre alternativ, og er ikkje inkludert i lokalitetsomtalen.

Verdivurdering

Av lokalitetar der det er påvist særskilde kvalitetar har 23 stor verdi, 29 middels verdi og 3 liten verdi (**Tabell 2**).

Tabell 2. Påviste verdfulle naturområde og viltførekommstar i utreiingsområdet for 420 kV-

kraftleidning Tjeldbergodden-Trollheim. (Forkortinger brukt i tabellen: v.f. = vest for, n.f. = nord for)

Nr.	Namn	Verdi	Naturtype
1	Teinhausmyra	Middels	Høgmyr

2	Rognbugen	Middels	Viltområde
3	Ulvnesbukta	Middels	Viltområde, artsrik strandseng.
4	Romundsetvatnet	Middels	Viltområde, vegetasjonsrikt ferskvatn
5	Torsetsundet	Middels	Viltområde
6	Veadalen	Liten	Viltområde, gammalskog
7	Slettfjellet	Stor	Gammalskog
8	Bergsvatnet	Middels	Vegetasjonsrikt ferskvatn
9	Tverrbotnen m. Omegn	Stor	Rikmyr og slåttemyr
10	Tverrbottenlia	Stor	Gammalskog
11	Aure naturreservat	Stor	Gammalskog/urskog og viltområde
12	Torsetvatnet	Middels	Viltområde
13	Knypen	Stor	Rikmyr
14	Knypen – Durmålshaugen	Stor	Gammalskog/urskog
15	Kvistdalen	Middels	Gammal lauvskog, rik edellauvskog
16	Kvistdalen – Ørnberget	Stor	Viltområde
17	Todalen – Vinjefjorden	Stor	Viltområde
18	Skarvberget – Vinjefjorden	Stor	Viltområde, rik edellauvskog, sør vendt berg- og rasmark.
19	Vassdalsvatnet	Middels	Viltområde
20	Nordmarka: Little Bøvervatnet	Middels	Viltområde
21	Nordmarka: Fagermyrane	Stor	Rikmyr m.m.
22	Nordmarka: Høgmyran	Stor	Viltområde, rikmyr, naturreservat
23	Nordmarka: Tjørn v.f. Grytvatna	Middels	Viltområde
24	Bergulhaugen	Stor	Viltområde
25	Skulpen – Skålvatnet	Middels	Viltområde
26	Svartosen – Rennsjøen	Stor	Punktfunn av raudlisteart
27	Rennsjøen	Middels	Viltområde
28	Rennsjøen, sør aust side	Stor	Gammalskog
29	Rennsjøen, vest	Stor	Gammalskog, gammal lauvskog
30	Mammaholet – Styggdalen	Middels	Gammalskog
31	Sengsdalen	Stor	Viltområde, gammalskog, rik bekkekloft
32	Felevfjellet	Middels	Gammal lauvskog
33	Brekka, aust	Middels	Rikmyr
34	Oldervatnet – Steinvatnet	Middels	Viltområde
35	Huslia, vest for	Middels	Stort myrkopleks
36	Tjørn n.f. Blomstadvatnet	Middels	Viltområde
37	Bjørksetrin	Stor	Naturbeitemark, viltområde.
38	Seterelva	Middels	Viltområde, gammalskog
39	Myrane ved Mo, Mosetra	Middels	Rikmyr, slåttemyr
40	Vinjeøra	Stor	Rik edellauvskog, viltområde
41	Stormyra	Stor	Viltområde, myrrreservat
42	Brekka	Stor	Viltområde
43	Fjelnadalen	Middels	Gammalskog
44	Nordmarka: Stuttjønna -- Mongevatnet	Stor	Viltområde
45	Nordmarka: Tågdalen	Stor	Viltområde, slåttemyr, rikmyr, naturreservat.
46	Nordmarka: Tågdalen, vest for	Stor	Rikmyr
47	Nordmarka: Storsvorkvatnet	Middels	Viltområde
48	Fiskjasliin	Middels	Viltområde, rik edellauvskog
49	Surna: Evje ved Fiskja	Middels	Kroksjør, flaumdammar, viltområde
50	Seteråsen	Middels	Viltområde
51	Lægdelva	Liten	Viltområde
52	Lifjellet	Middels	Viltområde
53	Tverrdalsmyrane	Liten	Intakt låglandsmyr
54	Tverrdalen – Røstlia	Middels	Viltområde
55	Merkeshaugen	Middels	Viltområde

Omfangs- og konsekvensvurdering

For ei generell konsekvensvurdering av kraftliner for flora og fauna viser vi til den tidlegare utreiinga vår av ny leidning Tjeldbergodden-Trollheim, med bl.a. særskilt omtale av kollisjonsutsatte fugleartar (Oldervik & Stenberg 2004). For pattedyr, inkludert hjortevilt, og fisk er konfliktane i driftsfasen vanlegvis vurdert som små (med visse unntak, t.d. rein).

Vi har vurdert omfang og konsekvensar av dei ulike alternativa mot 0-alternativet, definert som neverande tilstand med eksisterande inngrep (**Tabell 3**). Fordi traséar for terrengkjøring og evt. nye vegar ikkje er konkretisert, har vi førebels vurdert slike tiltak berre på eit generelt nivå.

Tabell 3. Oppsummering av omfang og konsekvensar av utbyggingsalternativa i utreiingsområdet for 420 kV-kraftleidning Tjeldbergodden-Trollheim tema flora og fauna. Alternativa er sett opp i prioritert rekjkjefølgje.¹⁾

1. Gylthalsalternativet: Generell skildring av situasjon og eigenskapar/kvalitetar		i) Vurdering av verdi
Gylthalsalternativet går gjennom område med til dels store naturverdiar. Det finst fleire hekke- og jaktterritorium for raudlista rovfuglar og hekkeplassar for lom og andefugl i eller nær influensområdet. Hønsefugl har viktige leveområde nær traséen. Eit av fjordspenna kryssar eit viktig beiteområde for sjøfugl. Av botaniske verdiar er det både gammalskog og rikmyr ved eller nær traseen. Også to naturreservat vert kryssa eller får nærføring. I og med at ei eventuell ny line får parallelldeling med alt eksisterande line, så er det relativt lite inngrepsfri natur i influensområdet.	Liten Middels Stor ----- ----- ▲	
Datagrunnlag: I Aure kommune byggjer grunnlaget for det meste på eigne undersøkingar i åra 1996 – 2004. For alle dei tre kommunane som vert påverka av tiltaket er den kommunale naturbasen nytt. I tillegg kjem einskilde andre litteraturkjelder og ikkje minst munnlege kjelder. For nokre område, særskild i Halsa og Surnadal, burde datagrunnlaget vore betre.	Middels godt/godt	
ii) Skildring og vurdering av mulege verknader og konfliktpotensiale		iii) Samla vurdering
Lina fører til auka kollisjonsrisiko for ulike fuglegrupper; for sjøfugl der ho kryssar fjordar (tre fjordspenn), for raudlista rovfugl der ho passerer hekke- og jaktterritorium, og for hekkande lom og andefugl der ho går nær/kryssar fluktruter. Også tiur, orrfugl og rype vert skadelidande. Nokre rikmyrsområde vert truleg noko negativt påverka av tiltaket, samt at gammalskog vert skadelidande. Alternativet vil redusera arealet av inngrepsfri natur med ca 3 km ² .	Omfang (inkludert inngrepsfri natur): Stort neg. Middels neg. Lite/intet Middels pos. Stort pos. ----- ----- ----- ----- ▲	Middels negative konsekvensar (-2) <i>Her har ein vurdert både verknader på inngrepsfri natur og dei minska negative konsekvensane grunna parallelldeling.</i>
2. Alt. 5.0 + 3.1: Generell skildring av situasjon og eigenskapar/kvalitetar		i) Vurdering av verdi
Alt. 5.0 + 3.1 går gjennom område med viktige naturverdiar. Lina kryssar verdfulle skogsområde med våtmarksbiotopar i nordre/midtre del, der ein finn store verdiar særleg for flora. På parsellen mellom Middagsfjellet og Mogardane har dei fleste påvist lokalitetane langs traseen middels verdi. Litt sør for Vinjeøra vert lina parallelldelt med eksisterande 132 kV-line opp Kårøydalen, Fjelnadalen og over Nordmarka til Surnadalen. Her hekkar raudlista rovfugl, og særleg over Nordmarka er det store naturverdiar med verdfulle område både for fauna og flora. Det er først og fremst nord i Hemne at dette trasealternativet vil gå gjennom/nær inngrepsfrie naturområdet.	Liten Middels Stor ----- ----- ▲	
Datagrunnlag: Både i Aure, Hemne og Surnadal kommune byggjer ein god del av grunnlaget på eigne undersøkingar haustane 2003 og 2004. Lengst nord har vi hatt stor nytt av Gaarder 1992, og for alle dei tre kommunane som er påverka er den kommunale naturbasen nytt. I tillegg kjem einskilde andre litteraturkjelder og ikkje minst munnlege kjelder. NOF avd. Hemne har skaffa tilveges opplysningar om fuglelivet. For delar av Hemne og Surnadal er datagrunnlaget svakt (feltregistreringar våren 2005 vil bety betra datagrunnlag).	Middels godt	
ii) Skildring og vurdering av mulege verknader og konfliktpotensiale		iii) Samla vurdering
I nord vil fleire viltområde verta skadelidande p.g.a. kryssing av fluktruter, i første rekke for lom, i noko grad også for andre fuglearter. Lina kryssar og hekke- og beiteområde for lom ved Lifjellet, og medfører konflikt med eit påvist hekkeområde for raudlista rovfugl (og muleg konflikt med eit potensielt hekkeområde). Også tiur, orrfugl og lirype vert skadelidande. Nokre svært verdfulle rikmyrsområde på Nordmarka i Surnadalen kan verta øydelagt av tiltaket om ikkje utbyggjar tek tilstrekkeleg omsyn. I Hemne vil 14 km ² inngrepsfri natur i sone 2 gå tapt.	Omfang (inkludert inngrepsfri natur): Stort neg. Middels neg. Lite/intet Middels pos. Stort pos. ----- ----- ----- ----- ▲	Middels negative konsekvensar (-2) <i>Også reduksjon av inngrepsfri natur er teke med i vurderinga.</i>
3. Alt. 4.0 + 3.1: Generell skildring av situasjon og eigenskapar/kvalitetar		i) Vurdering av verdi

<p>Alt. 4.0 + 3.1 går gjennom område med til dels store naturverdier, både for flora og fauna. Lina krysser verdfulle skogsområde med våtmarksbiotopar i nord, medan ho i skogs- og fjelltraktene i midtre delar (Hemne) passerer våtmarksområde med mange vann. Litt sør for Vinjeøra vert lina parallellført med eksisterande 132 kV-line opp Kåroydalen, Fjelnadalen og over Nordmarka til Surnadalen. Her hekkar raudlista rovfugl, og særleg over Nordmarka er det store naturverdier med verdifulle områder både for fauna og flora. Når det gjeld inngrepsfrie områder, så er det først og fremst i Hemne kommune ein finn store områder av slik natur innan influensområdet.</p>	<p>Liten Middels Stor ----- ----- ▲</p>															
<p>Datagrunnlag: Både i Aure, Hemne og Surnadal kommune byggjer ein god del av grunnlaget på eigne undersøkingar haustane 2003 og 2004. Lengst nord har vi hatt stor nytte av Gaarder 1992, og for alle dei tre kommunane som er påverka er den kommunale naturbasen nyttig. I tillegg kjem einskilde andre litteraturkjelder og ikkje minst munnlege kjelder. NOF avd. Hemne har skaffa tilveges opplysningar om fuglelivet. For nokre områder, både i Hemne og Surnadal burde datagrunnlaget vore betre.</p>	<p>Middels godt</p>															
<p>ii) Skildring og vurdering av mulege verknader og konfliktpotensiale</p> <p>Heilt i nord vil tiltaket medføra at fleire viltområder vert skadelidande p.g.a. kryssing av fluktruter, særleg for lom, i noko grad også for andre fugleartar. Lom o.a. våtmarksfugl vil dessutan bli kollisjonsutsatt i skog- og fjellstroka mellom Brekka og Vinjeøra. Floraen vil i mindre grad verta skadelidande av tiltaket her, med unntak av eit større myrkompleks vest for Huslia. Lina vil fleire stader bety kollisjonsfare ved passering av hekkeplassar for raudlista rovfugl. Også tiur, orrfugl og rype vert skadelidande. Nokre svært verdifulle rikmyrsområder på Nordmarka i Surnadalen kan verta øydelagt av tiltaket om ikkje utbyggjar tek tilstrekkeleg omsyn. Av inngrepsfri natur vil det i Hemne gå tapt 6 km² i sone 1 og 29 km² i sone 2.</p> <p>Omfang (inkludert inngrepsfri natur):</p> <table border="1" style="margin-left: auto; margin-right: auto;"> <tr> <td>Stort neg.</td> <td>Middels neg.</td> <td>Lite/intet</td> <td>Middels pos.</td> <td>Stort pos.</td> </tr> <tr> <td>-----</td> <td>-----</td> <td>-----</td> <td>-----</td> <td>-----</td> </tr> <tr> <td colspan="5" style="text-align: center;">▲</td> </tr> </table>	Stort neg.	Middels neg.	Lite/intet	Middels pos.	Stort pos.	-----	-----	-----	-----	-----	▲					<p>iii) Samla vurdering</p> <p>Middels/store negative konsekvensar (-2/-3)</p> <p>I denne vurderinga er også dei negative konsekvensane for inngrepsfri natur teke med.</p>
Stort neg.	Middels neg.	Lite/intet	Middels pos.	Stort pos.												
-----	-----	-----	-----	-----												
▲																
<p>4. Alt. 4.0 + 2.0: Generell skildring av situasjon og eigenskapar/kvalitetar</p> <p>Alt. 4.0 + 2.0 vil gå gjennom verdfulle skogsområde med våtmarksbiotopar i nord. I skogs- og fjelltraktene i midtre delar (Hemne) vil ho passere eit verdfullt våtmarkssystem med mange vann og hekkeplassar for raudlista fugl. Både på nord- og sørsida av Vinjefjorden går ho gjennom store områder med inngrepsfri natur. Etter luftspennet over fjorden går ho nær fleire lokalitetar for sårbar rovfuglar/ugler. På Nordmarka i Surnadal vil lina kryssa Vaulen friluftsområde før ho går saman med Gylthalslinna rett aust for Høgmyran naturreservat. I dette området kryssar ho fleire viktige viltområder</p> <p>Datagrunnlag: Både i Aure, Hemne og Surnadal kommune byggjer ein god del av grunnlaget på eigne undersøkingar haustane 2003 og 2004. Lengst nord har vi hatt stor nytte av Gaarder 1992, og for alle dei tre påverka kommunane er den kommunale naturbasen nyttig. I tillegg kjem einskilde andre litteraturkjelder og ikkje minst munnlege kjelder. NOF avd. Hemne har skaffa tilveges opplysningar om fuglelivet. For nokre områder, både i Hemne og Surnadal burde datagrunnlaget vore betre.</p>	<p>i) Vurdering av verdi</p> <p>Liten Middels Stor ----- ----- ▲</p>															
<p>ii) Skildring og vurdering av mulege verknader og konfliktpotensiale</p> <p>Heilt i nord vil tiltaket medføra at fleire viltområder vert skadelidande p.g.a. kryssing av fluktruter, særleg for lom, i noko grad også for andre fugleartar. Lom og til dels rovfugl vil bli kollisjonsutsatt langs vassdraget mellom Brekka og Knyphansen (Aure-Hemne). Særleg er kryssinga av dalsøkket mellom Kjellarfjellet og Knypo uheldig. Floraen vil i mindre grad verta skadelidande av tiltaket her. Også vidare sørover fjellområda mot Vinjefjorden vert leve- og hekkeområde, særleg for våtmarksfugl, ramma. Av hønsefugl vert særleg orrfugl og rype skadelidande. Luftspennet over Vinjefjorden vil medføre kollisjonsfare for ein (to) raudlista rovfugl som hekkar i området. Ho vil også bli eit kollisjonsfelle der ho går nær/kryssar to hekke- og leveområder for raudlista og regionalt sjeldne rovfuglar/ugler sør for Vinjefjorden. Over Nordmarka er det i første rekke fluktruter for lom som vert ramma. I Hemne vil store områder av inngrepsfri natur gå tapt både i sone 1 (17 km²) og sone 2 (22 km²).</p> <p>Omfang (inkludert inngrepsfri natur):</p> <table border="1" style="margin-left: auto; margin-right: auto;"> <tr> <td>Stort neg.</td> <td>Middels neg.</td> <td>Lite/intet</td> <td>Middels pos.</td> <td>Stort pos.</td> </tr> <tr> <td>-----</td> <td>-----</td> <td>-----</td> <td>-----</td> <td>-----</td> </tr> <tr> <td colspan="5" style="text-align: center;">▲</td> </tr> </table>	Stort neg.	Middels neg.	Lite/intet	Middels pos.	Stort pos.	-----	-----	-----	-----	-----	▲					<p>iii) Samla vurdering</p> <p>Store/svært store neg. (-3/-4)</p> <p>I denne vurderinga er også konsekvensane for inngrepsfri natur teke med</p>
Stort neg.	Middels neg.	Lite/intet	Middels pos.	Stort pos.												
-----	-----	-----	-----	-----												
▲																

¹⁾ Ei eventuell sanering av den eksisterande 132 kV – Gylthalslinna fra Gylthalsen til Trollheim ville ha endra denne rekkefølgja vesentleg. Dette ville gjeve positive konsekvensar for dei austlege alternativa, og alternativ

5.0 + 3.1 ville kome ut som det mest fordelaktige, medan Gylthalsalternativet ville kome ut som eit av dei mest negative.

Oppsummering

Nye alternativ for 420-kV kraftline vil medføra middels til store/svært store negative konsekvensar for tema flora og fauna inkl. inngrepsfrie naturområde. Av faunaen er det primært fuglelivet som vert ramma, mest pga. kollisjonsfare for ulike raudlisteartar (lom, hubro o.a. rovfugl) og hønsefugl. Ut frå ei generell vurdering er det ikkje venta nemnande negative verknadar for hjortevilt i druftsfasen, trass i passering av viktige trekk- og overvintringsområde. For floraen er konfliktane knytt til trasérydding i gammalskog og fare for terrengskadar ved mastepllassering og anleggstrafikk. I utreiinga har vi ikkje spesielt vurdert konfliktar pga. terrengkøyring og vegbygging, sidan transportplanen ikkje konkretiserer slike tiltak.

For fugl er den mest sårbare parsellen ved kryssinga over Nordmarka i Surnadal (pga. hekkande våtmarksfugl) og Todalen i Aure (pga. klippehekkande rovfugl/ugle). Ny line gjennom viktige leveområde for kollisjonsutsette hønsefuglar vil truga bestandane over relativt store område. For sjøfugl er særleg linespennet over det viktige beiteområdet i Torsetsundet uheldig. Også for floraen er kryssinga av Nordmarka konfliktfull, pga. nasjonale verdiar knytt til myr og gammal kulturmark. I Aure vil trasérydding stadvis kunne ramma gammal furuskog med sjeldne soppartar .

Ein viktig årsak til at vi totalt sett vurderer vestre alternativ (Gylthalsen) som minst negativ, er at traséen i stor grad går parallelt med eksisterande line. Det mest negative ved dette trasévalet er passering av ein (to) hubrolokalitetar. Uheldig er det også at trasevalet langt på veg vil ta bort den positive effekten av ei eventuell framtidig sanering av eksisterande 132-kV-line. Av dei tre austre alternativa vurderer vi skadeverknaden minst ved alternativ 5.0+3.1. Denne traséen er relativt skånsam mot inngrepsfri natur, men er likevel konfliktfylt for både flora og fauna (feltarbeid våren 2005 vil venteleg styrka grunnlaget for denne konfliktvurderinga). At kombinasjonen 4.0+2.0 står fram som mest negativ, skuldast primært trugsmål mot fuglelivet og reduksjon i inngrepsfri natur, som er omfattande. Dei andre nye traséane vil medføra noko mindre belastning på naturmiljøet enn tidlegare vurderte løysingar (jfr Oldervik & Stenberg 2004).

Det synest generelt enklare å avbøta skadar på floraen enn på fuglelivet, ved t.d. å unngå terrengtransport i sårbare område, særleg på barmark, og spa mest muleg skogvegetasjon under trasérydding. Somme stader kan omlegging av lina vera eit aktuelt tiltak. Forbi regulære trekkruter for fugl er det dokumentert at linemerking og/eller fjerning av topplina vil avgrensa kollisjonsfaren. Vi har difor tilrådd slike tiltak der lina passerer hekkeområde for våtmarksfugl, rovfugl og hønsefugl.

1 Innleiing

Denne konsekvensutreiinga skal dekkja det behovet Statnett SF har for å klårleggja konsekvensar for tema flora og fauna som følgje av planar for ny 420 kV-kraftline frå planlagt gasskraftverk på Tjeldbergodden i Aure til Trollheim kraftstasjon i Surnadal (jfr Statnett 2004). Utreiinga er eit supplement til Oldervik & Stenbergs (2004) tidlegare utreiing av to alternative linetraséar. Nokre kapittel, slik som til dømes ”Metodekapitlet”, er fyldigare skildra i fjarårets rapport. Denne rapporten, NOF rapport nr. 6/2004 er bl.a å finne på Statnett si heimeside www.statnett.no under ”Prosjekter”. Planane for nye traséar er m.a. skildra av Statnett i E-post til oss datert 27.09.2004 og 11.11.2004. Dei ulike alternativa går m.a. fram av plankart datert 15.02.2005. Utreiinga skal, saman med det tematiske grunnlaget elles, tena til best mogleg traséval.

Arbeidet med konsekvensutreiinga følgjer dei formelle KU-krava i Plan og bygningslova, nærmere konkretisert i miljøverndepartementet sin vugleiar T-1281 (Miljøverndepartementet 1999). I metoden er det lagt vekt på å følgje arbeidsomtalen frå Vegleiingshandbok 140 (Statens vegvesen 1995, Del I-IV). Vi har også i stor grad nytta vugleiar for dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (Brodkorb, E. & Selboe, O-K. 2004)

Av viktige politiske føringar for arbeidet vårt kan nemnast St.meld. nr. 24 med den siste oversikta over landet sin miljøtilstand (Miljøverndepartementet 2001), der det m.a. står:

”Naturen skal forvaltes slik at arter som finnes naturlig sikres i levedyktige bestander, og slik at variasjonen av naturtyper og landskap opprettholdes og gjør det mulig å sikre det biologiske mangfoldets fortsatte utviklingsmuligheter.”

2 Utbyggingplanane

2.1 Grunngjeving og utforming

Statnett grunngjev behovet for den nye kraftlinia med planlagt 860 MW gasskraftverk på Tjeldbergodden i Aure. Dette medfører at ei ny 420 kV-leidning herfrå til ein koplingsstasjon ved Trollheim Kraftstasjon i Surnadalen vert naudsynt. Planane er skissert i brev av 27.09.2004 frå Statnett (v/Grete Klavenes) inkl. vedlagt kart, samt e-post av 11.11.2004. I tillegg er dei ymse alternativa drøfta med, og detaljklarlagt av Kjell Magne Lervik.

Dei viktigaste alternativa er vist på plankart i målestokk 1 : 50 000 datert 15.02.2005 som vedlegg til tilleggssøknaden frå Statnett.

Portalmast med innvendig bardunering skal nyttast. I følgje transportplanen for bygging av den nye lina er det behov for fleire mindre riggplassar. Transport fram til riggplass/linetrasé vil gå føre seg ved hjelp av terrengkøyretøy eller helikopter der det manglar anleggsvegar. Det kan og vera aktuelt å bygga nye vegar for transport (jfr. førebels Notat frå Statnett 2003). Sidan det ikkje er konkretisert nye veganlegg, så har vi i utreiinga lagt til grunn at det ikkje vert bygd nye vegar. Skulle slike tiltak likevel verta aktuelle, er det ikkje utenkjeleg at det kan føra til endra rangering av alternative traséar, sidan terrengskadar somme stadar kan gjera vesentleg skade på flora/fauna. Vi går ut frå at eventuell vegbygging må reknast som ein del av hovudprosjektet og ikkje som lausrivne einskildprosjekt.

2.2 *Dei nye alternativa*

I alt omhandlar denne utreiinga 4 nye alternativ eller kombinasjonar av gamle og nye alternativ. Eit vestleg alternativ, *Gylthalsalternativet*, følgjer i grove trekk eksisterande 132 kV-line frå Tjeldbergodden, gjennom Aure, Halsa og Surnadal kommunar frå Tjeldbergodden i nord til Trollheim kraftstasjon i sør. Unntaket er strekninga frå Torsetsundet sør til Bjøringdalen der lina er planlagt som separat trase.

To austlege alternativ, *alt. 4.0* og *alt. 5.0* følgjer *alt. 2.0* i ca 1,5 km frå Tjeldbergodden før dei skil lag med denne og vinklar austover. Vidare fram til Middagsfjellet ved Brekka i grenseland mellom Hemne og Aure har dei sams trase. Traseen går langs vestsida av Rennsjøen og vidare over fjella fram til Brekka. Ved Middagsfjellet skil dei to alternativa (*4.0* og *5.0*) lag. Det vestlegaste av dei, *alt. 4.0*, går for det meste gjennom fjellnære område i Hemne for så å koma inn på tidlegare utreidd *alt. 3.1* ved Eidsfjellet nord for Vinjeøra. *Alt. 5.0* går over Lifjellet og Dalemsfjellet, passerer Mogrenda mellom hovudbruka og dei to småbruka Myra og Momyra før det går saman med tidlegare utreidd *alt. 3.1*, nord for Eidsfjellet. Dette siste alternativet (*5.0*) er det som går lengst mot aust og nærmast busette områder i Hemne kommune. Ein har som eit fjerde alternativ utreidd ei samankoppling mellom *alt. 4.0* og tidlegare utreidd *alt. 2.0* ved Knypo sør for Sandvatnet og Kjellarfjellet i Aure/Hemne.

3 Metode

I og med at det er gjort grundig greie for metode i samband med KU-rapporten frå 2004 (Oldervik og Stenberg 2004), så skal ein her berre ta for seg nokre hovudmoment.

3.1 Konsekvensutreiinga

Føremålet med ei konsekvensutreiing er å klårgjera verknadane av tiltak som kan ha vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. I plan og bygningslova er det gjort greie for i kva tilfelle Staten stiller krav om slik utreiing. Krav om metodar går fram av vegleiar og føreskrifter. Sams for dei ulike fagutreiingane er inndeling i fire fasar:

- Registreringsdel
- Verdsetjing
- Omfangsutreiing
- Konsekvensgradering

Desse fasane er utreia i eit seinare kapittel (sjå og vedlegg nr. 1 i kap. 10).

3.2 Undersøkings- og influensområde

Ei grunnleggjande ramme for ei konsekvensutreiing er fagleg og geografisk avgrensing. Den faglege avgrensinga går fram av utreiingsprogrammet (sjå Oldervik og Stenberg 2004). Geografisk tek vi utgangspunkt i dei alternative traseane og definerer eit influensområde i ei sone omkring. Dei direkte verknadane av tiltaket omfattar normalt traseen på ca 40 m breidde med eventuelle riggplassar og anleggsvegar. Influensområdet kan vera vesentleg større. I dette må ein også rekna med ei sone der tiltaket kan få indirekte verknadar, noko som vil variere med ulike naturtypar. For flora er influensområdet normalt avgrensa til ca 100 m til kvar side. For somme pattedyr- og

fuglearter med stor aksjonsradius må kraftlinene vurderast i ein større samanheng (500 – 1000 m). Når datagrunnlaget er til stades har vi i nokre tilfelle lagt inn floral lokalitetar som ligg godt utafor det som normalt reknast til influensområdet. Utbyggjar får slik eit tilleggsreiskap for å vurdera eventuelle konsekvensar av å flytta lina. Normalt vil feltarbeidet for floradelen vera konsentrert om å avdekka naturverdiar innafor influensområdet. Døme på indirekte verknader for flora og fauna er lokalklimatiske endringar, landskapsøkologiske effektar eller hydrologiske endringar pga. ryddebelte, mastepllassering m.m. For fugl er kollisjonsfarene med kraftliner ein viktig negativ effekt. Til saman utgjer utbyggingsområdet og influensområdet eit **utreiingsområde**, som er det totale geografiske området som utreiinga tek føre seg.

3.3 Omtalen av naturmiljøet

Omtale av lokalitetar med spesielt verdifulle viltartar og/eller naturtypar (kap. 5) følgjer oppsettet frå Direktoratet for naturforvaltning (1999b), jfr. og DN-notat av 03.07.02 ("Oversikt over truete vegetasjonstyper i naturtypene i DN-håndbok nr. 13-1999"). Vi har lagt særleg vekt på raudlisteartar, som står sentralt for verdi- og omfangsvurderinga (Direktoratet for naturforvaltning 1999a). Under omtalen av naturtypar har vi og skildra ulike vegetasjonstypar (etter Fremstad 1997). For ei generell naturfagleg skildring av utreiingsområdet viser vi til Oldervik & Stenberg (2004).

Namnsetting og nomenklatur følgjer vanlege norske referansar, som Gjershaug m.fl. (1994) for fugl, Lid & Lid (1994) for karplantar, Krog m.fl. (1994) for busk- og bladlav og Frisvoll m.fl. (1995) for mosar. Det meste av vedboande sopp er namnsett av Finn Oldervik, og kritiske artar er kontrollert og i ein skilde tilfelle namnsett av Even Høgholen, Løten (svært mange av dei vedboande soppane manglar norsk namn). Følgjande namnsettingsverk er nytt: L. Ryvarden & R. L. Gilbertson: 1993 – 1994; European polypores (1 – 2) og J. Erichson, K. Hjortstam & L. Ryvarden: 1973 – 1988: The Corticiaceae of North Europe, Volume 1 – 8.

3.4 Datagrunnlaget

Datagrunnlaget viser kor grundig utreiinga er, og kor lett tilgang ein har på relevante data for å konkludera om status/verdi og konsekvensgrad.

Utbyggingsplanane og dokument i samband med desse er motteke frå oppdragsgjevar. Vurdering av noverande status for det biologiske mangfaldet i området er gjort på bakgrunn av motteken informasjon frå ymse kjelder, både skriftlege og munnlege. Ein har gjennomgått litteratur og tilgjengelege databasar, samt vore på fleire synfaringar hausten og førejulswinteren 2004.

Synfaringane har vore utført under skiftande vær- og arbeids-tilhøve. Eit ganske kraftig snøfall først i november vanskeleggjorde feltarbeidet, men seinare mildver muleggjorde likevel at ein kunne få eit brukbart oversyn over naturverdiane i delar av dei aktuelle traseane.

3.4.1 Registreringane

Mangfaldet av artar og naturtypar slik situasjonen er i dag dannar grunnlag for vurdering av verdiar og omfang av tiltaket. I Aure kommune byggjer grunnlaget for det meste på eigne undersøkingar i åra 1996 – 2004, men ein har og hatt nytte av registreringar gjort i samband med andre utbyggingar, slik som Gaarder 1992.

Fordi store delar av traseane var mangelfullt undersøkt, viste det seg naudsint med eige feltarbeid (jfr. lokalitetsomtalen i vedlegg nr. 2 i kap. 10; FGO = Finn Oldervik, ISt = Ingvar

Stenberg). Vi har hatt 10 feltdagar frå først i oktober til om lag midten av desember 2004, men har seinare for det meste vore hindra av snø- og vertilhøve. Hausten 2004 er det berre i Aure og Hemne vi har fått gjort feltarbeid. Det er da også mest i desse kommunane at dei nye traseane vil influera på naturmiljøet. Registreringane har vore mest retta mot å få kartlagt flora og verdfull natur med tanke på gammalskog, kontinuitetsskog og potensiale for førekommst av raudlisteartar innan gruppene sopp, mose og lav. Det har og vore nyttig å skaffa seg eit inntrykk av skogstruktur og liknande for betre å kunne vurdera naturverdiar knytte til gammal skog og daud ved. Lengre tids erfaring med liknande vurderingar har vore til god hjelp i dette arbeidet. Nokre myrområde er også undersøkt, men då registreringane vart gjort svært seint på hausten var det vanskeleg å få fram god kunnskap om karplanteflorane desse stadane (m.a. myrkomplekset ved Huslia). For fauna har eige feltarbeid så langt vore nyttig for å betra kunnskapen om leveområde og habitat registrert av andre. Det er å vona at det planlagde feltarbeidet til våren vil føre til auka kunnskap både om registrert og uregistrert fugle- og dyreliv.

For nokre område, både i Aure, Halsa, Hemne og Surnadal burde datagrunnlaget vore betre. For å skaffa dekkjande kunnskap, først og fremst om karplanter og hekkefugl, må supplerande data hentast inn i vår/sommarsesongen 2005 (dette er inkludert i prosjektplanen. Sjå også kap. 8). Ei synfaring frå helikopter var likevel nyttig for ei grov habitatvurdering.

3.4.2 Kjelder for informasjon

Vi har hatt god nytte av både skriftlege og munnlege kjelder (jfr. **Tabell 4** og kap. 9), og vil særleg nemna Hemne lokallag av Norsk Ornitologisk foreining, som har gjeve viktig informasjon om fuglelivet. Datagrunnlaget byggjer og på anna naturfagleg kartleggingsarbeid, som t.d. den kommunale naturtypekartlegginga m.m.

Tabell 4. Viktige skriftlege naturfaglege litteraturkjelder for utreittingsområdet til kraftlinia mellom Tjeldbergodden og Trollheim. for fullstendig referanse, sjå kapittel 7


Tittel	Kommentar
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga 2003	Naturbasen for Møre og Romsdal. Nokre lokalitetar langs traséen.
Gaarder 1992	Dekker det meste av området mellom Tjeldbergodden og Middagsfjellet og omtalar alle aktuelle organismegrupper.
Vitenskapsmuseet, NTNU 2003	Utskrift frå karplante-databasen
Jordal & Gaarder 2003	Oversyn over alle kjende funn av raudlista karplantar, lav, mosar, kransalgar, sopp og sommarfuglar i Møre og Romsdal.
Moen 1984	Myrundersøkingar i Møre og Romsdal. Nokre lokalitetar i området
Norsk Ornitologisk forening, Avd Møre og Romsdal 1991	Ornitologiske registreringar i fjellstroka mellom Hemne og Aure (Feltnotat)

Origo Miljø as 2002	Naturtypar i Hemne
Oldervik 1996-2004	Feltnotar om artar, raudlisteartar og naturtypar innan fleire organismegrupper i Aure kommune.
Oldervik, F. & Stenberg, I. 2004	420 kV-kraftleidning Tjeldbergodden-Trollheim
Wingan 1996	Viltet i Hemne kommune

3.5 Vurdering av verdiar og konsekvensar


3.5.1 Verdi

Verdsetting av tema biologisk mangfald er gjort ut frå ulike kjelder og basert på metode utarbeidd av Statens vegvesen. Følgjande tema er vurdert; Naturtypar, vilt, ferskvatn, raudlista artar, truga vegetasjonstypar, lovstatus og inngrepsfrie og samanhengande naturområde. Om kjelder og verdi sjå vedlegg nr. 1. Verdien vert fastsett langs ein skala som spenner frå liten verdi til stor verdi (sjå døme).



3.5.2 Omfang

I steg 2 skal ein skildra og vurdera type og omfang av mulege verknadar om tiltaket vert gjennomført. Omfanget vert vurdert på ein skala frå stort negativt omfang til stort positivt omfang (sjå døme).



3.5.3 Konsekvens

I det tredje og siste steget i vurderingane skal ein kombinera verdien (temaet) og omfanget av tiltaket for å få den samla vurderinga. Konsekvensgraden vert uttrykt både ved hjelp av ordskildring (liten/ingen, liten, middels, stor, el. svært stor negativ/positiv konsekvens) i tillegg til talverdiane 0 til +/- 4, der 0 viser at tiltaket ikkje har nokon målbar konsekvens for temaet medan t.d. -4 tyder at tiltaket har svært store negative konsekvensar. +-verdiar får ein helst om eksisterande liner vert sanert.

3.5.4 Oppsummering

Verdivurderinga vert avslutta med eit oppsummeringsskjema for temaet. Dette skjemaet oppsummerer verdivurderingane, vurderinga av omfang og konsekvensar. Også ei kort vurdering av kor godt datagrunnlag ein har er teke med her.

Fleire detaljar om verdi- og konsekvensvurderingar kan ein finna i vedlegg nr. 1.

4 Registreringar og verdiar

Når det gjeld tema som **naturgrunnlag** (*geologi, topografi og klima*) og **menneskeleg påverknad**, så viser vi til Oldervik og Stenberg 2004 (s. 22 – 24).

4.1 Artsmangfald

4.1.1 Karplanter og kryptogamar

Karplanter. I utreiingsområdet er karplantefloraen samla sett variert, med fleire regionalt sjeldsynte artar, men triviell over store delar. Dei sjeldnaste artane er knytt til gammalt kulturlandskap på kalkgrunn i den sørlege delen. Varmekjære artar finst først og fremst i den sørvende lia nord for Vinjefjorden. Nokre regionalt sjeldsynte plantar er knytt til ferskvatn og ferskvassvegetasjon.

Lavflora. Denne organismegruppen er utilstrekkeleg registrert i utreiingsområdet, men eit visst oversyn har vi likevel. I vest (Gylthalsalternativet) er det mykje skjegglav på skuggefulle stadar slik som i Veadalen, men også på stadar med mykje gammal skog, slik som Aurdalen og Bjøringdalen. Lungeneversamfunnet derimot er best utvikla slik som i Todalen i Aure, i mindre grad i Bøverdalen og Surnadalen. I aust er lavsamfunnet, særleg lungeneversamfunnet, best utvikla på vestsida av Reinsjøen og til dels i Sengsdalen. Lenger sør langs desse traseane kjenner ein ikkje til særlege kvalitetar for denne organismegruppen, men det er neppe nokon tvil om at den bratte lia på Nordsida av Vinjefjorden har potensiale for sjeldne og raudlista lavarter.

Funga. Mangfaldet av **sopp** i utreiingsområdet er stort, men det er neppe potensiale for dei mest sjeldsynte markboande artane. Grunnen er at ein manglar skoglier med mineralrik og /eller kalkrik grunn. Einaste unntaket er truleg lia på nordsida av Vinjefjorden, men her har vi ikkje undersøkt soppfloraen. Då ingen av dei nye alternativa går over eller nær gammal slätte/beitemark, så har vi ikkje registrert sopp knytt til slike habitat. Av vedboande råtesoppartar er det funne fleire, til dels svært sjeldsynte artar, særleg i dei gamle furuskogane einskilde stader i nord, men også i edellauvskogane i Vinjelia og Fiskjasliin er potensialet stort for interessante funn frå denne artsgruppa.

Moseflora. Potensialet for sjeldne og raudlista moseartar er truleg ganske stort einskilde stader innan utreiingsområdet. Særleg gjeld det artar knytte til daud og rotene ved. Både i Aurdalen, Bjøringdalen, ved Reinsjøen, ved Bøvra og fleire andre stadar vil ein ved grundigare inventeringar truleg kunne påvisa slike artar. Også den kalkrike berggrunnen i Nordmarka kan ha stort potensiale for raudlista og sjeldne mosar.

4.1.2 Virvellause dyr.

Denne artsgruppa er mangelfullt kartlagt i heile utreiingsområdet. Det er truleg noko potensiale for kravfulle og raudlista artar einskilde stader, særleg på lokalitetar med gammal lauv- og barskog og våtmark/myr (t.d. våtmarksområdet ned for Fiskjasliin).

4.1.3 Virveldyr.

Kunnskapsgrunnlaget om dei ulike gruppene varierer. Best er kunnskapen om pattedyr, fugl og fisk.

Amfibiar. Liten salamander er vidt utbreidd på Nordmarka, og vart funne på 13 av 31 undersøkte lokalitetar sommaren 2003 (Leif Åge Strand upublisert). Frosk reknast for vanleg over store delar av utreiingsområdet.

Krypdyr. Hoggorm og firfisle er jamt utbreidd i regionen.

Fisk: Både i einskilde vassdrag i Hemne og i vassdraga på Nordmarka finst aure og røye, på Nordmarka finst ørekyst i tillegg (N.A. Hvidsten, pers. med.). Elvane Surna og Bøvra er lakseførande.

Pattedyr. Av **hjortevilt** er det hjort og elg som har størst utbreiing innafor utreiingsområdet. Hjorten sine trekkuter mellom vinter- og sommarbeita har eit knutepunkt aust for Vinjeøra i Hemne. Eit viktig overvintringsområde for hjort er ytst på kysten, like innafor Tjeldbergodden. Rådyret er i stor grad stasjonært og hovudsakleg knytt til kulturlandskapet i låglandet, og har sine viktigaste biotopar i kystnære område med snøfattige vintrar. Einaste kjende raudlista pattedyrart i området er oter. Han finst både ved Dromnessundet; Torsetsundet, Todalen og på Nordmarka. Området kring Tjeldbergodden har tidlegare vore eit viktig oterhabitat (Langvatn & Heggberget 1997).

Fuglefaunaen omfattar artar knytt til våtmark, skog og snaufjell, med raudlista artar frå kvar av desse habitata. To område peikar seg ut pga. stort mangfold i fuglelivet: Fjell- og skogområda i grensestroka Hemne/Aure og Nordmarka i Surnadal. Dette er dei viktigaste biotopane for våtmarksfugl. I fjellstroka er det jaktområde for sky rovfuglar, som fleire stader har reirplassar i dei bratte fjordliene. Det er gode bestandar med hønsefugl over store delar av området, både rype, orrfugl og storfugl.

4.2 Raudlisteartar og ansvarsartar

Vi kjenner til i alt 33 nasjonale raudlisteartar frå utreiingsområdet (jfr. **Tabell 5**).

Tabell 5. Nasjonale raudlisteartar kjent frå utreiingsområdet for 420 kV-kraftleidning Tjeldbergodden-Trollheim. (Mange lav- og soppartar manglar norske namn.) Sjå ”Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998”. DN-rapport 1999-3.

Norsk namn	Latinsk namn	Status	Funn i området
Karplantar			
Kvitkurle (låglandsforma)	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	DC	Lok. 45, 46,
Sopp			
Brun hvitjuke	<i>Antrodia albobrunnea</i>	DC	Lok. 28
	<i>Athelopsis lacerata</i>	V	Lok. 28
	<i>Botryobasidium danicum</i>	K	Lok. 32
Ospekjuke	<i>Ceriporiopsis aneirina</i>	DC	Lok. 28
	<i>Entoloma fuscomarginatum</i>	R	Lok. 26
	<i>Gloeocystidiellum subasperisporum</i>	V	Lok. 10,
	<i>Hydrabasidium subviolaceum</i>	R	Lok. 28
Skifervokssopp	<i>Hygrocybe lacmus</i>	DC	Lok. 37
	<i>Hyphoderma capitatum</i>	K	Lok. 11, 31
	<i>Hyphodontia halonata</i>	K	Lok. 11,
Narrepiggssopp	<i>Kavinia himantia</i>	DC	Lok. 48
Stor hengelegg	<i>Mucronella bresadolae</i>	K	Lok. 28
Taigapiggskinn	<i>Odonticium romellii</i>	DC	Lok. 11,
	<i>Oligoporus hibernicus</i>	DC	Lok. 11
	<i>Phlebia cretacea</i>	DC	Lok. 7, 11, 14
	<i>Phlebia firma</i>	R	Lok. 11,
	<i>Phlebia georgica</i>	R	Lok. 11,
	<i>Phlebia serialis</i>	R	Lok. 10,
	<i>Phlebiella subflavidogrisea</i>	DC	Lok. 28
Glaskjuke	<i>Physisporinus vitreus</i>	R	Lok. 29

	<i>Physodontia lundellii</i>	V	Lok. 7, 11,
Tømmernettsopp	<i>Serpula himantoides</i>	DC	Lok. 11
	<i>Trechispora lunata</i>	DC	Lok. 28
	<i>Tubulicrinis hirtellus</i>	R	Lok. 14
Lav			
Kastanjelav	<i>Fuscopannaria sampaiana</i>	DC	Lok. 29
Amfibiar			
Liten salamander	<i>Triturus vulgaris</i>	V	Lok. 22, 45
Fugl			
Hønsehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	V	Lok. 24, 25, 42, 54
Kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	R	Lok. 16, 40
Hubro	<i>Bubo bubo</i>	V	Lok. 16, 17, 24
Songsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	R	Lok. 25,
Kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	V	Lok 11, 18, 22, 31, 40, 48
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	DC	Lok. 31, 40, 50
Vandrefalk	<i>Falco peregrinus</i>	V	Lok. 16,
Jaktfalk	<i>Falco rusticolus</i>	V	Trase 2.0
Dobbeltbekkasin	<i>Gallinago media</i>	DC	Lok. 44
Smålom	<i>Gavia stellata</i>	DC	Lok. 19, 20, 23, 25, 36, 44, 45, 52
Storlom	<i>Gavia arctica</i>	DC	Lok. 4, 12, 25, 27, 34, 52
Trane	<i>Grus grus</i>	DM	Lok. 22, 39, 41
Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	DC	Lok. 17
Svartand	<i>Melanitta nigra</i>	DM	Trase 2.0
Gråspett	<i>Picus canus</i>	DC	Lok. 31, 40
Pattedyr			
Oter	<i>Lutra lutra</i>	DM	Lok. 2, 5,

E - direkte truga; V - sårbar; R - sjeldan; DM/K - bør overvakast /kunnskapsmangel;

DC - omsynskrevjande.

Spesielt for **fugl** finst oversikt over norske ansvarsartar, med minst 25% av den europeiske bestand i vårt land. I utreiingsområdet er fire av desse artane registrert: Havørn, jaktfalk, fjellrype og raudstilk. For **lav** er det kjent fleire artar i utreiingsområdet som Noreg har eit fennoskandisk (AF-artar) og/eller eit europeisk (AE-artar) ansvar for. Dette gjeld særleg artar i det såkalla lungenever (*Lobariion*)-samfunnet. Av **karplantar** er det grunn til å trekke fram *låglandskvitkurla*,

som finst på Nordmarka. Ho er raudlista som sårbar i Sverige (Gärdenfors 2000), og Noreg har utan tvil eit nordisk ansvar for rasen.

For Møre og Romsdal har Gaarder & Jordal (2003) utarbeidd ein oversikt over sjeldsynte og truga planteartar som ikkje står på den nasjonale raudlista (jfr. **Tabell 6**)

Tabell 6. Karplantar i utreiingsområdet som er oppført som regionalt sjeldne og truga.

Norsk namn	Latinsk namn	Funn i området
Sterkt truga artar		
Kjempesvingel*	<i>Festuca gigantea</i>	Lok. 40
Evjebrodd	<i>Limosella aquatica</i>	Lok. 49
Gul nøkkerose	<i>Nuphar lutea</i>	Lok. 8
Sårbare artar		
Lundkarse	<i>Cardamine impatiens</i>	Lok. 40
Engmarihand	<i>Dactylorhiza incarnata ssp. incarnata</i>	Lok. 9, 13, 21, 22, 33, 39, 41, 45, 46
Lappmarihand	<i>Dactylorhiza lapponica</i>	Lok. 22, 45, 46
Brunskjene**	<i>Schoeneus ferrugineus</i>	Lok. 21
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	Lok. 15, 18, 40, 48, 49
Omsynskrevjande artar		
Skogfaks	<i>Bromus benekenii</i>	Lok. 40
Nøkkesiv	<i>Juncus stygius</i>	Lok. 4, 21
Gulldusk	<i>Lysimachia thyrsiflora</i>	Lok. 49
Brunmyrak	<i>Rhyncospora fusca</i>	Lok. 4,
Gytjeblærerot	<i>Utricularia intermedia</i>	Lok. 4,

*Når vi ut frå regionale synspunkt har valt å føra opp kjempesvingel som sterkt truga, er det fordi Vinjelia er einaste staden i Sør-Trøndelag arten er funne.

**Brunskjene er funne fleire stader på Nordmarka i Surnadal, truleg også i eller nær kraftlinetraséane.

4.3 Naturmiljø

Inndelinga følgjer hovudnaturtypane til Direktoratet for naturforvaltning (1999a).

4.3.1 Myr

Denne naturtypen er godt representert i utreiingsområdet. Det gjeld både rike, mellomrike og fattige myrtypar. Dei rike myrane finn ein først og fremst i det vekslande fjell- og skoglandskapet på Nordmarka i Surnadal, men også i Hemne (vest for Mo-gardane) og i Aure finn ein denne myrtypen (øvst i Aurdalen og i Bjørngaldalen). Særskild nokre av dei ekstremrike slåttemyrane på Nordmarka kan oppvisa eit sjeldant arts mangfald, både regionalt og nasjonalt. Dei andre myrtypene finn ein, større eller mindre parti av, i heile utreiingsområdet.

4.3.2 Fjell

Mykje av utreiingsområdet ligg over skoggrensa, der det kan vera viktige hekkebiotopar for fugl, men mindre av særskilde naturverdiar for flora. Ofte er naturverdiane på fjellet knytt til rikare berggrunn, helst kalkhaldige bergartar. I det skiftande skog/fjell-landskapet på Nordmarka ved Surnadalen vil ein finna mange slike område, men også i Hemne, og nokre ligg nær eller i traseane. I Aure og Halsa har ein mindre oversyn over kalkrike områder i fjellet, då årstida har hindra feltarbeid. Også dei mange vatna i fjellområda må reknast som ein stor naturverdi, både i form av hekkeplassar for ymse våtmarksfugl, og for fiske og friluftsliv.

4.3.3 Kulturlandskap

Det meste av jordbruks sitt kulturlandskap har relativt låg naturfagleg verdi, som følgje av jordbearbeiding, gjødsling eller attgroing. Ugjødsla slåtte- og beitemark derimot hyser mange

raudlisteartar, særleg av sopp. Utanom Bjørksetrin er det ikkje påvist slike verdfulle kulturlandskap i utreiingsområdet. Nordmarka nord for Surnadalen har mange seterstølar, og tidlegare var det eit rikt kulturlandskap her. Dessverre er mykje av dette gått tapt p.g.a. gjengroing. Også den tidlegare markaslåtten skapa eit særegne kulturlandskap med eit godt tilpassa plante og mosesamfunn. Berre einskilde stadar på Nordmarka er denne tradisjonen halden ved like, men restar av naturtypen finn vi m.a. i området ved/på Momyrane i Hemne og i Tverrbotten og Bjørngalen i Aure.

4.3.4 Ferskvatn/våtmark

Utreiingsområdet er rikt på våtmarksbiotopar, både i fjell, skog og myr. Traseane som er utreidd i denne rapporten kjem ikkje i konflikt med verna vassdrag, men mange urørte nedbørsfelt vert påverka av tiltaket. Dei talrike vatna og bekkane/elvane i området er därleg undersøkt med omsyn til vasslevande organismar (invertebratar m.m.).

Dei fleste elvane og bekkane i området er raskt strøymande, slik ein kan venta i den ofte brattlendte naturen her. Lægdelva, Røstlielva og Seterelva i Hemne er unnatak i så måte. Over relativt lange strekningar buktar dei seg gjennom lausmassar, ofte med kantvegetasjon av oreskog med rik flora og fauna som høyrer heime her. Langs Surna finst verdfulle parti i form av gamle, avsnørte elvelaup (kroksjøar).

4.3.5 Skog

Skog pregar utreiingsområdet for dei fire alternativa utreia i denne rapporten i mest like stor grad som snaufjell og myr. Det finst nokre rike edellauvskogslier i området (Fiskjasliin, lia på nordsida av Vinjefjorden og Kvistdal), men mest er det barskogen som dominerer. Fjellfuruskog på låg bonitet er spreidd både i nord, i midtre delar og i sør. Fleire stader har denne skogen vore utsett for hogst og uttak av lærer. Dette har gjort at sjeldsynte artar av råtevedsoppa manglar p.g.a. mangel på kontinuitet av gadd og rotne vindfall. Både i Hemne, Rindal og Surnadal ser dette i stor grad ut til å ha vore tilfelle (unnateke dette mønstret ser dei nordlegaste områda av Hemne ut til å vera, særleg oppe i liene ved Rennsjøen og delvis i Sengsdalen). I Aure derimot har ein funne fleire område der slik kontinuitet ser ut til å vera til stades. Det meste av denne skogen kjem inn under forvaltningsomgrepet "Vernskog", og med streng handheving av regelverket som gjeld for slik skog, kan det i alle fire kommunane etter kvart utvikla seg kontinuitetsfuruskog. I Aure vil ny kraftline medføre nærføring til eit urskog/gammalskog – reservat (Aure naturreservat)

Granplantasjar er utbreidd mellom Mo og Dalemsfjellet, på begge sider av Eidsfjellet, i nærleiken av Vinjeøra og i Kårøydalen i Hemne, men også i dei nedre delane av liene kring Rennsjøen. I Aure er ikkje granplantasjar særleg utbreidd i utreiingsområdet, men finst både på Skardsøya, i Veadalen og på begge sider av Aurdalen. I Surnadalen finn ein dei mest i Fiskjasliin. Blandingsskogar, der bjørk er det dominerande treslaget, finst i fjellnære område både i Surnadal, Aure og Hemne.

Skogar med innslag av store og daude ospetre er det relativt lite av i utreiingsområdet, men både i Kvistdal, på nordsida av Vinjefjorden, ved Rennsjøen og i Fiskjasliin finst denne skogtypen. Dette er svært viktige skogar for arts mangfaldet, både av fuglar (hakkespettar m.fl.) og ymse sjeldne kryptogamar.

4.3.6 Havstrand/kyst

Særleg i den vestlege delen av utreiingsområdet er det ganske mykje av denne naturtypen. Her passerer den aktuelle traseen tre fjordar, men slik som ved dei fleste Vestlandsfjordane, stuper dei bratte liene i Vinjefjorden rett i sjøen, anten som berg eller eventuelt med ei smal steinstrand. Dette

gjev ikkje grunnlag for særleg vegetasjon som kan knytast til denne naturtypen. Ved Dromnessundet derimot finn ein både artsrik strandeng og taresaltgras – grusstrandeng (lok. nr. 3, Ulvsnesbukta). Ved Torsetsundet er det dyrkamark på nordsida, medan sørsida er dårleg undersøkt grunna årstida.

4.4 Inngrepsfrie naturområde

Bortsett frå dei to alternativa lengst vest og aust (Gylthalsalternativet og alternativ 5.0 + 3.1) vil alle andre val av trasealternativ medføra at lina vil gå gjennom store område definert som inngrepsfri natur. Dette gjeld særleg i Hemne kommune, der ein vesentleg del av sone 1 går tapt (3-5 km frå tyngre inngrep). Inngrepsfrie naturområde i sone 2 (1-3 km frå inngrep) blir mest berørt i Hemne og litt i Aure, i liten grad i Surnadal og Halsa kommunar

4.5 Verdivurdering

4.5.1 Samla vurdering

For delar av arealet har vurderinga mot verdikjeldene og verdikriteria (jfr. kapittel 3.3) ikkje gjeve utslag. Dette tyder ikkje at desse areala er utan verdi for flora og fauna, men at det ikkje er påvist særskilde kvalitetar. For 55 lokalitetar har eitt eller fleire kriterium gjeve utslag og areala er verdsette. Det er i første rekke verdikjeldene *naturtype*, *raudlisteartar* og *vilt* som har gjeve utslag. *Vernestatus* har gjeve utslag i tre tilfelle. *Truga vegetasjonstypar* har vore ei viktig støttekjelde ved verdivurderinga. Fordelinga på dei ulike verdikategoriene er 22 lokalitetar med stor verdi, 29 med middels verdi og 3 med liten verdi (**Tabell 7**). Relativt mange lokalitetar av stor verdi viser at delar av utreiingsområdet har kvalitetar på regionalt og nasjonalt nivå.

4.5.2 Vurdering av dei einskilde lokalitetane

Lokalitetane nr. 1-18 og 25-30 ligg i Aure kommune, nr. 31-42 og 50-55 i Hemne, nr. 43 i Rindal og 19-24 og 44-49 i Surnadal (**Figur 1, Tabell 7**). Omtale av lokalitetane 22-24 og 36-49 er henta frå Oldervik & Stenberg (2004). Når det gjeld det nye trasealternativet; **4.0 + 2.0**, så har vi etter ønske frå utbyggjar utelate lokalitetsskildringar for lokalitetar mellom Sjølisetra og Trollheim. Desse vil ein finna i Oldervik & Stenberg 2004.

Tabell 7. Lokalitetar med særskilt naturverdi for flora og fauna langs nye trasear for ny 420kV - line Tjeldbergodden – Trollheim, grunngjeving og verdi. For nærmere skildring av lokalitetane viser vi til vedlegg nr. 2.

Nr.	Namn	Grunngjeving for verdi	Verdi
1	Teinhaugmyra	Høgmyr, for det meste intakt, noko som er sjeldan å finna i jordbrukslandskapet. Utkanten av viktig overvintringsområde for hjort.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
2	Rognbugen	Hi- og opphaldsområde for raudlista pattedyr.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
3	Ulvsnesbukta	Artsrik strandeng og strandsump. Hekke- og rastepllass for vassfugl.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
4	Romundsetvatnet	Vegetasjonsrikt ferskvatn med regionalt sjeldne planter både i sjølve vatnet og på myrområda omkring. Storlom hekkar i Romundsetvatnet, og det er registrert fleire spillplassar for orrfugl og storfugl både aust og vest for vatnet.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
5	Torsetsundet	Viktig beitepllass for sjøfugl. Hi- og leveområde	Middels verdi

		for raudlista pattedyr.	L M S ----- ----- ▲
6	Veadalen	Restar av gammal furuskog. Sannsynleg hekkeområde for rovfugl og hakkespett.	Liten verdi L M S ----- ----- ▲
7	Slettfjellet	Gammalskog med til dels svært gammal grov gadd, med funn av to raudlista vedboande soppartar. Den eine av desse, <i>Physodontia lundellii</i> er raudlista som sårbar.	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
8	Bergsvatnet	Vegetasjonsrikt ferskvatn med bl.a. den regionalt svært sjeldne gule nøkkerosa.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
9	Tverrbotnen med omegn	Mange rikmyrsdråg og gammal slåttemyr. Store mengder av den regionalt sårbarer planta, engmarihand. Noko av lokaliteten er tresett med gammal furu	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
10	Tverrbottenlia	Gammal furuskog med ganske stort innslag av gamle lauvtre. Mykje daudved i fleire råtefasar. Funn av to raudlisteartar av råtevedsopp, m.a. den sårbare <i>Gloeocystidiellum subasperisporum</i> (V)	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
11	Aure naturreservat	Gammalskog/urskog med funn av mange raudlista råtevedsoppar: <i>Odonticium romellii</i> (DC), <i>Oligoporus hibernicus</i> (DC), <i>Phlebia cretacea</i> (DC), <i>Phlebia firma</i> (R), <i>Phlebia georgica</i> (R), <i>Physodontia lundellii</i> (V) og <i>Serpula himantoides</i> (DC). Hekkeområde for sårbar raudlista fugl.	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
12	Torsetvatnet	Hekkebiotop for raudlista fugl (Storlom).	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
13	Knypen	Stort myrområde med mange rikmyrsdråg og kjelder. Ganske mykje av den regionalt sårbarer planta, engmarihand.	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
14	Knypen -- Durmålshaugen	Gammalskog/urskog. Gammal furuskog med godt innslag av daudved. Funn av sjeldan og omsynskrevjande råtevedsopp.	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
15	Kvistdal	Gammal lauvskog/rik edellauvskog.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
16	Kvistdal -- Ørnberget	Reirplass og ropeplass for fleire raudlista rovfuglar.	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
17	Todalen -- Vinjefjorden	Hekkeområde for to raudlista rovfuglartar	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
18	Skarverget -- Vinjefjorden	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark. Hekke- og leveområde for sårbar fugl.	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
19	Vassdalsvatnet	Hekkebiotop for smålom.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
20	Nordmarka: Little Bøvervatnet	Viltområde med hekking av raudlista våtmarksfuglar. Observasjon av sjeldne artar	Middels verdi L M S

		som skeiand, stjertand, svartand og svømmesnipe i hekketida.	----- ----- ▲
21	Nordmarka: Fagermyrane	Stort myrområde med stor diversitet. M.a. både rikmyr og ekstremrikmyr.	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
22	Nordmarka: Høgmyran	Myrreservat med rik flora, biotop for raudlista fauna (fugl og amfibier)	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
23	Nordmarka: Tjørn vest for Grytvatna	Hekkeplass for raudlista våtmarksfugl	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
24	Bergulhaugen	Viltområde med hekkeplass for raudlista rovfugl	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
25	Skulpen -- Skålvatnet	Ferskvatn, myr- og skogsområde. Hekke- og leveområde for lom og andefuglar, kanskje også for raudlista rovfugl.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
26	Svartosen -- Rennsjøen	Punktfunn av sjeldan sopp.	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
27	Rennsjøen	Hekkeplass for storlom og spillplass for orrfugl på holmar i vatnet.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
28	Rennsjøen, søraustside	Fleirsjikta gammal skog med mykje råteved i øvre delar. Råtevedsoppar i fleire raudlistekategoriar påvist.	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
29	Rennsjøen, vest	Gammal furuskog og lauvskog. Raudlista lav og råtevedsopp påvist.	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
30	Mammaholet -- Styggdalen	Nordvendt gammalskogsgli med potensiale for funn av raudlista råtevedsoppar	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
31	Sengsdalen	Gammalskogsområde med sjeldne råtevedsoppar og lav. Eit av dei viktigaste områda for hakkespettar i Trøndelag	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
32	Fevelfjellet	Gammal lågurtlauvskog med sjeldne råtevedsoppar.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
33	Brekka, aust	Mindre rikmyrsparti med spreidd furuskog	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
34	Oldervatnet -- Steinvatnet	Fleire fjellnære vatn med hekking av raudlista fugl. Også rovfuglhabitat i nærområdet.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
35	Huslia, vest for	Stort myrkopleks samansett av mange element.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
36	Tjørn nord for Blomstadvatnet	Viltområde med hekking av raudlista våtmarksfugl	Middels verdi L M S ----- -----

			▲
37	Bjørksetrin	Velhevd beitemark med raudlista vokssopp. Hekkeplass for rovfugl	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
38	Seterelva	Viktig leveområde for virvellause dyr og fuglar, potensiale for raudlista kryptogamar	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
39	Myrane ved Mo, Mosetra	Rikmyr med nasjonale verdiar. Viktig område for småvilt.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
40	Vinjeøra	Rik edellauvskogsli med raudlista hakkespettar og rovfugl	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
41	Stormyra	Myrreservat med hekking av raudlista og regionalt sjeldan våtmarksfugl	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
42	Brekka	Skogsområde med hekking av raudlista rovfugl	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
43	Fjelnadalen	Område med mykje gadd	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
44	Nordmarka: Stuttjønna -- Mongevatnet	Del av kjerneområde for raudlista våtmarksfugl	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
45	Nordmarka: Tågdalen	Myrreservat, biotop for raudlista våtmarksfugl og amfibiumart	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
46	Nordmarka: Tågdalen, vest for	Ekstremrik bakkemyr med funn av svært sjeldan kryssing mellom orkidéar. Også mang andre arter av orkidéar, m.a. den raudlista låglandskvitkurla	Stor verdi L M S ----- ----- ▲
47	Nordmarka: Storsvorkvatnet	Viktig andebiotop med forekomst av regionalt sjeldan fuglear	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
48	Fiskjasliin	Edellauvskog med funn av raudlista sopp. Leveområde for raudlista hakkespettar	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
49	Surna: Evje ved Fiskja	Verdfull naturtype med nøkkelfunksjon for andefugl m.m.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
50	Seteråsen	Viktig leveområde for storfugl og hakkespett.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
51	Lægdelva	Hekkebiotop for andefugl og fossekall	Liten verdi L M S ----- ----- ▲
52	Lifjellet	Hekke- og fiskeplass for smålom og storlom	Middels verdi L M S ----- -----

			▲
53	Tverrdalsmyrane	Intakt, vidstrakt låglandsmyr (fattig)	Liten verdi L M S ----- ----- ▲
54	Tverrdalen -- Røstlia	Viltrikt område med mogleg hekking av hønsehauk.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲
55	Merkeshaugen	Viktig leveområde for tiur og orrfugl, også spillplass.	Middels verdi L M S ----- ----- ▲

Figur 1. Registrerte lokalitetar med særskilt verdi for fauna og flora langs nye traséar for ny 420 kV-line
Tjeldbergodden- Trollheim..

Kart over lokalitetar skal inn her!!)

5 Konsekvensvurdering

5.1 Det vestlege alternativet -- Gylthalsen

5.1.1 0-alternativet

Tiltak: Dagens 132 kV kraftline vert oppretthalde. Lina er ein trestolpeleidning, og går mot sør fra Tjeldbergodden over Teinhaugmyra, vidare over fylkesvegen og Gangåsvatnet før ho endrar retning i meir vestleg lei. Sør For Vikan vinklar ho mot vest over Dromnessundet til Skardsøya. Vidare går lina i sørvestleg retning mot Torsetsundet der ho kryssar sundet rett vest for bruа. På sørsida av Torsetsundet går lina om lag rett mot sør opp lia til det vesle fjellplatået Nova. Der vinklar ho mot sørvest for å passera Bergsfjellet på vestsida. Aurdalen vert kryssa ved Stormyra før lina igjen går i meir vestleg retning mot Gylthalsen ved Aursundet. Vidare går lina i søraustleg retning aust for Hisåsen og sør For Småvatna der ho vinklar mot aust – nordaust eit lite stykke. Sør for Dyrlia vinklar ho igjen meir mot søraust for så å passera øvst i Bjøringdalen ved Durmålshaugen. Her vinklar ho meir i sør – søraustleg retning mot Kneppholet og Kvistdalен på nordsida av Todalen i Aure. Lina går over Todalen i luftspenn. Deretter kryssar ho Vinjefjorden i luftspenn over til Halsa kommune (om lag 1 km vest For Engdalen). Ho går så opp den nordvendte lia mellom Engdalen og Rodalen og vidare i sør – søraustleg retning oppe på fjellplatået mellom desse to dalføra. Ho passerer aust for Engdalstjønna og vidare mot sør, aust for Hardbakkvatnet. Frå Løåfjellet går ho i søraustleg retning for så å kryssa Bøverdalen mellom Skogmo og Hallmyra. Sør for Bøverdalen går ho i same retning til ho når om lag vestenden av Litlbøvervatnet. Her vinklar ho meir mot aust, og deretter mot søraust rett nord for austenden av Solåsvatnet. Like etterpå kryssar ho nordausthjørnet av Høgmyran naturreservat. Vidare over Nordmarka held lina same retninga til om lag 1,5 km nord for Trollheim. Den siste biten ned Fiskjasliin går lina i meir sørleg retning.

Naturverdi: Ved Tjeldbergodden passerer lina utkanten av eit viktig overvintringsområde for hjort, Teinhaugmyra (middels verdi). Lina går stort sett klar av lokalitet 2 og 3, Rognbugen og Ulvsnesbukta. Ho kryssar viktige leveområde for orrfugl og storfugl nær lokalitet 4, Romundsetvatnet (middels verdi) og beiteområdet for sjøfugl i Torsetsundet (lokalitet 5). Opp Veadalen passerer lina i ytterkanten av ein lokalitet av liten verdi (lok. nr. 6). Vest for Bergsfjellet går lina gjennom eit område med gammalskog og rik karplantevergetasjon (kalkrik berggrunn). Vidare kjänner vi ikkje til særskilde naturverdiar før lina når Bjøringdalen. Her passerer ho ein gammalskogslokalitet og ein rikmyrslokalitet, den første av stor verdi, den andre av middels (lok. nr. 13 og 14). I Todalsområdet kryssar lina fleire verdifulle lokalitetar; to viltlokalitetar av stor verdi (nr. 16 og 17), og to edellauvskogslokalitetar, den eine av middels verdi og den andre av stor verdi (nr. 15 og nr. 18). I fjellområda mellom Vinjefjorden og Bøverdalen kryssar ho viktige trekk/leveområde for rype (utan at vi har avgrensa særskilde lokalitetar), og går nær ein hekkelokalitet for smålom (nr. 19, middels verdi). På Nordmarka i Surnadalen kryssar/passerer lina sju verdifulle lokalitetar. Av desse er følgjande av stor verdi: Dei to rikmyrsområda Fagermyran (nr. 21) og Høgmyran naturreservat (nr. 22) og viltlokalitet nr. 24. Ho kryssar vassfuglbiotopen Litlbøvervatnet, av middels verdi (nr. 20), og går nær/kryssar følgjande lokalitetar: Viltlokalitet nr. 23 av middels verdi, vilt- og edellauvskogslokalitetten Fiskjasliin (nr. 25) av middels verdi og viltbiotopen og flaumdammen ”Evje ved Fiskja” (lok. nr. 26) av middels verdi.

Dette alternativet dannar utgangspunktet for konsekvensdiskusjonen.

Verdivurdering		
Liten	Middels	Stor
----- -----		▲

5.1.2 Alternativ parallelt med Gylthalslina

Tiltak: Ny line vert ført parallelt med eksisterande 132 kV-line (Gylthalslina) frå Tjeldbergodden til ho har passert Torsetsundet. Ho går mot sør over Teinhausmyra, vidare over fylkesvegen og Gangåsvatnet før ho endrar retning i meir vestleg lei. Sør for Vikan vinklar ho mot vest over Dromnessundet til Skardsøya. Vidare går lina i sørvestleg retning mot Torsetsundet, der ho kryssar sundet rett vest for brua. I lia sør for Vean skil den nye lina lag med eksisterande 132 kV-line, og går rett vest for dyrkamarka på fellesbeitet i Veadalen, over fjellpartiet mellom Rostolen og Slettfjellet. Ho passerer Aurdalen mellom Austli og Aurdalssetra, går opp Ormsetdalen, over Storvassfljellet, og passerer litt vest for Torsetvatnet. Ved Durmålshaugen øvst i Bjøringdalen kjem ho inn på same trasé som Gylthalslina, som ho følgjer fram til Trollheim. På nordsida av Todalen i Aure vinklar ho i sør – søraustleg retning mot Kneppholet og Kvistdalen, og går over Todalen i luftspenn. Deretter kryssar ho Vinjefjorden i luftspenn over til Halsa kommune (om lag 1 km vest for Engdalen). Ho går så opp den nordvendte lia mellom Engdalen og Rodalen og vidare i sør – søraustleg retning oppe på fjellplatået mellom desse to dalføra. Ho passerer aust for Engdalstjønna og vidare mot sør aust for Hardbakkvatnet. Frå Løåfjellet går ho i søraustleg retning for så å kryssa Bøverdalen mellom Skogmo og Hallmyra. Sør for Bøverdalen går ho i same retning til ho når om lag vestenden av Litlbøvervatnet. Her vinklar ho meir mot aust, og deretter mot søraust rett nord for austenden av Solåsvatnet. Like etterpå kryssar ho nordausthjørnet av Høgmyran naturreservat. Vidare over Nordmarka held lina same retninga til om lag 1,5 km nord For Trollheim. Den siste biten ned Fiskjaslii går lina i meir sørleg retning.

Naturverdi: Ved Tjeldbergodden passerer lina utkanten av eit viktig overvintringsområde for hjort, Teinhausmyra (middels verdi). Lina går stort sett klar av lokalitet 2 og 3, Rognbugen og Ulvsnesbukta, men kryssar utkanten av lokalitet 4, Romundsetvatnet (middels verdi for vilt og flora). Ho kryssar deretter Torsetsundet (lokalitet 5), som er viktig beiteområde for sjøfugl. Opp Veadalen passerer lina gjennom ein vilt- og gammalskogslokalitet av lokal verdi (lok. nr. 6). Slik linetraseen er teikna no vil han gå klar både av den svært verdfulle gammalskogslokaliteten ved Slettfjellet (lok. nr. 7) og naturverdiane i Bergsvatnet (lok nr. 8 med middels verdi). Traseen vil gå i utkanten både av den verdfulle gammalskogen i Tverrbottenlia (lok nr. 10) og rikmyrsområdet i Tverrbotten (lok nr. 9). Lina vil tangera Aure naturreservat (svært viktig vilt- og gammalskogslokalitet, nr. 11). Furuskogen i Ormsetdalen er gjennomgåande ung, men det finst mindre parti med gammalskog og litt innslag av intermediær myr. Ein har ikkje avgrensa særskilde lokalitetar for desse naturverdiane. Litt lenger sør vil lina kryssa ei sannsynleg fluktrute for storlom som hekkar i Torsetvatnet (lok. nr. 12). I Bjøringdalen passerer ho ein gammalskogslokalitet og ein rikmyrslokalitet, den første av stor verdi, den andre av middels (lok. nr. 13 og 14). I Todalsområdet kryssar lina fleire verdifulle lokalitetar, dvs. to viltlokalitetar av stor verdi (nr. 16 og 17), og to edellauvskogslokalitetar, den eine av middels verdi og den andre av stor verdi (nr. 15 og nr. 18). I fjellområda mellom Vinjefjorden og Bøverdalen passerer lina viktige trekk/leveområde for rype (utan at vi har avgrensa særskilde lokalitetar), og går nær ein hekkelokalitet for smålom (nr. 19, middels verdi). På Nordmarka i Surnadal kryssar/passerer lina sju verdifulle lokalitetar. Av desse er

følgjande av stor verdi: Dei to rikmyrsområda Fagermyran (nr. 21) og Høgmyran naturreservat (nr. 22) samt viltlokalitet nr. 24. Ho kryssar og vassfuglbiotopen Litlbøvervatnet, av middels verdi (nr. 20), og går nær ein hekkeplass for smålom (nr. 23). Edellauvskogslokaliteten Fiskjasliin (nr. 25) av middels verdi og viltbiotopen og flaumdammen "Evje ved Fiskja" (lok. nr. 26) også av middels verdi, vil gå fri ved Gylthalsalternativet.

Verdivurdering		
Liten	Middels	Stor
----- ----- ----- ▲		



Omfang: Den nye lina vil bli eit trugsmål for kollisjonsutsette fuglar der ho går som separat line. I høve til 0-alternativet vil kollisjonsrisikoen auka der ho går parallelt med eksisterande 132 kV-line, både fordi ny line har høgare plan, og fordi ho i motsetning til den gamle har toppliner. Fordi ho kryssar viktige leveområde for kollisjonsutsette artar som storfugl, orrfugl og lirype, må ein rekna med tydelege tap for desse artane. Tre fjordspenn betyr kollisjonsfare for sjøfugl, særleg i Torsetsundet, som er eit viktig beiteområde. For kongeørn vert den nye lina eit trugsmål der ho går gjennom jaktterrenget (éin reirplass er kjent tett ved linetraseen, to andre på 2 – 3 km avstand). Kongeørna er kollisjonsutsett under jakt i rask flukt i ope fjellterring. Mest kritisk for faunaen er kryssinga ved Todalen, pga nærføring til reirplassar for 2 (3) rauslista artar rovfugl, men framfor alt hekkeområde for hubro (i hevd for inntil få år sidan). Lina går dessutan over tiur- og orreleikar.

Kryssing forbi tre hekkeplassar for både storlom (lok. nr. 4, 12 og 20) og smålom (lok. nr. 19, 20 og 23) inneber ei kollisjonsfelle. Dei negative konsekvensane for lom vert truleg størst over Nordmarka i Surnadal, der lina vil skjera gjennom sentrale delar av hekkeområdet, som fuglane kryssar i flukt mellom hekkeplassane og dei større fiskevatna (Solåsvatnet, Geitøyvatnet). Ny line vil og vera negativ for hekkande trane i området, truleg og for havørn på streiftokt for å fiska i vatna.


I det artsrike våtmarksområdet på Nordmarka utgjer køyreskadar under linebygging eit trugsmål både mot flora og fauna. For liten salamander, som synest å vera jamt utbreidd her, vil drenering med påfølgjande forsuring lett kunne øydeleggja leveområda. Difor er det viktig at alle førekommstar blir lokalisert og vist omsyn. Også dei mange rikmyrsområda på Nordmarka er kjenslevare for køyreskadar. Slike skadar kan lett føra til endra fuktilhøve og til at vass-sig kan ta andre vegar enn dei har gjort til alle tider tidlegare. Dette kan føra til store negative konsekvensar for den rike floraen i området.

Trasérydding i skog kan truga verdiar for biologisk mangfald fleire stadar på strekninga. Eit mindre område med gammalskog i Veadalen vert truleg litt skadelidande. Det same gjeld gammalskog i Aurdalen, Bjørngdalens og kanskje litt i Kvistdalens. Den verdfulle edellauvskogen ved Skarvberget ved Vinjefjorden vert truleg spart, då lina her vil gå i luftspenn. Ned mot Fiskjasliin ser lina ut til å gå utanom verdfulle botaniske område, men hogst av osp vil vera uheldig av omsyn til hakkespettar. Nytt linespenn over Surna vil utgjera eit trugsmål for andefugl som trekkjer langs elva. For hjortetrekket er det liten grunn til å tru at kraftlina vil ha innverknad, sidan det ikkje er dokumentert at arten reagerer negativt på liner.

Samla sett har Gylthalsalternativet *middels negativt omfang* både for flora og fauna.



Inngrepsfri natur: Traséen vil i liten grad redusera arealet av inngrepsfri natur. Berre der ho går som separat line mellom Torsetsundet og Bjøringdalen vil dette vera tilfelle, men også her i mindre grad (om lag 3 km² i sone 2).



Konsekvensgrad: Alternativet inneber **middels/stor negativ konsekvens** for tema fauna. For tema flora vil alternativet ha **middels negativ konsekvens**.

Samanstilling

1. Gylthalsalternativet: Generell skildring av situasjon og eigenskapar/kvalitetar	<i>i) Vurdering av verdi</i>		
Gylthalsalternativet går gjennom område med til dels store naturverdiar. Det finst fleire hekke- og jaktterritorium for raudlista rovfuglar og hekkeplassar for lom og andefugl i eller nær influensområdet. Hønsefugl har viktige leveområde nær traséen. Eit av fjordspenna kryssar eit viktig beiteområde for sjøfugl. Av botaniske verdiar er det både gammalskog og rikmyr ved eller nær traseen. Også to naturreservat vert kryssa eller får nærføring. I og med at ei eventuell ny line får parallelldøring med alt eksisterande line, så er det relativt lite inngrepsfri natur i influensområdet.	<i>Liten</i> <i>Middels</i> <i>Stor</i> ----- ----- -----		
Datagrunnlag: I Aure kommune byggjer grunnlaget for det meste på eigne undersøkingar i åra 1996 – 2004. For alle dei tre kommunane som vert påverka av tiltaket er den kommunale naturbasen nytta. I tillegg kjem einskilde andre litteraturkjelder og ikkje minst munnlege kjelder. For nokre område, særskild i Halsa og Surnadal, burde datagrunnlaget vore betre.	Middels godt/godt		
<i>ii) Skildring og vurdering av mulege verknader og konfliktpotensiale</i>		<i>iii) Samla vurdering</i>	
Lina fører til auka kollisjonsrisiko for ulike fuglegrupper; for sjøfugl der ho kryssar fjordar (tre fjordspenn), for raudlista rovfugl der ho passerer hekke- og jaktterritorium, og for hekkande lom og andefugl der ho går nær/kryssar fluktruter. Også tiur, orrfugl og rype vert skadelidande. Nokre rikmyrsområde vert truleg noko negativt påverka av tiltaket, samt at gammalskog vert skadelidande. Alternativet vil redusera arealet av inngrepsfri natur med ca 3 km ² .		<i>Middels negative konsekvensar (-2)</i> <i>Her har ein vurdert både verknader på inngrepsfri natur og dei minska negative konsekvensane grunna parallelldøring.</i>	
Omfang (inkludert inngrepsfri natur): <i>Stort neg.</i> <i>Middels neg.</i> <i>Lite/intet</i> <i>Middels pos.</i> <i>Stort pos.</i> ----- ----- ----- ----- -----			

5.2 *Dei austlege alternativa – alt. 4.0 og alt. 5.0*

5.2.1 0-alternativet (4.0 el. 5.0) + 3.1).

Tiltak: Kraftlinene som er i dag vert oppretthalde. Ei 132 kV-line går frå Tjeldbergodden til Trollheim gjennom Aure, Halsa og Surnadal. Ho går først mot sør over Teinhaugmyra, vidare over fylkesvegen og Gangåsvatnet før ho endrar retning i meir vestleg lei og ut av utreiingsområdet for det austlege alternativet.

Ei anna 132 kV-line går frå Trollheim kraftstasjon over Nordmarka i Surnadal, vidare gjennom Fjelnadalen i Rindal før ho går inn i Hemne ved Kårøyan. Ho held så fram gjennom Kårøydalen før ho går ut av utreiingsområdet ved Stormyra aust for Vinjeøra.

Naturverdi: Mellom Vingefjorden og Surnadalen går i dag to 132 kV-liner (Gylthalsen og Holla), gjennom eit landskap prega av opne fjellområde med vidder, myr og glissen skog. Fjellstroka i nordre del er kjent for gode bestandar av rype, medan orrfugl er meir utbreidd i den sørlege delen. Den austre lina (Holla) går opp Kårøydalen med furuskog og eigna biotopar for storfugl. Begge linene kryssar/passerer registrerte viltbiotopar av middels og stor verdi, viktige for våtmarksfugl og rovfugl (lok. 26-27, 34- 41). Dei avskjer ein edellauvskog av middels verdi (lok. 40), og går i kanten av to naturreservat (lok. 34 og 36).

Dette dannar utgangspunktet for konsekvensdrøftingane av dei austlege alternativa.

Verdivurdering		
Liten	Middels	Stor
----- ----- -----		▲


5.2.2 0-alternativet 4.0 + 2.0.

Sjå ovafor.

5.2.3 Tjeldbergodden – Brekka (felles for 4.0 og 5.0)



Tiltak: Hovudalternativet følgjer eksisterande 132 kV-line frå transformatorstasjonen og omlag fram til Rv 680. Her vinklar ho rett austover, men like nord for Svartosen går lina i meir søraustleg retning langs vestkanten av Rennsjøen til ho har passert fylkesgrensa mellom Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag (Aure og Hemne). Ho følgjer så stranda av Rennsjøen til sørrenden. Derifrå går ho i meir austleg retning opp den bratte lia i Mammaholet og vidare forbi Flattjønna mellom Nordfjellet og Sengsdalsfjellet for så å dreia om lag rett søraustover i luftspenn over Sengsdalen og til eit høgdedrag mellom Fevelfjellet og Baklifjellet. Derifrå går ho i rett line fram til austkanten av Middagsfjellet om lag på fylkesgrensa. Her deler lina seg i to alternativ; 4.0 og 5.0.

Naturverdi: Traseen passerer først eit myrområde av middels verdi (lok. nr. 1), deretter forbi/over ein viltlokalitet av middels verdi (lok. nr. 25) før han går vidare over ein svært viktig sopplokalitet (lok nr. 26). Forbi Rennsjøen vil traseen passera nær ein viltlokalitet av middels verdi (lok. nr. 27, samt gå nærmere tre gammalskogslokalitetar (nr. 28-30), før lina går i luftspenn over Sengsdalen (lok. nr. 31). Lok. nr. 30 har middels verdi, dei andre har stor verdi. Til slutt vil traseen passera ei frodig lauvskogsli (lok. nr. 32) og eit rikmyrsområde (lok. nr. 33), begge av middels verdi.




Omfang: Det mest negative er truleg kryssinga av trekkruter for hekkande lom på første del av parsellen (mellan Rv 680 og Kjørsviksetrin). Både lom og andefuglar brukar dei ymse vatna i dette området for næringssøk, samtidig som dei også trekkjer ut og inn frå sjøen. Også over Brekka går eit trekk av andefuglar når dei ambulerer mellom ymse vatn i Aure (lok. nr. 13 i Oldervik & Stenberg 2004) og dei større vatna i Sengsdalsområdet (lok. 51 i føreliggjande rapport). For vasstilknytta fugl vil ny line difor medføra kollisjonsfare. Derimot reknar ein ikkje med at den rike bestanden av hakkespettar i Sengsdalen vert nemnande skadelidande, fordi dei generelt er lite utsatt for kollisjonar og fordi trasérydding synest lite aktuelt her. Dei botaniske verdiane i området vert truleg lite skadelidande av tiltaket. Om ein ikkje plasserer ei mast akkurat på den verdfulle sopplokaliteten, så vert ikkje den øydelagd av tiltaket. Skogen nær stranda ved Rennsjøen er stort sett ung eller eventuelt er det planta gran der. Gammalskogen ligg noko oppe i lia, så den vert truleg lite påverka av tiltaket. Unntaket er gammalskogen i Mammahelet, her kan det oppstå skadar om ein ryddar utan særleg omtanke. I og med at lina skal gå i luftspenn over Sengsdalen, så reknar ein heller ikkje med at gammalskogen her vert skadelidande av tiltaket. Om ikkje tilstrekkeleg omsyn vert utvist ved passeringa av rikmyrsområdet ved Brekka, så kan det lett oppstå skadar her.

Samla er omfanget av denne deltraseen **middels negativ**.



Inngrepsfri natur: Alternativet inneber at arealet av inngrepsfri natur vert redusert med 5 km² i sone 2 i området.



Konsekvensgrad: Konsekvensane for *fauna* må reknast som **middels negative**, medan dei for *flora* kan reknast som **små/middels**. For *inngrepsfri natur* vil tiltaket få **små/middels** konsekvensar.

5.2.4 Alternativ 4.0

Tiltak: Lina går som separat trasé frå Brekka (Middagsfjellet) til ho går saman med alt. 3.1 ved Eidsfjellet nord for Vinjeøra. Frå Middagsfjellet går traseen mot sør-sørvest tett forbi fleire små tjørn vest for Oldervatnet og vidare litt vest for Botnvatnet. Rett aust for Steinvatnet vinklar han i sørleg retning mellom Kjellarfjellet og Hesvassknubben og ned til det store myrområdet vest for Huslia. Her endrar traseen igjen kurs meir mot søraust og går vidare rett aust for Kløftheia og fram til Blomstadvatnet. Frå Blomstadvatnet går traseen om lag rett sørover på vestkanten av Sollifjellet og austkanten av Skrubbefjellet og vidare til sørkanten av Skogsjølibruna. Her vinklar han på nytt og går vidare om lag i søraustleg retning over Kippfjellet og fram til Eidsfjellet der han går saman med alt 3.1.

Naturverdi: Alternativet passerer fleire verdifulle lokalitetar for flora og fauna, dei fleste av middels verdi. Alle vatna mellom Brekka og Huslia er viktige for storlom (lok. 34), men verdien for andefugl er ikkje klårlagt. Øvst i dette vassdraget vil traseen gå nær hekkeområde for tårnfalk og dvergfalk (lok. nr. 34), der også kongeørn nyleg er påvist hekkande i nærliken (eit par km unna traseen). Lina vil vidare gå gjennom det store urørte myrområdet ved Huslia (lok nr. 35) før ho passerer ein hekkelokalitet for smålom (lok nr. 36). Traseen går nær to hekkelokalitetar for fjellvåk, ein sannsynleg hekkelokalitet for trane, og gjennom fleire skogsområde som er viktige for hønsefugl (lok nr. 37-39).

Verdivurdering		
Liten	Middels	Stor
----- ----- ----- ▲		

Omfang: For faunaen er det mest negative ved dette trasealternativet truleg nærføring/kryssing i høve til fluktruter, særleg for hekkande lom, men og for rovfugl. Også nærføring til hekkeområde for trane er uheldig, ikkje minst fordi arten har svak bestand og er i ferd med å etablera seg i området. For flora er omfanget mest negativt for det verdifulle myrområdet ved Huslia. Verdien av dette vil verta vesentleg redusert ved ei eventuell kraftline gjennom området. Ein tenkjer da både på opplevingsverdien av urørt natur og øydelegging av botaniske verdiar. Myrane ved Mo og Bjørksetrin vert derimot lite direkte påverka av tiltaket slik traseen er teikna no.

Dette alternativet gjev **middels negativt omfang** for tema fauna og flora.

Omfang for fauna				
Stort neg.	Middels neg.	Lite / ikkje noko	Middels pos.	Stort pos.
----- ----- ----- ----- ▲				

Omfang for flora				
Stort neg.	Middels neg.	Lite / ikkje noko	Middels pos.	Stort pos.
----- ----- ----- ----- ▲				

Inngrepsfri natur: Alternativ 4.0 frå Tjeldbergodden til Eidsfjellet vil redusera arealet av inngrepsfri natur i sone 1 med 6 km² og i sone 2 med 29 km².

<i>Omfang for inngrepsfri natur</i>				
<i>Stort neg.</i>	<i>Middels neg.</i>	<i>Lite / ikkje noko</i>	<i>Middels pos.</i>	<i>Stort pos.</i>
----- ----- ----- -----	▲			

Konsekvensgrad: Alternativet fører til **middels/store negative konsekvensar** for fauna og **middels negative konsekvensar** for flora. For inngrepsfri natur vil alternativet ha **store negative konsekvensar**.

5.2.5 Alternativ 5.0

Tiltak: Alternativet skil lag med alternativ 4.0 på Middagsfjellet rett sør for Brekka. Traseen går mot aust-søraust over Seteråsen og Lægdelva og vidare over fjellryggen vest for Lifjellet. Her går lina på austsida av Stengvatnet, men vinklar så litt meir mot sør over Tverrdalsmyra og opp til austkanten av Røstliheia. Her vinklar han enda litt meir i sørleg retning før han held fram mellom Tverrdalen og Røstlia for så å gå i same retning vidare over Dalemsfjellet. Han går vidare forbi Storsetra, kryssar ei lysløype og passerer om lag 500 m aust for Bjørksetra. Her vinklar han litt i meir sør til sørvestleg retning, passerer rett aust for Merkeshaugen, mellom Myra/Momyra og Mogardane og held så same kurven til han kjem inn på alternativ 3.1 rett nord for Eidsfjellet.

Naturverdi: Dei største naturverdiane knytt til dette alternativet finn ein i området kring Lifjellet. På nordsida vil traseen passera to potensielt verdfulle viltlokalitetar (lok. 50 og 51). Dette er skogs- og våtmarksbiotopar med både hakkespettar, skogsfugl og andefugl. Opp på Lifjellet finn ein hekkelokalitetar både for små- og storlom (lok. 52), verdsett til middels verdi. Rett sør for Lifjellet finn ein eit ganske stort myrområde av lokal verdi (lok. nr. 53) og eit skogsområde med god skogsfuglbestand og muleg hekkeplass for hønsehauk, (lok. nr. 54). Denne lokaliteten er førebels verdsett til middels verdi. Lenger sør fram til Eidsfjellet kjenner ein ikkje til særskilde naturverdiar utanom lok. nr. 55 Merkeshaugen (tiur- og orreleik) i tilknyting til dette alternativet.

<i>Verdivurdering</i>		
<i>Liten</i>	<i>Middels</i>	<i>Stor</i>
----- -----	▲	

Omfang: Det mest negative er kryssing av fluktruter for hekkande lom og ender langs Lægdelva, og særleg hekkande storlom og smålom ved Stengvatnet. Også viktige leveområde for storfugl, både nord og sør for Lifjellet, -- kanskje og for hønsehauk, vil verta skadelidande. Ein kjenner ikkje til verdfulle lokalitetar for floraen som vert skadelidande av tiltaket.

Dette alternativet gjev **middels negativt omfang** for tema fauna og **lite negativt omfang** for flora.

<i>Omfang for fauna</i>				
<i>Stort neg.</i>	<i>Middels neg.</i>	<i>Lite / ikkje noko</i>	<i>Middels pos.</i>	<i>Stort pos.</i>
----- ----- ----- -----	▲			

<i>Omfang for flora</i>				
<i>Stort neg.</i>	<i>Middels neg.</i>	<i>Lite / ikkje noko</i>	<i>Middels pos.</i>	<i>Stort pos.</i>
----- ----- ----- -----				

Inngrepsfri natur: Arealet av inngrepsfri natur vert redusert med 14 km² i sone 2 på strekninga Tjeldbergodden/Eidsfjellet.

<i>Omfang for inngrepsfri natur</i>				
<i>Stort neg.</i>	<i>Middels neg.</i>	<i>Lite / ikkje noko</i>	<i>Middels pos.</i>	<i>Stort pos.</i>
----- ----- ----- -----				

Konsekvensgrad: Alternativet inneber ***middels negative konsekvensar*** for tema fauna. For tema flora vert det ***små negative konsekvensar***, medan det for inngrepsfri natur vil medføra ***middels negative konsekvensar***.

5.2.6 Alternativ 3.1 Eidsfjellet – Trollheim

Tiltak: Sjå Oldervik & Stenberg 2004.

Naturverdi: I tillegg til naturverdiar omtalt i Oldervik & Stenberg 2004 så er det på denne traseen lagt inn ein ny floralokalitet; nr. 46 som er av stor verdi.

<i>Verdivurdering</i>		
<i>Liten</i>	<i>Middels</i>	<i>Stor</i>
----- -----		

Omfang: Stort sett vil omfangsvurderinga vera i tråd med tidlegare vurdering, men om ikkje tilstrekkeleg omsyn vert teke ved passering av den nye lokaliteten, så kan omfanget verta større enn ein tidlegare har trudd.

Totalt vil alt. 3.1 gi ***middels negativt omfang*** for tema flora og fauna.

<i>Verdivurdering</i>		
<i>Liten</i>	<i>Middels</i>	<i>Stor</i>
----- -----		

Inngrepsfri natur: Traséen vil ikkje redusera arealet av inngrepsfri natur i vesentleg grad i området.

<i>Omfang for inngrepsfri natur</i>				
<i>Stort neg.</i>	<i>Middels neg.</i>	<i>Lite / ikkje noko</i>	<i>Middels pos.</i>	<i>Stort pos.</i>
----- ----- ----- ----- -----	▲			

Konsekvensgrad: Alternativ 3.1 inneber **middels til store negative konsekvensar** både for tema flora og fauna, medan det for inngrepsfri natur vert **små konsekvensar**.

5.2.7 Alternativ 2.0 Knypo – Trollheim

Tiltak: Sjå Oldervik & Stenberg 2004

Naturverdi: Lina kryssar ei rekkje verdfulle lokalitetar for flora og fauna. Naturverdiane langs trasé 2.0 er omtalt av Oldervik & Stenberg (2004). Av viktige område for fugl vil vi særleg trekkja fram to hubrolokalitetar, der inventering våren 2004 viste at fuglen hevda revir på den eine (lok. 31).

<i>Verdivurdering</i>		
<i>Liten</i>	<i>Middels</i>	<i>Stor</i>
----- ----- -----	▲	

Omfang: I tråd med tidlegare vurdering vil trasévalet samla gi **stort negativt omfang** for temaet flora og fauna. Koplinga mellom dei to traséane ved Knypahansen aukar trugsmålet for fugl, både pga. nærføring til kongeørn og kryssing av fluktruter for fiskande fugl (mellom Sandvatnet og våtmarksområda i fjellet). Arealet av inngrepsfri blir sterkt redusert (sone 1, sone 2).

Samla sett har alt. 2.0 **stort negativt omfang** for tema fauna og **lite/middels negativt omfang** for tema flora.

<i>Omfang for fauna</i>				
<i>Stort neg.</i>	<i>Middels neg.</i>	<i>Lite / ikkje noko</i>	<i>Middels pos.</i>	<i>Stort pos.</i>
----- ----- ----- ----- -----	▲			

<i>Omfang for flora</i>				
<i>Stort neg.</i>	<i>Middels neg.</i>	<i>Lite / ikkje noko</i>	<i>Middels pos.</i>	<i>Stort pos.</i>
----- ----- ----- ----- -----	▲			

Inngrepsfri natur: Traséen vil i stor grad redusera arealet inngrepsfri natur, særleg i Hemne kommune (ca 17-18 km² tap både i inngrepsfri sone 1 og 2).

<i>Omfang for inngrepsfri natur</i>				
<i>Stort neg.</i>	<i>Middels neg.</i>	<i>Lite / ikkje noko</i>	<i>Middels pos.</i>	<i>Stort pos.</i>
----- ----- ----- ----- -----	▲			

Konsekvensgrad: Alternativet inneber **store/ svært store negative konsekvensar** for tema fauna og **middels negative konsekvensar** for flora. For inngrepsfri natur vil alternativet medføre **svært store konsekvensar**.

5.3 Samanstilling av dei austlege alternativa Tjeldbergodden – Trollheim.

I dette avsnittet har vi sett saman dei ymse deltraseane, slik at ein får ei heilskapleg vurdering av konsekvensane for dei ymse alternativa for heile traseen frå Tjeldbergodden til Trollheim i Surnadal. I desse vurderingane har vi også prøvd å inkludera dei positive verknadene av parallellføring samt reduksjon av inngrepsfri natur. Sjå også s. 62, Gylthalsalternativet.

2. Alt. 5.0 + 3.1: Generell skildring av situasjon og eigenskapar/kvalitetar		i) Vurdering av verdi
Alt. 5.0 + 3.1 går gjennom område med viktige naturverdiar. Lina kryssar verdfulle skogsområde med våtmarksbiotopar i nordre/midtre del, der ein finn store verdiar særleg for flora. På parsellen mellom Middagsfjellet og Mogardane har dei fleste påviste lokalitetane langs traséen middels verdi. Litt sør for Vinjeøra vert lina parallellført med eksisterande 132 kV-line opp Kårøydalen, Fjelnadalen og over Nordmarka til Surnadalen. Her hekkar raudlista rovfugl, og særleg over Nordmarka er det store naturverdiar med verdfulle område både for fauna og flora. Det er først og fremst nord i Hemne at dette trasealternativet vil gå gjennom/nær inngrepsfrie naturområde.		Liten Middels Stor ----- ----- ▲
Datagrunnlag: Både i Aure, Hemne og Surnadal kommune byggjer ein god del av grunnlaget på eigne undersøkingar haustane 2003 og 2004. Lengst nord har vi hatt stor nytte av Gaarder 1992, og for alle dei tre kommunane som er påverka er den kommunale naturbasen nyttig. I tillegg kjem einskilde andre litteraturkjelder og ikkje minst munnlege kjelder. NOF avd. Hemne har skaffa tilveges opplysningar om fuglelivet. For delar av Hemne og Surnadal er datagrunnlaget svakt (feltregistreringar våren 2005 vil bety betra datagrunnlag).	Middels godt	
ii) Skildring og vurdering av mulege verknader og konfliktpotensiale		iii) Samla vurdering
I nord vil fleire viltområde vera skadelidande p.g.a. kryssing av fluktruter, i første rekke for lom, i noko grad også for andre fugleartar. Lina kryssar og hekke- og beiteområde for lom ved Lifjellet, og medfører konflikt med eit påvist hekkeområde for raudlista rovfugl (og muleg konflikt med eit potensielt hekkeområde). Også tiur, orrfugl og lirype vert skadelidande. Nokre svært verdfulle rikmyrsområde på Nordmarka i Surnadalen kan vera øydelagt av tiltaket om ikkje utbyggjar tek tilstrekkeleg omsyn. I Hemne vil 14 km ² inngrepsfri natur i sone 2 gå tapt. Omfang (inkludert inngrepsfri natur): Stort neg. Middels neg. Lite/intet Middels pos. Stort pos. ----- ----- ----- ----- ▲		Middels negative konsekvensar (-2) <i>Også reduksjon av inngrepsfri natur er teke med i vurderinga.</i>
3. Alt. 4.0 + 3.1: Generell skildring av situasjon og eigenskapar/kvalitetar		i) Vurdering av verdi
Alt. 4.0 + 3.1 går gjennom område med til dels store naturverdiar, både for flora og fauna. Lina kryssar verdfulle skogsområde med våtmarksbiotopar i nord, medan ho i skogs- og fjelltraktene i midtre delar (Hemne) passerer våtmarksområde med mange vatn. Litt sør for Vinjeøra vert lina parallellført med eksisterande 132 kV-line opp Kårøydalen, Fjelnadalen og over Nordmarka til Surnadalen. Her hekkar raudlista rovfugl, og særleg over Nordmarka er det store naturverdiar med verdfulle område både for fauna og flora. Når det gjeld inngrepsfrie områder, så er det først og fremst i Hemne kommune ein finn store områder av slik natur innan influensområdet.		Liten Middels Stor ----- ----- ▲
Datagrunnlag: Både i Aure, Hemne og Surnadal kommune byggjer ein god del av grunnlaget på eigne undersøkingar haustane 2003 og 2004. Lengst nord har vi hatt stor nytte av Gaarder 1992, og for alle dei tre kommunane som er påverka er den kommunale naturbasen nyttig. I tillegg kjem einskilde andre litteraturkjelder og ikkje minst munnlege kjelder. NOF avd. Hemne har skaffa tilveges opplysningar om fuglelivet. For nokre områder, både i Hemne og Surnadal burde datagrunnlaget vore betre.	Middels godt	
ii) Skildring og vurdering av mulege verknader og konfliktpotensiale		iii) Samla vurdering
Heilt i nord vil tiltaket medføra at fleire viltområde vert skadelidande p.g.a. kryssing av		Middels/store negative

	<p>fluktruter, særleg for lom, i noko grad også for andre fugleartar. Lom o.a. våtmarksfugl vil dessutan bli kollisjonsutsatt i skog- og fjellstroka mellom Brekka og Vinjeøra. Floraen vil i mindre grad verta skadelidande av tiltaket her, med unntak av eit større myrkompleks vest for Huslia. Lina vil fleire stader bety kollisjonsfare ved passering av hekkeplassar for raudlista rovfugl. Også tiur, orrfugl og rype vert skadelidande. Nokre svært verdfulle rikmyrsområde på Nordmarka i Surnadal kan verta øydelagt av tiltaket om ikkje utbyggjar tek tilstrekkeleg omsyn. Av inngrespsfri natur vil det i Hemne gå tapt 6 km² i sone 1 og 29 km² i sone 2.</p> <p>Omfang (inkludert inngrespsfri natur):</p> <table border="1"> <tr> <td>Stort neg.</td> <td>Middels neg.</td> <td>Lite/intet</td> <td>Middels pos.</td> <td>Stort pos.</td> </tr> <tr> <td>----- ----- ----- ----- ----- </td> </tr> </table>	Stort neg.	Middels neg.	Lite/intet	Middels pos.	Stort pos.	----- ----- ----- ----- -----	<p>konsekvensar (-2/-3)</p> <p><i>I denne vurderinga er også dei negative konsekvensane for inngrespsfri natur teke med.</i></p>
Stort neg.	Middels neg.	Lite/intet	Middels pos.	Stort pos.				
----- ----- ----- ----- -----								
4. Alt. 4.0 + 2.0: Generell skildring av situasjon og eigenskapar/kvalitetar	i) Vurdering av verdi							
Alt. 4.0 + 2.0 vil gå gjennom verdfulle skogsområde med våtmarksbiotopar i nord. I skogs- og fjelltraktene i midtre delar (Hemne) vil ho passere eit verdfullt våmarkssystem med mange vatn og hekkeplassar for raudlista fugl. Både på nord- og sørsida av Vinjefjorden går ho gjennom store område med inngrespsfri natur. Etter luftspennet over fjorden går ho nær fleire lokalitetar for sårbarer rovfuglar/ugler. På Nordmarka i Surnadal vil lina kryssa Vaulen friluftsområde før ho går saman med Gylthalslinna rett aust for Høgmyran naturreservat. I dette området kryssar ho fleire viktige viltområde	Liten Middels Stor ----- -----							
Datagrunnlag:		Middels godt						
ii) Skildring og vurdering av mulege verknader og konfliktpotensiale	iii) Samla vurdering							
<p>Heilt i nord vil tiltaket medføra at fleire viltområde vert skadelidande p.g.a. kryssing av fluktruter, særleg for lom, i noko grad også for andre fugleartar. Lom og til dels rovfugl vil bli kollisjonsutsatt langs vassdraget mellom Brekka og Knyphalsen (Aure-Hemne). Særleg er kryssinga av dalsøkket mellom Kjellarfjellet og Knypo uheldig. Floraen vil i mindre grad verta skadelidande av tiltaket her. Også vidare sørover fjellområda mot Vinjefjorden vert leve- og hekkeområde, særleg for våtmarksfugl, ramma. Av hønsefugl vert særleg orrfugl og rype skadelidande. Luftspennet over Vinjefjorden vil medføre kollisjonsfare for ein (to) raudlista rovfugl som hekkar i området. Ho vil og bli ei kollisjonsfelle der ho går nær/kryssar to hekke- og leveområde for raudlista og regionalt sjeldne rovfuglar/ugler sør for Vinjefjorden. Over Nordmarka er det i første rekke fluktruter for lom som vert ramma. I Hemne vil store område av inngrespsfri natur gå tapt både i sone 1 (17 km²) og sone 2 (22 km²).</p> <p>Omfang (inkludert inngrespsfri natur):</p> <table border="1"> <tr> <td>Stort neg.</td> <td>Middels neg.</td> <td>Lite/intet</td> <td>Middels pos.</td> <td>Stort pos.</td> </tr> <tr> <td>----- ----- ----- ----- ----- </td> </tr> </table>	Stort neg.	Middels neg.	Lite/intet	Middels pos.	Stort pos.	----- ----- ----- ----- -----	<p>Store/svært store neg. (-3/-4)</p> <p><i>I denne vurderinga er også konsekvensane for inngrespsfri natur teke med</i></p>	
Stort neg.	Middels neg.	Lite/intet	Middels pos.	Stort pos.				
----- ----- ----- ----- -----								

¹⁾ Ei eventuell sanering av den eksisterande 132 kV – Gylthalslinna fra Gylthalsen til Trollheim ville ha endra denne rekkjefølgja vesentleg. Dette ville gjeve positive konsekvensar for dei austlege alternativa, og alternativ 5.0 + 3.1 ville kome ut som det mest fordelaktige, medan Gylthalsalternativet ville kome ut som eit av dei mest negative.

5.4 Rangering av dei fire nye alternativa Tjeldbergodden – Trollheim

5.4.1 Naturgrunnlaget

Fauna: Av dei fire nye hovudalternativa inneber alt. 5.0 + 3.1 *middels negative konsekvensar*, alt. 5.0 + 3.2 *svært store negative konsekvensar*. Det fjerde alternativet, 4.0 + 2.0, medfører *store/svært store negative konsekvensar*. Konfliktane er i hovudsak knytt til kollisjonsfare for fugl. Av dei tre første alternativa rammar Gylthals-traséen dei mest sårbarer artane

(hubro o. a. rovfugl), men konflikten er meir knytt til avgrensa traseavsnitt enn for dei to andre alternativa. Ved ei meir heilsakapleg vurdering vil derimot alternativ Gylthalsen ha fordelen av at ein får samla den negative påverknaden på fugelivet, fordi ho i mykje større grad enn dei to andre går parallelt med eksisterande line.

Flora: For floraen vil dei negative konsekvensane truleg verta størst om ein vel alternativet **4.0 + 3.1**. Både ved Huslia i Hemne og på Nordmarka i Surnadal er det verdfulle myrområde som truleg vert skadelidande ved dette alternativet. Ved å bytta ut 4.0 med 5.0 vil ein unngå skader på kjente botaniske verdiar i Hemne, men framleis vil rikmyrane på Nordmarka vera eit risikoområde. Kombinasjonen med 5.0 vil likevel vera meir skånsam. Også ved val av det vestlege alternativet (**Gylthalsen**) vil det vera botaniske naturverdiar som vert skadelidande. Det er særleg området øvst i Bjørndalen i Aure kommune og Nordmarka i Surnadal kommune som er utsett. Ved å knyta **alt. 4.0 til alt. 2.0** ved Knypfelsen vil framleis dei botaniske verdiane nord for Middagsfjellet vera noko utsett for skadar, medan dette alternativet truleg er mest skånsamt mot dei botaniske verdiane på Nordmarka i Surnadalen.

Inngrepsfri natur: I og med at **alt. Gylthalsen** stort sett følgjer eksisterande kraftline, så vil dette alternativet vera mest skånsam mot inngrepsfri natur (reduksjon på ca 3 km² i sone 2). Reduksjonen av inngrepsfri natur vil vera merkbart mindre ved alternativet som omfattar **alt. 5.0** (14 km² i sone 2) enn **alt. 4.0** (ca 6 km² i sone 1 og 29 km² i sone 2). Mest negativ er kombinasjonen **4.0 + 2.0**, med ca 17 km² reduksjon i sone 1 og 22 km² i sone 2 (alt. 4.0 reduserer arealet i sone 2 med 5 km²; alt. 2.0 reduserer arealet i kvar av sonene 1 og 2 med ca 17-18 km²).

5.4.2 Samla vurdering

Sjølv om skilnadane i skadeverknader på flora og fauna for tre av alternativa er relativt små, så vil vi ut frå ei totalvurdering, som også omfattar reduksjon av inngrepsfri natur og fordelen av parallelføring, rangera dei fire alternativa slik (aukande konfliktgrad nedover):

1. **Alternativ Gylthalsen.**: *Middels til stor negativ konsekvens* for fauna og *middels* for flora. Er mest skånsam mot inngrepsfri natur. Samla vurdering; **Middels negative konsekvensar (-2)**.
2. **Alternativ 5.0 + 3.1.** *Middels negativ konsekvens* både for fauna og flora. Er rimeleg skånsam mot inngrepsfri natur, særleg i dei sentrale delane av Hemne. Samla vurdering: **Middels/negative konsekvensar (-2).**
3. **Alternativ 4.0 + 3.1.** *Middels til stor negativ konsekvens* både for fauna og *middels negativ* for flora. Øydelegg store områder med inngrepsfri natur, særleg i Hemne. Samla vurdering: **Middels/store negative konsekvensar (-2/-3).**
4. **Alternativ 4.0 + 2.0.** *Stor til svært stor negativ konsekvens* for fauna og *middels* for flora. Til saman vil dette alternativet øydeleggja store områder med inngrepsfri natur, særleg i Hemne kommune. Samla vurdering: **Store/svært store negative konsekvensar (-3/-4).**

6 Avbøtande tiltak

I dette kapitlet vil vi koma med framlegg om avbøtande tiltak i den grad det er mogleg ut frå datagrunnlaget.

6.1 Generelle tiltak

Sjå Oldervik & Stenberg (2004, s. 73 -- 74).

6.2 Dei ymse alternativa

6.2.1 Gylthalsalternativet

Sanering: Rangeringa til slutt i førre kapittel er basert på at situasjonen i dag vert oppretthalden. Ei eventuell sanering av eksisterande liner kan endra rangeringa. Ei sanering av den eksisterande 132 KV-lina frå Gylthalsen til Trollheim ville truleg ha ført til at Gylthalsalternativet ville kome ut om lag jamstelt med 4.0 + 2.0. Samla vil dei positive verknadene av å sanera eksisterande Gylthalsline verta størst om ein går inn for å byggja ut alternativ 5.0 + 3.1, minst om ein byggjer ut alternativ Gylthalsen.

Tiltak for fauna: På strekninga er det fleire avsnitt der ein bør gjennomføra linemerking for å avbøta kollisjonsfare for fugl. I første rekke gjeld dette passeringa forbi Todalen, eit viktig område for ulike fuglegrupper, særleg hubro o.a. raudlista rovfugl. Truleg er det her ein får størst gevinst ved å sanera eksisterande line. Om dette framstår som lite aktuelt i dagens situasjon, bør topplinene fjernast og faselinene merkast på begge linene. Også kryssinga av Nordmarka bør prioriterast for linemerking/fjerning av toppline. Dette vil avbøta kollisjonsfare for lom o.a. fugl knytt til ferskvatn. Av andre passeringar vil vi tilrå linemerking forbi Romundsetvatnet (pga. storlom og hønsefugl) og forbi Torsetvatnet (pga. storlom). Om hubro skulle etablira seg på nytt på ein kjent, eldre hekkelokalitet (Nordmarka) bør avbøtande tiltak gjennomførast.

Tiltak for flora: Å plassera master, samt køyring med beltevogn eller liknande køyrety på Teinhaugmyra bør ikkje verta tillette. Ein bør i størst mogleg grad prøva å spa gammal fjellnær skog (vernskog). Dette gjeld både i Veatalen, i Aurdalen og øvst i Bjøringdalen. Ved passeringa av Aure naturreservat bør ein unngå å legga traseen slik at det vert naudsynt med hogst i reservatet. Rikmyrsområda både øvst i Aurdalen (Tverrbotnen) og øvst i Bjøringdalen bør unnatakast frå all terregnkøyring både vinter og sommar. Med dei milde vintrane og tynne snødekket vi har hatt dei seinare åra, så vil skadar lett kunne oppstå også om vinteren. Dei same restriksjonane må sjølv sagt også leggast på dei rike myrområda på Nordmarka i Surnadalen (m.a. Fagermyrane og Høgmyran). Ein bør unngå skogrydding på nordsida av Todalen i Aure. Eventuelt luftspenn over dalen vil gje problemstillinga mindre aktuell.

6.2.2 Parsellen frå Tjeldbergodden til Middagsfjellet (4.0 og 5.0)

Tiltak for fauna: Det er to trekkruter for vasstilknytta fugl på strekninga, der særleg strekninga mellom Skulpen og Rennsjøen bør prioriterast for kollisjonsførebyggande tiltak. Dette er viktig hekkeområde for lom, med trafikk mellom dei 2 (3) hekkeplassane i vatna og sjøen. Topplina bør fjernast på heile strekninga, og faselinene merkast. Ein bør og vurdera om kryssinga over Brekka i søraust, bør merkast av omsyn til ender på trekk til/frå Sengsdalsvatnet. I Sengsdalen bør ei unngå all traserydding for å spa biotopar for hakkespettar.

Tiltak for flora: Om Teinhaugmyra, sjå under Gylthalsalternativet. Ved passering av punktfunn av sjeldan raudlista sopp mellom Svartosen og Rennsjøen må ein unngå å plassera master der, samt unngå terregnkøyring på staden (Sjå UTM-koordinatar under lokalitetsskildringa). Opp den bratte lia i Mammaholet bør ein unngå hogst i særleg grad opp mot fjellet. Etter det vi har fått opplyst (Kjell Magne Lervik), så skal lina gå i luftspenn over Sengsdalen, noko som skulle gjera eventuell hogst her unaudsynt. Det same gjeld strekket frå Fevelfjellet og sørover mot Middagsfjellet.. Ein bør unngå terregnkøyring på rikmyrsområdet aust for Brekka.

6.2.3 Alt. 4.0 frå Middagsfjellet til Eidsfjellet

Tiltak for fauna: To linekryssingar forbi hekkeområde for lom bør merkast: Ved utløpet av Steinvatnet og ved eit tjørn nord for Blomstadvatnet. Vidare bør ein kartleggja trekkruter for hønsefugl, og fjerna topplinene på desse strekningane.

Tiltak for flora: Plassering av eventuelle mastrer i det store myrkomplekset ved Huslia bør gjerast berre i samråd med fagperson. Terregnkøyring i området bør unngåast same kva årstid det er.

6.2.4 Alt. 5.0 frå Middagsfjellet til Eidsfjellet

Tiltak for fauna: Ut frå dagens kunnskap verkar passeringa over Lifjellet mest viktig for avbøtande tiltak. Merking av topplinene vil i nokon grad kunne avbøta kollisjonsfare for storlom og smålom. Feltarbeid til våren vil venteleg tena til å lokalisera viktige skogshabitat (for storfugl, hakkespettar og hønsehauk) der ein bør avgrensa trasérydding og merka topplinene. Særleg synest partiet mellom Seteråsen og Lægdalva aktuelle for slike tiltak.

Tiltak for flora: Ein bør unngå terregnkøyring på den intakte låglandsmyra sør for Lifjellet (Tverrdalsmyrane). Eventuelle mastrer kan naturleg plasserast på dei fastare (berg)ryggane som fins der.

6.2.5 Alt. 3.1 frå Eidsfjellet til Trollheim

Sjå Oldervik, F. & Stenberg, I. 2004 s. 76.

6.2.6 Alt. 2.0 frå Sjølisetra til Trollheim

Der tilknytinga mellom alternativ 4.0 g 2.0 ved Litlknypo kryssar sannsynleg trekkrute for lom og ender frå fjellet ned til Sandvatnet trengst kollisjonsførebyggande tiltak. Topplinene bør difor merkast her. For tiltak langs resten av trasé 2.0 viser vi til Oldervik, F & Stenberg, I. 2004 s. 76.

7 Oppsummering

Nye alternativ for 420-kV kraftline vil medføra *middels til store/svært store negative konsekvensar* for tema flora og fauna inkl. inngrepsfrie naturområde. Av faunaen er det primært fuglelivet som blir ramma, mest pga. kollisjonsfare for ulike raudlisteartar (lom, hubro o.a. rovfugl) og hønsefugl. Ut frå ei generell vurdering er det ikkje venta nemnande negative verknadar for hjortevilt i driftsfasen, trass i passering av viktige trekk- og overvintringsområde. For floraen er konfliktane knytt til trasérydding i gammalskog og fare for terrengskadar ved mastepllassering og anleggstrafikk. I utreiinga har vi ikkje spesielt vurdert konfliktar pga. terrengkøyring og vegbygging, sidan transportplanen ikkje konkretiserer slike tiltak.

Den mest sårbare strekninga for fuglelivet er der traséen kryssar Nordmarka i Surnadal (hekkande våtmarksfugl) og Todalen i Aure (klippehekkande rovfugl/ugle). Ny line gjennom viktige leveområde for kollisjonsutsette hønsefuglar trugar bestandane over relativt store område. For sjøfugl er særleg linespennet over det viktige beiteområdet i Torsetsundet uheldig. Også for floraen er kryssinga av Nordmarka konfliktfull, pga. nasjonale verdiar knytt til myr og gammal kulturmark. I Aure vil trasérydding stadvis kunne ramma gammal furuskog med sjeldne soppartar .

Ein viktig årsak til at vi totalt sett vurderer vestre alternativ (Gylthalsen) som minst negativ, er at traséen i stor grad går parallelt med eksisterande line. Det mest negative ved dette trasévalet er passering av ein (to) hubrolokalitetar. Av dei tre austre alternativa vurderer vi skadeverknaden som minst ved alternativ 5.0 + 3.1. Denne traséen er relativt skånsam mot inngrepsfri natur, men er likevel konfliktfylt for både flora og fauna (feltarbeid våren 2005 vil venteleg styrka datagrunnlaget). At kombinasjonen 4.0 + 2.0 står fram som mest negativ, skuldast primært trugsmål mot fuglelivet og reduksjon i inngrepsfri natur. Dei andre nye traséane vil bety noko mindre belastning på naturmiljøet enn tidlegare vurderte løysingar (jfr Oldervik & Stenberg 2004).

Det synest generelt enklare å avbøta skadar på floraen enn på fuglelivet, ved t.d. å unngå terrengtransport i sårbarer område, særleg på berrmark, og spa mest muleg skogvegetasjon under trasérydding. Somme stadar kan omlegging av lina vera eit aktuelt tiltak. Forbi regulære trekkruter for fugl er det dokumentert at linemerking og/eller fjerning av topplina er viktig for å avgrensa kollisjonsfaren. Dette tiltaket er difor tilrådd der ho passerer hekkeområde for våtmarksfugl, rovfugl og hønsefugl.

8 Oppfølgjande undersøkingar

8.1 Generelt

Sidan feltarbeidet vart gjort om hausten og delvis førejulsvinteren, så er det manglar ved den naturfaglege kunnskapen om området. Vi reknar likevel ikkje med at desse manglane er så store at dei vil medføra vesentleg endring av rangeringa mellom alternativa.

8.2 Manglar ved det noverande datagrunnlaget

For fauna manglar vi fleire stader tilstrekkeleg datagrunnlag for fugl knytt til skog (storfugl, hønsehauk og hakkespettar) og våtmark (t.d. Lægdelva). Dette gjeld i første rekke alternativ 5.0, men og delar av Gylthals-alternativet. Vi reknar med at feltarbeidet våren 2005 vil bøta på dette. Det ville og vore ønskeleg med ei kartlegging av Kårøydalen om våren, spesielt med tanke på spillplassar for tiur (eksisterande viltkart gjev ingen informasjon om dette).

På Nordmarka er det ønskeleg med ei betre inventering av salamander og flora langs traséen for å hindra at nøkkelområde går tapt.

Mange av dei beste kalkindikatorane på rik berggrunn blant karplantane dukkar opp relativt seint på sesongen (juli/august), så det beste hadde vore om ein kunne ha brukt eit par feltdagar også på denne tida av året. Det er særleg Nordmarka, Surnadalen ein tenkjer på her, men også nokre av dei andre fjellområda skulle ha vore betre undersøkt med tanke på kalkrike område.

8.3 Målretta undersøkingar

Sjølv om vi har støtta oss til eksisterande data, er det behov for oppfølgjande registreringar i delar av utreiingsområdet. Det kan og vera at Statnett i løpet av vinteren/våren kjem fram til at dei vil utelate eit (to?) av dei alternativa vi har utreidd så langt. I og med at vi har sett av noko av feltarbeidet til vår og sommar, så kan vi om så skjer, konsentrera feltinnsatsen om dei mest aktuelle traseane. Vi vil kunne skaffa oss sikrare kunnskap om sårbare område, slik at avbøtande tiltak kan setjast inn der dei trengs mest og der dei har størst verknad. Vidare vil vi kunne få eit betre grunnlag for å koma med framlegg om større eller mindre justeringar av traseen der dette kan gje ein vesentleg miljøgevinst.

9 Kjelder

9.1 Skriftlege kjelder

Aune, E.I. 1976. Botaniske undersøkjingar i samband med generalplanarbeidet i Hemne kommune, Sør-Trøndelag. K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. Bot. Ser. 1976-1.

Brodtkorb, Eilif & Selboe, Odd-Kristian. 2004. Veileder nr. 1/2004 (NVE). Dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk (1 – 10 MW)

Børset, A. 1979. Inventering av skogreservater på statens grunn. Institutt for naturforvaltning, Noregs landbrukshøgskole. NF-rapport 3/79

Direktoratet for naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11 (oppdatert i 2000). 112 s.

Direktoratet for naturforvaltning 1999a. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 161 s.

Direktoratet for naturforvaltning 1999b. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13-1999.

Direktoratet for naturforvaltning 1999c. Inngrepsfrie naturområder i Møre og Romsdal 1988 og 98. Registrert med bakgrunn i avstand fra tyngre tekniske inngrep. Kart.

Direktoratet for naturforvaltning 2002. Oversikt over truete vegetasjonstyper i naturtypene. DN-håndbok nr. 13-1999.

Erichson, J., Hjortstam, K. & Ryvarden, L. 1973 – 1988. The Corticiaceae of North Europe, Volume 1 – 8.

Fremstad, E. 1994. Vegetasjonskart Tjeldbergodden, Aure, Møre og Romsdal. -NINA Oppdragsmelding 265.

Fremstad, E. 1997. Vegetasjontyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Frisvoll, A.A., Elvebakk, A., Flatberg, K.I. & Økland, R.H. 1995. Sjekkliste over norske mosar. Vitskapleg og norsk namnverk. NINA Temahefte 4: 1-104.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1982. Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1988. Utkast til verneplan for myr. 143 s.

Gaarder, G. 1992. Veg til Tjeldbergodden. Temarapport: Flora, fauna og naturvern. ØKOMOD rapport 1992:6.

Gaarder, G., Holtan, D. & Jordal, J.B. 2001. Kartlegging av naturtyper - fylkestilpassede faktaark for Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga. Rapport nr. 2001:02. 62 s.

Gaarder, G. & Jordal, J.B. 2001. Rødlistearter i Møre og Romsdal 2001. Planter, moser, kransalger, sopp, lav og sommerfugler. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga. Rapport 2001:01. 88 s.

Gaarder, G. & Jordal, J.B. 2003. Regionalt sjeldne og truete plantearter i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga. Rapport 2003:01. 70 s.

- Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. Norsk fugleatlas. Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu..
- Holten, J.I. 1978. Verneverdige edellauvskoger i Trøndelag. K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. Bot. Ser. 1978-4.
- Jordal, J.B. & Gaarder, G. 2003. Funnoversikt for rødlisterarter i Møre og Romsdal, kransalger, lav, moser, karplanter, sopp og sommerfugl. Database. URL: <http://www.fm-mr.stat.no/>
- Krog, H., Østhagen, H. & Tønsberg, T. 1994. Lavflora. Norske busk- og bladlav. 2. Utgave. UniversitetsForlaget.
- Larsson, Karl-Henrik 1997 (Red): Artdatabanken: Rødlistade svampar i Sverige.
- Langvatn, R. 1998. Hjortens erobring av Norge. s. 54 - 71 i: Brox, K.H. (red) Brennpunkt Natur 98/99.
- Langvatn, R. & Heggberget, T.M. 1997. Industriutbygging på Tjeldbergodden , - viltbiologisk undersøkelser. NINA Oppdragsmelding 464.
- Lid, J. & Lid, D.T. 1994. Norsk flora. 6. Utgåve ved Reidar Elven. Det norske samlaget. 1016 s.
- Miljøverndepartementet 1999. Konsekvensutredninger etter Plan- og bygningslovens kap VII-a. Forskrift T-1281.
- Miljøverndepartementet 2001. St. meld. nr. 42 (2000-2001). Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. 220 s.
- Moen, A. 1975. Myrundersøkelser i Sør-Trøndelag og Hedmark i forbindelse med den norske myrreservatplanen. K. Norske Vidensk. Selsk. Rapp. Bot. Ser. 1983-4: 1-138.
- Moen, A. 1984. Myrundersøkelser i Møre og Romsdal i forbindelse med den norske myrreservatplanen. Det kgl. Norske vidensk. Selsk. Mus. Rap. Bot. ser. 1984-5. 86 s.
- Moen, A. (red.) 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk.
- Moen, A. 2000. Botanisk kartlegging og plan for skjøtsel av Tågdalen naturreservat i Surnadal. Norges teknisk - naturvitenskapelige universitet Vitenskapsmuseet. Rapport botanisk serie 2000 - 7.
- Møre og Romsdal fylkeskommune 2000. Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde. Rapport. 44 s. + vedlegg.
- Norsk Ornitologisk Forening, avd Møre og Romsdal 1991. Ornitologiske registreringar i fjellstroka mellom Hemne og Aure (Feltotatar) .
- Nordenfjeldske Energi A/S 1998. 300 (420) kV kraftledning Tjeldbergodden-Trollheim. Melding med utkast til konsekvensutredningsprogram.
- NVE 2000. Nordenfjeldske Energi - 300 (420) kV kraftledning fra Tjeldbergodden til Trollheim. Konsekvensutredningsprogram.
- Oldervik, F. 1996 – 2004. Feltnotat om karplantar, sopp, lav og naturtypar i Aure kommune.
- Oldervik, F. 2003. Raudlisteartar, signalartar og andre sjeldne artar av vedboande sopp i gammal furuskog i Møre og Romsdal (in.prep.).
- Oldervik, F. & Stenberg, I. 2004. 420 kV-kraftleidning Tjeldbergodden-Trollheim. Konsekvensutreiling på tema flora og fauna. Norsk Ornitologisk Forening Rapport nr. 6 – 2004.

- Origo Miljø 2002. Naturtypar i Hemne.
- Ryvarden, L. & Gilbertson R. L. 1993-1994..European polypores, part 1-2.
- Ryvarden, L., Stokland, J & Larsson, K-H., 2003. A critical checklist of corticoid and poroid fungi of Norway.
- Solbakken, K. A., Rudolfsen, G. & Myklebust, M. 2001a. Kartlegging av hvitryggspett i Trøndelag 1999. Norsk Ornitologisk Forrenning. Rapport nr. 3 – 2001.
- Solbakken, K. A., Rudolfsen, G. & Myklebust, M. 2001b. Kartlegging av hvitryggspett i Trøndelag 2000. Norsk Ornitologisk Forening. Rapport nr. xxx – 2001.
- Statens vegvesen 1995. Konsekvensanalyser. Håndbok 140. Del I-IV.
- Statnett 2003. 300/420 kV Tjeldbergodden Trollheim. Ledningsbygging, Transportveier og Riggområde.
- Statnett 2004. Systembegrunnelse 420 kV Forbindelse Tjeldbergodden-Trollheim. Notat.
- Tveten, E., Lutro, O. Thorsnes, T. 1998. Geologisk kart over Noreg, berggrunnskart ÅLESUND, M 1: 250 000 Norges geologiske undersøking.
- Wingan, R. 1996. Viltet i Hemne kommune. Hemne kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

9.2 Muntlege kjelder

- AK: Atle Karlstrøm, Hemne
- DH: Dag Holtan, Ørskog
- GFL: Geir Frode Langelo, Tustna
- GGa: Geir Gaarder, Tingvoll
- GN: Gunnar Nilsen, Kjørsvikbugen/Trondheim
- HO: Hans Olsvik, Aure
- IMG: Ivar Magne Gresset, Aure
- JKA: Jon Kaasa, Trondheim?
- JOB: Jan Ove Bratset, Hemne
- JOM: Jon Anders Moe
- JT: Johan Todal, Aure
- KJG: Karl Johan Grimstad, Hareid
- KT: Karsten Todal, Rindal/Aure
- LB: Lars Bjøring, Aure
- ML: Magnar Lien, Aure
- NR: Nils Røv, Trondheim
- OTS: Ottar Sandshamn, Aure

10 Vedlegg

10.1 Vedlegg nr. 1 Skjematisk framstilling av ein konsekvensanalyse

Denne matrisa er henta frå handbok for kartlegging av biologisk mangfald ved utbygging av småkraftverk (Sjå NVE -handbok 1/2004)

Desse vurderingane er grunna på ein ”standardisert” og systematisk tre-trinns prosedyre for å gjera analysar, konklusjonar og tilrådingar meir objektive, lettare å forstå og lettare å etterprøva.

Steg 1


Status/Verdi

Verdsetting for tema biologisk mangfald er gjort ut frå ulike kjelder og basert på metode utarbeidd av Statens vegvesen. Unnatak er at geologi og kvartærgeologi ikkje vert trekt inn her.

Kjelde	Stor verdi	Middels verdi	Liten verdi
Naturtypar (Kjelde: DN handbok 1999-13 og St.meld 8 (1999-2000))	Store og/eller intakte områder med naturtypar som er truga	- Små og/eller delvis intakte områder med naturtypar som er truga - Større og/eller intakte områder med naturtypar som er omsynskrevjande	- Små og/eller delvis intakte områder med naturtypar som er omsynskrevjande - Andre registrerte naturområdar/naturtypar som lokalt utgjer noko positivt for det biologiske mangfaldet
Vilt (Kjelde: DN handbok 1996-11)	Svært viktige viltområdar	Viktige viltområdar	Registrerte viltområdar med verdi sett frå ein lokal ståstad.
Ferskvatn (Kilde: DN handbok 2000-15)	Sjå detaljert inndeling i handboka (inndeling for: viktige populasjonar av ferskvassfisk (som laks og storaure), lokalitetar ikkje påverka av utsett fisk og lokalitetar med opphavlege plante- og dyresamfunn)		
Raudlista artar (Kjelde: DN-rapport 1999-3)	Artar i kategoriane "direkte truga", "sårbar" eller "sjeldan", eller der det er grunn til å tru at slike finst	- Artar i kategoriane "omsynskrevjande" eller "bør overvakast", eller der det er grunn til å tru at slike finst - Artar som står på den regionale raudlista	Leveområde for artar som lokalt er uvanlege
Truga vegetasjonstypar (Kjelde: Fremstad & Moen 2001)	Store og/eller intakte område med vegetasjonstypar i kategoriane "akutt truga" og "sterkt truga"	- Små og/eller delvis intakte område med vegetasjonstypar i kategoriane "akutt truga" og "sterkt truga" - Store og/eller intakte område med vegetasjonstypar i kategoriane "noko truga" og "omsynskrevjande"	Små og/eller delvis intakte område med vegetasjonstypar i kategorien "noko truga" og "omsynskrevjande"
Lovstatus (Kjelde: Ymse verneplanarbeid)	- Område verna eller tilrådd verna - Område som er tilrådd verna, men ikkje teke til følgje grunna storleik eller omfang	- Område som er vurdert, men ikkje verna etter naturvernloven, og som er funne å ha lokal/regional naturverdi - Lokale verneområde (Pbl.)	Område som er vurdert, men ikkje verna etter naturvernloven, og som er funne å ha berre lokal naturverdi
Inngrepssfrie og samanhengande naturområde	Inngrepssfrie naturområde større enn 25 km ²	- Inngrepssfrie naturområde mellom 5 - 25 km ² - Samanhengande naturområde over 25 km ² , noko prega av tekniske	- Inngrepssfrie naturområde mellom 1 - 5 km ² - Samanhengande naturområde mellom 5 -

		inngrep	25 km ² , noko prega av tekniske inngrep
--	--	---------	---


Verdien blir fastsett langs ein skala som spenner frå *liten verdi* til *stor verdi* (sjå døme).



Steg 2

Omfang

I steg 2 skal ein skildra og vurdera type og omfang av moglege verknader om tiltaket vert gjennomført. Konsekvensane blir m.a. vurdert ut frå omfang i tid og rom, og kor truleg det er at dei skal oppstå. Omfanget vert vurdert langs ein skala frå *stort negativt omfang* til *stort positivt omfang* (sjå døme).



Steg 3

Konsekvens

I det tredje og siste steget i vurderingane skal ein kombinera verdien (temaet) og omfanget av tiltaket for å få den samla vurderinga av tiltaket. Denne samanstillinga gjev eit resultat langs ein skala frå *svært stor positiv konsekvens* til *svært stor negativ konsekvens* (sjå under). Dei ulike kategoriane er illustrert ved å nytta symbola “-” og “+”.

Symbol	Skildring
+ 4	Svært stor positiv konsekvens
+ 3	Stor positiv konsekvens
+ 2	Middels positiv konsekvens
+ 1	Liten positiv konsekvens
0	liten/ingen konsekvens
- 1	Liten negativ konsekvens
- 2	Middels negativ konsekvens
- 3	Stor negativ konsekvens
- 4	Svært stor negativ konsekvens

Oppsummering

Vurderinga vert avslutta med eit oppsummeringsskjema for temaet (Kap. 7). Dette skjemaet oppsummerar verdivurderingane, vurderingane av omfang og konsekvensar og ein kort vurdering av kor gode grunnlagsdata ein har (kvalitet og kvantitet), som ein indikasjon på kor sikre vurderingane er.

Datagrunnlaget blir klassifisert i fire grupper som følger:

Klasse	Skildring
1	Svært godt datagrunnlag
2	Godt datagrunnlag
3	Middels godt datagrunnlag
4	Mindre godt datagrunnlag

10.2 Vedlegg nr. 2. Lokalitetsskildringar

10.2.1 Lokalitetar langs traséalternativ Gylthalsen

1. Kjørsvikbugen: Teinhaustmyra (Ombrotrof høgmyr)

Kommune:

Aure

Kartblad:

1421 IV (Skardsøya)

UTM (EUREF 89):

MR 85 30

Høgd over havet:

ca 60 m

Hovudnaturtype:

Myr

Naturtype:

Høgmyr (Ombrotrof m.m.)

Prioritet:

Viktig (B)

Moglege trugsmål:

Grøfting, vegbygging, anleggsarbeid ved bygging av kraftline.

Undersøkt:

Tor Øystein Olsen (07.08.1980) FGO (27.08.03.)

Kjelder:

Moen et al., 1984; Fremstad 1994; Langvatn & Heggberget 1997

Områdeskildring:

Generelt: Lokaliteten ligg mellom hovudvegen og vegen ned til anlegget på Tjeldbergodden. Området er samansett av fleire myrkompleks, skilde av ein bekk og fastmarksryggjar. Fleire utformingar opptrer, men mest finn ein av ombrotrof planmyr/høgmyr. Ombrotrofe myrar med erosjonspartier dekkjer omlag 40 % av området. Bakkemyr utan særskilde strukturar, dominert av furu, dekkjer omlag 40 %, medan plan nedbørsmyr med uregelmessige strukturar utan erosjon dekkjer omlag 10 % av området.

Vegetasjon: På flatmyra/høgmyra veks noko takrøyrr, medan høljemattene er dominert av bjønnskjegg. Kvityng, bjørk, molte, soldogg, dystorr, kvitmyrak og klokkeløyng er vanlege artar. Einskilde stader finn ein mykje rome. I botnen er det mykje vortetormose, men dvergtormose dekkjer også store areal. Tuvene er dominert av røsslyng, men torvull dekkjer også mykje. I nordkant av myra er det ein liten dam med takrøyrr i kantsona.

Kulturpåverknad: To kraftliner kryssar myra, og i nord er myrkomplekset avskore av vegen ned til Tjeldbergodden. I aust står ein lagerbygning tett inn til myra. Trass i dette er det meste av myra intakt.

Artsfunn: Ingen spesielle planteartar er påvist. Myra ligg i utkanten av eit av dei viktigaste overvintringsområda for hjort i Midt-Noreg. Han trekkjer hit frå eit større område på Nordmøre og i Sør-Trøndelag. Viktigast for overvintring synest området sørover frå Gangåsen å vera, medan området ved Tjeldbergodden er vurdert som därlege hjortebiotopar.

Verdsetting: I kultur/jordbrukslandskapet er slike myrar vorte sjeldne. Den vesle dammen med takrøyrsbeltet rundt er viktig leveområde for fugl, medan sjølve dammen er tilhaldstad for augnestikkjarar og andre organismar. På grunn av at naturtypen er sjeldan i regionen er verdien oppjustert til viktig (C)

Skjøtsel og omsyn

Det beste er om ein unngår vidare inngrep i myra.

2. Rognbugen (viltbiotop)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 IV (Skardsøya)
UTM (EUREF 89):	MR 837 258
Høgd over havet:	0-5 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	<i>Viktig (B)</i>
Moglege trugsmål:	forstyrring
Undersøkt/kjelde:	Naturbasen

Områdeskildring

Generelt: Ei nordvendt bukt i Dromnessundet, med strand av grus, rullestein og klipper.

Kulturmåverknad: Ein bilveg passerer i sjøkanten.

Artsfunn: Oteren har hi- og soveplass innafor lokaliteten.

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til B (viktig) pga. tilhald av oter.

3. Ulvsnesbukta (Viltbiotop, strandeng og strandsump)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 IV (Skardsøya)
UTM (EUREF 89):	MR 845 253
Høgd over havet:	0-5 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Viltbiotop, strandeng og strandsump
Prioritet:	<i>Viktig (B)</i>
Moglege trugsmål:	Forstyrring, kraftline
Undersøkt/kjelde:	Naturbasen, Gaarder 1992.

Områdeskildring

Generelt: Lun, austvendt bukt i Dromnessundet. I sørkant av bukta ligg det ei ganske stor strandeng som er skjerma av skog på tre kantar og sjø på austsida. På nordvestsida av enga er det ganske rik sumpskogprega oreskog med både gråor og litt svartor. I søraust kjem det ned eit dråg med intermediær myr. Ytre delar har taresaltgrasgrusstrand, medan indre delar er ein mosaikk av sivaks/storr – strandeng med pølstorr i forseikningar og rustsivaks på betre drenerte stadar.

Vegetasjon: Tresjiktet i dei indre delane av området er som tidlegare nemnt dominert av gråor og svartor. I feltsjiktet i det intermediære myrdråget vil ein finna artar som grønstorr og loppestorr.

Feltsjiktet i strandenga er dominert av artar som; pølstorr, rustsivaks, knopparve, strandkryp, saltbendel og fjøresaulauk.

Kulturmåverknad: Rv 680 passerer i sjøkanten og ei kraftline kryssar over.

Artsfunn: Bukta er hekkeplass for vassfugl, som og nyttar lokaliteten som rastepllass på trekk. Eit hjortetrekk kryssar sundet frå fastlandet over til Ulvsnestangen på Skardsøya (Om planteartar; sjå under vegetasjon)

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til *Viktig (B)* fordi den er viktig for sjøfugl og vadalar.

4. Romundsetvatnet (Viltbiotop, myr/ferskvatn)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 IV Skardsøya
UTM (EUREF 89):	MR 80-83 220-234
Høgd over havet:	ca 100 – 200 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Skog, myr, ferskvatn
Naturtype:	Viltbiotop, rik ferskvassvegetasjon m.m.
Prioritet:	<i>Viktig (B)</i>
Moglege trugsmål:	Hogst, kraftline, forstyrring, oppdemming eller utgrøfting av sjølve vatnet.

Undersøkt/kjelde: Naturbasen, JKA: 14.08.1955 (krysslister), FGO: 08.06.2002 (felnotat)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i eit delvis myrlendt skogsterreng med furu som hovudtreslag. Terrenget er småkollut og vekslar mellom furuskog, små myrer og ferskvatn, der det største er Romundsetvatnet.

Vegetasjon: Furu er dominerande treslag. I Romundsetvatnet har vestlege delen best utvikla vassvegetasjon med stort artsmangfald. Også dei nærliggjande myrområda til vatnet har ein artsrik vegetasjon.

Kulturpåverknad: I nordvest kryssar ei kraftline lokaliteten. Romundsetvatnet har i ein periode vore oppdemt noko. Ei seter (Romundsetsetra) ligg ved sørvestenden av vatnet.

Artsfunn: Storlom hekkar i Romundsetvatnet, og det er registrert fleire spillplassar for orrfugl og storfugl både aust og vest for vatnet. Sør og vestsida av Skardsøya er vinterbeite for hjort og elg.

Då botanikaren, Jon Kaasa vitja lokaliteten 14.08.1955 noterte han m.a. følgjande planteartar i eller nær Romundsetvatnet: brunmyrak, småpiggknopp, vrangblærerot, gytjeblærerot, småblærerot, mjukt brasmebras, botnegras, hesterumpe, tusenblad, kantnøkkerose og nøkkesiv. (*Rhynchospora fusca*, *Sparganium natans*, *Utricularia australis*, *Utricularia intermedia*, *Utricularia minor*, *Isoëtes echinospora*, *Lobelia dortmanna*, *Hippuris vulgaris*, *Myriophyllum alterniflorum*, *Nymphaea alba* ssp. *candida* og *Juncus stygius*). I tillegg til desse vart følgjande tre artar notert av Finn Oldervik 08.06.2002: Myrfrytle, særbusk og sumpblærerot. (*Luzula sudetica*, *Carex dioica* og *Utricularia stygia*. Av desse står følgjande artar på den regionale raudlista som omsynskrevjande: Gytjeblærerot, brunmyrak og nøkkesiv. Så vidt ein kjener til, så er funnet av nøkkesiv det einaste i nordlegaste delen av Møre og Romsdal.

Verdsetjing: Grunna funn av tre regionalt omsynskrevjande planteartar, samt ein uvanleg godt utvikla vassvegetasjon vert lokaliteten verdsett til **Viktig (B)**. Lokaliteten får også verdien **B** som viltlokalitet pga. hekking av storlom, og fordi området er viktig for småvilt (hønsefugl).

Skjøtsel og omsyn

Vatnet og dei kringliggjande myrene treng ikkje særskilt skjøtsel, men ein må unngå alle inngrep som grøfting, oppdemming og liknande.

5. Torsetsundet (viltbiotop)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 IV (Skardsøya)
UTM (EUREF 89):	MR 800 208
Høgd over havet:	ca 0-10 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	Viktig (B)
Moglege trugsmål:	Forstyrring, kraftline
Undersøkt/kjelde:	Naturbasen

Områdeskildring

Generelt: Dette smale sundet mellom Skardsøya og fastlandet har ein grunn terskel her ved Torsetsundbrua, noko som medfører ein ganske sterk tidevass-straum. Dette gjev gode produksjonstilhøve i sjøen.

Kulturpåverknad: Det går bru over sundet, og langs stranda er det parti med dyrkamark.

Artsfunn: Området er beiteplass for sjøfugl, og særleg om vinteren kan det vera flokkar med fleire hundre ærfugl og siland. Ein finn og hiområde for oter innan lokaliteten.

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til: **Viktig (B)** pga. hiområde for oter og fordi dette er eit godt beiteområde for sjøfugl.

6. Veadalen (Viltbiotop, gammalskog)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 IV (Skardsøya)
UTM (EUREF 89):	MR 80 – 81 185 – 197
Høgd over havet:	100 – 350 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gammalskog
Prioritet:	Lokalt viktig (C)
Moglege trugsmål:	Hogst (av linetrase)
Undersøkt/kjelde:	FGO ca 1990 og 12.12.2004

Områdeskildring

Generelt: Opphavleg er dette eit gammalt seterområde der det flate partiet oppe i den nord vendte gryta som terrenget dannar, no er dyrka opp og brukt som fellesbeite. I delar av lia nord for dyrkamarka finn ein restar av gammal lågurtfuruskog med innslag av bjørk og rogn.

Vegetasjon: I tresjiktet dominerer furu i dei midtre delane av lia, medan bjørk er det dominante treslaget i dei bratte liene næraast snaufjellet. Grunna den nord vendte eksponeringa så er tresett bakkemyr vanleg på denne lokaliteten.

Kulturpåverknad: Ymse godt synlege former for menneskeleg påverknad er til dels dominante.

Først og fremst gjeld dette det store fellesbeitet øvst i dalen. Ein bilveg er bygd opp til beitet.

Granplantasjar finn ein fleire stadar i omegn.

Artsfunn: Ungekull av fjellvåk sett ca 1990. Tretåspett med hekkeåtferd observert våren 2000. (Begge observasjonane gjort av FGO)

Verdsetjing: **Lokalt viktig (C)**

Skjøtsel og omsyn

Ein bør søkja å ta vare det som er att av gammalskog på lokaliteten.

7. Slettfjellet (Gammal furuskog)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 IV (Skardsøya)
UTM (EUREF 89):	MR 794-800 180 183
Høgd over havet:	340 – 450 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gammalskog
Prioritet:	Svært viktig (A)
Moglege trugsmål:	Hogst (av linetrase)
Undersøkt/kjelde:	FGO 03.11.2002 og 02.03.2003 (Feltnotat og herbariebelegg)

Områdeskildring

Generelt: I hovudsak er dette ei lauvskogsli med innslag av noko gammal furu. Skogen i området er lite påverka av hogst og synlege hogstspor finn ein ikkje i denne lia

Vegetasjon: Som nemnt i førre avsnittet, så er det mest lauvskog i lia med bjørk som den dominante arten, men noko rogn og selje vil ein og finna. I tillegg veks det ein del gammal furuskog der. M.a. vart ei gammal daud furu vurdert til å ha byrja livet sitt før svartedauden.

Kulturpåverknad: Ingen synleg.

Artsfunn: I og med at det er ein god del daud ved av furu på denne lokaliteten, så har ein konsentrert registreringa av artar med råtevedsopp. Den mest sjeldne arten som vart funnen frå denne gruppa er *Physodontia lundellii* (V). Dette er ein sårbar art som ein tidlegare har rekna som knytt til meir kontinentale stråk. Av andre råtevedsoppar kan nemnast: *Paulicorticium ansatum*, *Skeletocutis lenis*, *Skeletocutis vulgaris* og *Phlebia cretacea* (DC).

Verdsetjing: Funn av både sårbar og omsynskrevjande sopp gjer at lokaliteten må vurderast som:

Svært viktig (A).

Skjøtsel og omsyn

Det er det beste om lokaliteten får vera i fred for alle menneskelege inngrep, inkludert hogst av kraftlinetrase.

8. Bergsvatnet (Vegetasjonsrikt vatn)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 IV (Skardsøya)
UTM (EUREF 89):	MR 803 175
Høgd over havet:	311 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Vegetasjonsrikt vatn
Prioritet:	Viktig (B)
Moglege trugsmål:	Oppdemming – utgrøfting
Undersøkt/kjelde:	FGO: 02.08.2002

Områdeskildring

Generelt: Bergsvatnet er eit vegetasjonsrikt lite vatn aust for Bergsfjellet og sør for Bergssetra.

Vegetasjon: Vassvegetasjonen i vatnet er stort sett slik ein kan venta i eit ganske grunt vatn i regionen. Sjå elles under artsfunn.

Kulturpåverknad: Ingen vesentleg.

Artsfunn: I Bergsvatnet veks mellom anna den for Møre og Romsdal svært sjeldne gule nøkkerosa *Nuphar lutea*. På den regionale raudlista står denne arten oppført som sterkt truga (EN). Grunnen er at gul nøkkerose er kjent berre fra 2-3 lokalitetar (alle i Aure) i heile fylket.

Verdsetting: Grunna at det veks ein regionalt sterkt truga planteart i Bergsvatnet må lokaliteten verdsetjast til **Viktig (B)**.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten treng ikkje særskilt skjøtsel. Det beste er å la vatnet få vera i fred for all menneskeleg påverknad.

9. Tverrbotnen med omegn (Rikmyr/gammal slåttemyr)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 IV (Skardsøya)
UTM (EUREF 89):	MR 82 – 83 173 – 178
Høgd over havet:	ca 270 – 300 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Rikmyr
Prioritet:	Svært viktig -- A
Moglege trugsmål:	Vegbygging, grøfting, køyring med tunge maskiner m.m.
Undersøkt/kjelde:	FGO og GFL: 23.07.2000, FGO 17.07.2001 m.m. (Feltnotat og herbariebelegg).

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten omfattar eit ganske stort område mellom Tverrhaugen, Tverrbotnlia og Tverrbotnen. Ein del av den må karakteriserast som ”rikmyr med gammal furuskog”, ein svært sjeldan naturtype i dag. Andre delar av lokaliteten er meir open og har nok ganske sikkert vore bruka som slåttemyr i tidlegare tider.

Vegetasjon: Som nemnt i avsnittet ovafor, så er delar av lokaliteten tresett med furu av ymse storleik. Særleg opp mot Tverrbottenlia finn ein mange svært gamle furutre. Elles veks det lauvtre av ymse slag som bjørk og rogn. Nokre stadar er det og ein del vierkratt. Om feltsjiktet sjå under artsfunn.

Kulturpåverknad: Innan lokaliteten ligg det ein gammal seterstøl det seterbuen i dag fungerer som hytter for eigarane. Vidare er det bygd veg fram til seterstølen. I seinare tid er det også bygd veg vidare opp lia i retning Vågsskardet. Delar av ei lysløype ligg inne i lokaliteten.

Artsfunn: Følgjande meir eller mindre kalkrevjande planteartar er registrert på lokaliteten; Engmarihand, fjellengkall, frynsestorr, gulstorr, stortviblad, bjønnbrodd, breiull, loppestorr, svarttopp,

fjellfrøstjerne og sveltull. (*Dactylorhiza incarnata* ssp. *incarnata*, *Rhinanthus minor* ssp. *groenlandicus*, *Carex paupercula*, *Carex flava*, *Listera ovata*, *Tofieldia pusilla*, *Epipactis helleborine*, *Carex pulicaris*, *Bartsia alpina*, *Thalictrum alpinum* og *Trichophorum alpinum*). Engmarihand er svært utbreidd på denne lokaliteten og ved inventeringa i 2000 vart det tald fleire hundre eksemplar av arten. Seinare er det konstatert at engmarihand veks i eit enda vidare område enn det ein først trudde. *Verdsetjing*: Engmarihand er rekna som ei regionalt sårbar plante (VU). Dette saman med det faktum at lokaliteten er stor skulle tilseia at den minst skulle verdsetjast som *Viktig – B*. Når ein i tillegg kan konstatera at mykje av lokaliteten er tresett med gammal furuskog, så tilseier det at verdien må setjast til: **Svært viktig (A)**. (Tresett rikmyr i låglandet)

Skjøtsel og omsyn

Naturtypen er sjeldan på Nordre Nordmøre, og i og med at dette er tidlegare slåttemyr, så hadde det vore ein stor fordel for artsmangfaldet på lokaliteten om tradisjonen med slått hadde vorte teken opp igjen. Elles må ein syta for at ikkje fleire inngrep enn det ein alt har på denne lokaliteten vert sett i verk. Dette gjeld både vegbygging, hyttebygging, eventuelt grøfting og liknande. Heller ikkje hogst av noko slag bør gå føre seg her utan etter tilråding frå fagkunnig person (biolog). Ein bør vurdera å innlemma lokaliteten i Aure Naturreservat.

10. Tverrbottenlia (Gammal furuskog)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 IV (Skardsøya)
UTM (EUREF 89):	MR 812 – 822 173 – 177
Høgd over havet:	ca 240 – 340 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gamalskog
Prioritet:	Svært viktig (A)
Moglege trugsmål:	Hogst, kraftline o.l.
Undersøkt/kjelde:	FGO 02.06.2004, 10.06.2004. Notat og soppbelegg.

Områdeskildring

Generelt: Tverrbottenlia er den bratte lia som ligg opp for rikmyrane i Tverrbotten og vidare sørvestover. Det er området opp for lysløypa som er best undersøkt.

Vegetasjon: Tresjiktet på lokaliteten er for det meste furu, bjørk, rogn, selje og litt osp, medan feltsjiktet, særleg i den nedste delen har innslag av rikmyrsplanter.

Kulturpåverknad: Det har vore hogd litt i seinare tid på lokaliteten i dei nedste områda. Høgre opp er hogstspora færre.

Artsfunn: I og med at det er mykje gammal skog i området, saman med mykje daudved, er det særleg vedboande råtesoppar ein har lagt vekt på å registrera. Dei viktigaste artane som er registrert til no er: *Gloeocystidiellum subasperisporum* (V), *Phlebia serialis* (DC), *Hyphoderma argillaceum*, *Trechispora caucasica* (verkar å vera svært sjeldan), *Skeletocutis lenis*, *Antrodia xantha*, *Oligoporus lateritus* og *Phlebia cornea*.

Verdsetjing: Området har ganske stort innslag av gammal skog, særleg furu. Også daudvedelementet er til stades, både i form av gammal gadd og læger i ymse råtefasar. Når ein i tillegg har funn av både sårbar og omsynskrevjande råtevedsopp så må verdien setjast til **Svært viktig (A)**.

Skjøtsel og omsyn

Det beste er å la området få vera mest mogleg i fred for alle inngrep. Ein bør vurdera å innlemma lokaliteten i det nærliggjande Aure Naturreservat.

11. Aure naturreservat (Gammal furuskog, viltbiotop)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 IV (Skardsøya)
UTM (EUREF 89):	MR 815-825 164-173
Høgd over havet:	150 – 330 m.o.h.

Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gammalskog/urskog. Viltbiotop.
Prioritet:	Svært viktig (A)
Moglege trugsmål:	Kraftline, hogst, vegbygging, grøfting o.l.
Undersøkt/kjelde:	Børset 1978. FGO 22.03.2003, FGO og GGA 29.03.2003, FGO 13.04.2003, 03.05.2003, 11.05.2003, 25.05.2003, 07.06.2003, 28.06.2003, 01.11.2003, 23.11.2003. Feltnotat og herbariebelegg. Naturbasen. HO, ML.

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten vart freda som naturreservat alt i 1912. Det er litt uklårt korleis reservatet har vore skjøtta i dei snart 100 åra som har gått sidan det vart oppretta. Somme stadar kan det sjå ut som om eit og anna treet har vore teke ut, og truleg har ein og teke ut vindfall og kanskje også litt gadd i tidlegare tider. I dei siste 30-40-åra trur ein det har vore lite av dette.

Vegetasjon: Det er furu som er det dominerande treslaget på lokaliteten, men ein finn også lauvtreartar som bjørk, rogn og selje. Sume stadar veks parti med hassel saman med meir varmekjære plantearter som sanikel og myske i feltsjiktet. Likevel er det lyngskogen som dominerer. Den sørvestlege delen av lokaliteten er meir myrdominert enn resten av området, og av den grunn er storr og sivvegetasjon meir dominerande her.

Kulturpåverknad: Det er bygd to vegar gjennom reservatet. Den eine går meir eller mindre langs elva og endar opp på Nysetra eller Sølømmen som det også vert kalla øvst opp i Aurdalen. Den andre tek av tett innom grensa til reservatet og går i nordaustleg retning opp til Tverrbotnen.

Artsfunn: Like aust for planlagt kraftline er det to gonger påvist hekking av kvitryggspett, og tiur og orrfugl har spillplass innafor lokaliteten. Også kull av tretåspett er observert dei seinaste åra (FGO og HO). Grevling er observert på lokaliteten og truleg har han hittil aust for det frede området.

Utanom vilt så er det urskogs- og daudvedelementet som er det viktigaste med denne lokaliteten, difor har ein konsentrert feltarbeidet på lokaliteten om artsmangfaldet av råtevedsoppar. Her vil ein berre nemna dei viktigaste; *Hyphoderma capitatum* (K) (2 funn), *Hyphodontia halonata* (K) (4 funn), *Odonticium romellii* (DC) (2 funn), *Oligoporus hibernicus* (DC) (2 funn), *Phlebia cretacea* (DC) (4 funn), *Phlebia firma* (R) (2 funn), *Phlebia georgica* (R) (1 funn), *Physodontia lundellii* (V) (3 funn), *Serpula himantoides* (DC) (1 funn). Alle desse artane står på den norske raudlista eller vil ganske sikkert koma inn på lista ved første revisjon (Dette siste gjeld dei to førstnemnte; *Hyphoderma capitatum* og *Hyphodontia halonata*). I tillegg til raudlisteartane vil ein også finna gode signalartar for gammal furuskog, slik som furustokk-kjuke, raudrandkjuk og gulrandkjuk (*Phellinus pini*, *Fomitopsis pinicola* og *Phaeolus schweinitzii*), forutan *Oligoporus lateritius*, *Skeletocutis lenis* og *Skeletocutis vulgaris*. At det er ein samanheng mellom mengda av daud ved og hekking av kvitryggspett kan det ikkje vera nokon tvil om.

Verdsetjing: Hekking av sårbar, raudlista fugl og funn av sårbar sopp er kvar for seg nok til å gje lokaliteten verdien svært viktig. Både den fleirsjikta skogstrukturen, mengda av daudved og gadd, samt mange grove ståande tre både av furu og bjørk, skulle også være gode nok kriterium for å verdsetja denne lokaliteten til ein A-lokalitet. Når ein i tillegg har påvist både sårbare, sjeldne og omsynskrevjande raudlisteartar av råtevedsopp, så må verdsetjinga bli **Svært viktig (A)**

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten treng ikkje særskilt skjøtsel, men burde ha vore utvida til å omfatta all verdfull natur i øvre delar av Aurdalen.

12. Torsetvatnet (viltbiotop)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 IV (Skardsøya)
UTM (EUREF 89):	MR 840 141
Høgd over havet:	402 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	Viktig – B

Moglege trugsmål:	Forstyrring, kraftline
Undersøkt/kjelde:	IMG og OTS (pers med)

Områdeskildring

Generelt: Eit middels stort ferskvatn i fjellstroka aust for Aure sentrum, omgitt av småkupert snaufjell. I vatnet ligg nokre holmar.

Kulturpåverknad: Bortsett frå nokre hytter og ei gammal setergrend (Nordsetra) er området fritt for inngrep.

Artsfunn: Storlom hekkar stort sett årvisst på ein holme i vatnet. Ein har ikkje data for i kor stor grad hekkinga har vore vellukka, men veit at i einskilde år har hekkinga mislukkast grunna store nedbørsmengder i hekketida. (OTS)

Verdsetting: Lokaliteten blir verdsett til: **Viktig (B)** pga. hekking av storlom.

13. Knypen (Rikmyr)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 III (Halsa)
UTM (EUREF 89):	MR 822 – 833 125 – 130.
Høgd over havet:	300 – 400 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Rikmyr
Prioritet:	Svært viktig – A.
Moglege trugsmål:	Vegbygging, grøfting, køyring med tunge kjørety, bygging av kraftlinemast.
Undersøkt/kjelde:	FGO, GGa, DH, KJG: 25.11.2000, FGO 29.07.2001 m.m. Feltnotat.

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten omfattar den nedre delen av lia frå Bjørningsetra og aust mot Knypen.

Fjellryggen som lia er ein del av har tydeleg noko rikare berggrunn enn det som er vanleg i området. Dette synest best der kjeldeframspring kjem opp i dagen langsmed lifoten. Det er i dette området ein finn den rikaste floraen.

Vegetasjon: Tresjiktet er samansett av ymse lauvtreartar som bjørk, rogn, gråor og selje i tillegg til furu. Det er helst i overgangen mellom den bratte lia og det flatare partiet ned mot elva at ein finn den rikaste floraen. I den vestlege delen av området, ned mot Bjørningsetra, er det rike bakkemyrar som i dag er i sterkt gjengroing av bjørkeskog.

Kulturpåverknad: Fram til om lag 1970 var det geitehald på setra, slik at trevegetasjonen i dette området vart halden nede av geitene. Det kan og vera at ein dreiv markaslått på dei gras- og storr-rike myrene oppover dalen. I dei seinare åra er det bygd ein skogsveg litt opp i lia mest opp til Knypen. I tillegg er det bygd ei kraftline over dalen øvst oppe.

Artsfunn: Svartrøp, særbusk, gulstorr, kornstorr, engmarihand, breiull, myrkåkefot, jåblom, fjellstiel, dvergjamne, bjønnbrodd og sveltull. (*Bartsia alpina*, *Carex dioica*, *Carex flava*, *Carex panicea*, *Dactylorhiza incarnata* ssp. *incarnata*, *Eriophorum latifolium*, *Lycopodiella inundata*, *Parnassia palustris*, *Saussurea alpina*, *Selaginella selaginoides*, *Tofieldia pusilla* og *Trichophorum alpinum*).

Verdsetting: Området er ganske stort og delvis tresett, noko som ut frå visse kriterium er med å trekka verdien opp. Tresett rikmyr i låglandet er ein truga naturtype, men det er vel tvilsamt om dette området kan seiast å liggja i låglandet (Helst mellomboreal sone). Vidare er det ganske mykje av den regionalt sårbar plantearten engmarihand på lokaliteten, noko som og trekkjer verdien opp. Den sterke gjengroinga av myrområda som ein ser særleg ned mot Bjørningsetra, aukar arealet av tresett rikmyr, men minskar arealet av opne rikmyrar og tidlegare slåtte/beitemyrar. Ut frå ein heilskapleg vurdering vel ein å setja verdien til **Svært viktig (A)**, m.a. fordi naturtypen er svært sjeldan regionalt.

Skjøtsel og omsyn

Av skjøtselstiltak som burde vore sett i verk på denne lokaliteten er rydding av dei tidlegare opne rikmyrane aust for Bjørningsetra. Vidare må ein unngå inngrep som meir vegbygging, grøfting, tilplanting, køyring på myrene med tunge kjørety, bygging av kraftlinemastrer m.m.

14. Knypen – Durmålhaugen (Gammalskog)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 III (Halsa)
UTM (EUREF 89):	MR 83 – 84 125 – 132
Høgd over havet:	350 – 400 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gammal furuskog
Prioritet:	Svært viktig (A)
Moglege trugsmål:	Hogst, kraftline, vegbygging, grøfting, treslagskifte o.l.
Undersøkt/kjelde:	FGO 22.06.2003

Områdeskildring

Generelt: Skal ein tru lokalkjente (LB), så har det knapt vore hogge tømmer nokon gong øvst i Bjøringsdalen. Kor vidt dette stemmer skal ein ikkje taka stilling til her, men at skogen er gammal er det ingen tvil om. Det er på nordsida av Bjøringselva mellom Durmålshaugen og Knypen at ein finn den mest storvoksa furua, men også opp mot Durmålshaugen er det gammal skog med godt om daudved, sjølv om furutrea har noko mindre dimensjonar her.

Vegetasjon: Som vanleg i kystfuruskogen er den også her oppblanda med lauvtreartar slik som bjørk og rogn. Elles kan vel skogen her best karakteriserast som bærlyngskog inkl. røsslyngskog.

Kulturpåverknad: Det går ei kraftline over Durmålshaugen.

Artsfunn: I og med at det ser ut til å ha vore god kontinuitet i daudvedelementet også på denne lokaliteten, har ein konsentrert feltarbeidet om registreringa av råtevedsoppar. Dei viktigaste artane som er funne på denne lokaliteten er: Oligoporus lateritus, *Phanerochaete sordida*, *Phlebia cretacea* (*DC*), *Phlebia phlebioides* (*cf.*), *Tubulicrinis hirtellus* (*R*), og *Tubulicrinis medius*.

Verdsetjing: Lokaliteten er ikkje særleg stor, men har fleirsjikta gammal furuskog med tydeleg god kontinuitet i daudvedelementet. I tillegg er det registrert både sjeldan og omsynskrevjande sopp på lokaliteten. Utanom dei to raudlisteartane som er registrert på lokaliteten, er det også grunn til å nemna *Phlebia phlebioides*. Funnet er undersøkt av ein av verdas dyktigaste ekspertar på barksoppar, nemleg svensken Karl-Henrik Larsson. Han meinat at det mest truleg må vera denne arten. Så vidt ein kjenner til er det ikkje registrert funn av denne arten i Europa tidlegare. Uansett så må lokaliteten verdsetjast som; **Svært viktig (A)**.

Skjøtsel og omsyn

Særskilt skjøtsel treng ikkje lokaliteten, men det er viktig at både daud og levande ved (skog) får vera i fred for alle inngrep i området.

15. Kvistdal (Gammal lauvskog/ rik edellauvskog)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 III (Halsa)
UTM (EUREF 89):	MR 85 – 86 09 – 10
Høgd over havet:	50 – 300 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Skog/rasmark
Naturtype:	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark
Prioritet:	Viktig – B
Moglege trugsmål:	Hogst av gamle lauvtre, masseuttak m.m.
Undersøkt/kjelde:	FGO våren 2001

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er därleg undersøkt og bør bli inventert på nytt.

Vegetasjon: Særskilt på austsida av dalen ved munningen er det ganske mykje gammalskog, særleg av alm, men også mykje gammal bjørk og noko hassel.

Kulturpåverknad: Det er bygd ei kraftline gjennom dalen. Truleg i samband med dette tiltaket er det også bygd ein køyreveg eit stykke opp i dalen. Kring århundreskiftet 1900, vart det bygd ein ridesti opp dalen med tanke på turisme.

Artsfunn: Det er ikkje teke opp noko artsliste på denne lokaliteten. Sjå elles under "vegetasjon".

Verdsetjing: For denne lokaliteten er datagrunnlaget for dårleg til å gje ei sikker verdsetjing, men ein har førebels sett verdien til: **Viktig (B)**

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten treng ikkje særskilt skjøtsel, men all gammal skog i området bør få væra i fred for alle inngrep.

16. Kvistdal --Ørnberget (viltbiotop)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 IV (Skardsøya)
UTM (EUREF 89):	MR 84-85 09
Høgd over havet:	ca 100-600 m
Hovudnaturtype:	Skog, berg
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	Svært viktig (A)
Moglege trugsmål:	Forstyrring, kraftline
Undersøkt/kjelde:	Naturbasen, NR, KT.

Områdeskildring

Generelt: Ein lun, sørvestdalen nær munningen av Todalen, omgitt av bratte fjellsider og hamrar (inkluderer lokalitet 15). På vestsida av dalen er det steile Ørnberget eit godt kjennemerke.

Vegetasjon: sjå lokalitet 15.

Kulturmålpunkt: Ei kraftline går opp Kvistdal.

Artsfunn: Ørnberget er frå gammalt kjent som ein klassisk reirplass for kongeorn. Hekkeplassen kan godt vera i bruk framleis, fordi ørna stadig er å sjå i området i hekketida. Hubroen har tradisjonell ropeplass framme i Kvistdal, og var sist var høyrt for 3-4 år tilbake. Observasjonar seinare år kan tyde på etablering av vandrefalk i området. Ved utløpet av Kvistdal passerer eit hjortetrekk gjennom Todalen.

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til: **Svært viktig (A)** pga. forekomst av raudlista fugleartar.

17. Todalen --Vinjefjorden (viltbiotop)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 IV (Skardsøya), 1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	MR 85-86 07
Høgd over havet:	0-300 m
Hovudnaturtype:	Skog, berg
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	Svært viktig (A)
Moglege trugsmål:	Forstyrring, kraftline
Undersøkt/kjelde:	Naturbasen, NR, AOF.

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ein ås- fjellrygg mellom munningen av Todalen og Vinjefjorden (inkluderer lokalitet 18).

Vegetasjon: sjå lokalitet 18.

Kulturmålpunkt: Ei kraftline kryssar lokaliteten, som i vest grensar mot busetnaden framme i Todalen.

Artsfunn: I brattlia ned mot Vinjefjorden er påvist hekking av havørn og hubro. Staden er også kjent som hekke- og leveområde for kvitryggspett. Truleg er dette del av hekkereviret for hubroen med ropeplass framme i Kvistdal (lok. 16). At området er attraktivt for rovfugl, gjenspeglar eit rikt fugleliv, ikkje minst knytt til grunne parti i sjøen omkring elveosen. Både tiur og orrfugl har spillplass på dei nordvendte kollane mot Todalen. Lia ned mot Vinjefjorden er viktig beiteområde for hjort, og det går ei trekkrute over Vinjefjorden her. I sjøkanten er det hiområde for oter.

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til **Svært viktig (A)** pga. hekking av fleire raudlista fugleartar.

18. Skarvberget/Vinjefjorden (Rik edellauvskog/sørvendt berg og rasmark)

Kommune:	Aure
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra) og 1421 III (Halsa)
UTM (EUREF 89):	MR 85-87 07-08
Høgd over havet:	0 – 300 m
Hovudnaturtype:	Skog/sørvendt berg og rasmark
Naturtype:	Rik edellauvskog/rasglenner
Prioritet:	Svært viktig (A)
Moglege trugsmål:	Hogst, treslagskifte
Undersøkt/kjelde:	JT, AOF, (pers med.)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten omfattar ei bratt sørsvendt li i ytre del av Vinjefjorden. Ein reknar heile nordsida av Vinjefjorden å høyra til den boreonemorale sona. Den nedste delen av lokaliteten består for det meste av ein stupbratt berghammar (Skarvberget) som går rett i sjøen. Her er det lite vegetasjon.

Tidlegare vart dette området brukt som beite for geitekillingar. Oftast vart dei bringa inn i lia om våren og henta heim att om hausten. Dette vart halde ved lag til bortimot 1960. Nøttesanking var og vanleg i denne lia tidlegare.

Vegetasjon: Hassel er det dominerande treslaget, men det veks også en god del alm på lokaliteten. Så vidt ein veit, så er ikkje denne delen av lia undersøkt av fagfolk innan botanikk. Ein har difor lite eksakte opplysningar om vegetasjonen elles.

Kulturpåverknad: Tidlegare påverka av geitebeiting. Ein veit ikkje om at alma i lia vart styva.

Artsfunn: Alm, hassel.

Verdsetjing: I tillegg til at lokaliteten er hekkeområde for sårbar raudlista fugl, så skal alle lokalitetar som ligg i den boreonemorale sona såpass langt nord, verdsetjast som: **Svært viktig (A)**.

Skjøtsel og omsyn

Det beste er å la lokaliteten få vera i fred for menneskeleg påverknad.

19. Vassdalsvatnet (viltbiotop)

Kommune:	Surnadal
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	MQ 910 970
Høgd over havet:	420 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	Viktig – B
Moglege trugsmål:	Forstyrring, kraftline, vassregulering
Undersøkt/kjelde:	Naturbasen

Områdeskildring

Generelt: Eit middels stort ferskvatn i fjellet på nordsida av Bøverdalen.

Vegetasjon: Området ligg over tregrensa.

Kulturpåverknad: Bortsett frå enkelte hytter er området utan inngrep.

Artsfunn: Tidlegare år tradisjonell hekkeplass for smålom (status uviss i dag).

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til B (viktig) pga. hekkeplass for smålom.

20. Nordmarka: Little Bøvervatnet (viltbiotop)

Kommune:	Surnadal
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	MQ 92-94 92-93

Høgd over havet:	ca 340-450
Hovudnaturtype:	Ferskvatn, myr
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	<i>Viktig – B</i>
Moglege trugsmål:	Forstyrring, kraftline
Undersøkt/kjelde:	Naturbasen

Områdeskildring

Generelt: Eit ope myrlandskap med fleire små tjern og eit større vatn, som er regulert.

Vegetasjon: Det inngår parti med rik myrvegetasjon (jfr omtale av lokalitet 21, som er inkludert).

Kulturpåverknad: Little Bøvervatnet er regulert for kraftproduksjon, og det går ein bilveg langs vestsida av vatnet.

Artsfunn: Lokaliteten ligg i vestre kant av det fuglerike våtmarksområdet på Nordmarka. Smålomen har to relativt faste hekkeplassar, og det føreligg hekkeindikasjon av storlom samt eldre funn av sjeldne vassfuglar (bl.a. stjertand, skeiand, svartand og svømmesnipe).

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til B (viktig) fordi den er viktig for sjeldne og raudlista våtmarksfugl.

21. Nordmarka: Fagermyrane (Rikmyr)

Kommune:	Surnadal
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	MR 935 925
Høgd over havet:	ca 400 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Rikmyr
Prioritet:	<i>Svært viktig (A)</i>
Moglege trugsmål:	Gjengroing, forstyrring av ymse slag som køyring med tungt køyrety.
Undersøkt/kjelde:	Naturbasen, Moen, A. 1984.
Vernestatus:	Ingen

Områdeskildring

Generelt: Småkupert myrområde på om lag 470 daa nord for Solåsvatnet på Nordmarka. Her finn ein ymse utformingar som flatmyr, bakkemyr og strengmyr som vekslar med heilandskap i langstrakte, smale formasjonar i aust-vestretning. Mange små tjørn innan lokaliteten. Diversiteten i myrsamfunna er stor.

Vegetasjon: Langs næringsgradienten er rik vegetasjon det vanlegaste, men intermediære og fattige typar er og vanleg. Ekstremrik myr finst på små areal. Fastmattemyr dominerer, men mjukmatte er også vanleg.

Kulturpåverknad: Ei kraftline kryssar lokaliteten.

Artsfunn: Engmarihand, myrkråkefot, nøkkesiv, brunskjene og pyttlav.

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til: ***Svært viktig (A)***.

Skjøtsel og omsyn

Det beste er at lokaliteten får vera mest mogleg i fred for menneskeleg påverknad.

22. (34) Nordmarka: Høgmyran (Rikmyr)

Kommune:	Surnadal
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	MR 963 908
Høgd over havet:	350 – 420 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Rikmyr
Prioritet:	<i>Svært viktig (A)</i>
Moglege trugsmål:	Gjengroing, forstyrring av ymse slag som køyring med tungt køyrety.

Undersøkt/kjelde:	Naturbasen
Vernestatus:	Naturreservat

Områdeskildring

Generelt: Ein slak ås sentralt på Nordmarka, dels skogkledd og med innslag av furugadd. I sør er det flate myrparti med tjørn og dammar, i nord meir kupert, med kalkryggar, rike lauvskogar og spreidde vatn. Högmyran naturreservat inngår som ein viktig del av lokaliteten.

Vegetasjon: Myrane i sørhallinga har til dels ekstremrik vegetasjon, på platået og i nordhellinga er vegetasjonen for det meste fattig.

Kulturmåverknad: Ein skogsbilveg passerer sør for lokaliteten, og ei kraftline kryssar austkanten. Solåsvatnet og Geitøyvatnet på nordsida er regulert.

Artsfunn: Artsrik flora med svarttopp, engmarihand, lappmarihand, kjeldemjølke, stortveblad, tranestorr, hårstorr, kastanjesiv og trillingsiv. Sommaren 2003 var det sentralt innafor lokaliteten sett trane med ungar, og i austre kant vart det funne eit sannsynleg reirhol av kvitryggspett (MQ 977 903). Liten salamander vart påvist i eit tjørn i austre kant, omtrent rett under eksisterande line (MQ 982 899). Arten er tidlegare funne på nordsida av Solåsvatnet (MQ 960 921). Betre undersøkingar ville truleg visa ei vidare utbreiing i området enn det som er kjent, og kanskje medføre utviding av lokaliteten.

Verdsetjing: Verdien vert sett til A (svært viktig) fordi det omfattar eit naturreservat, og fordi det er biotop for raudlista fauna.

Skjøtsel og omsyn: Det er viktig å unngå terrengskadar og forstyrring av fuglelivet.

23. (38). Nordmarka: Tjørn vest for Grytvatna (viltbiotop)

Kommune:	Surnadal
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	NQ 001 885
Høgd over havet:	ca 460 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	Viktig – B
Moglege trugsål:	Kraftline, Forstyrring
Undersøkt/kjelder:	JH

Områdeskildring

Generelt: Eit ferskvatn (ca 20 da) med nokre holmar oppe på ryggen av Langura, omgjeve av ope myrlandskap med einskilde, spreidde furutre.

Vegetasjon: Stort sett fattig myrvegetasjon.

Kulturmåverknad: Ei kraftline kryssar ca 500 m vest for lokaliteten, som elles ikkje er påverka av nyare inngrep.

Artsfunn: I vatnet hekkar smålom og toppand, og på myrane omkring finst raudstilk, småspove og heilo.

Verdsetjing: Verdien vert sett til B (viktig), pga. hekking av raudlista fugl.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er å unngå forstyrring og inngrep.

24. (39). Bergulhaugen (viltbiotop)

Kommune:	Surnadal
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	NQ 001 872
Høgd over havet:	ca 250-350 m
Hovudnaturtype:	Berg, skog
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	Svært viktig – A

Moglege trugsmål: kraftline, skogsdrift, forstyrring
Undersøkt/kjelder: NR; FGO, ISt (20.09.03)

Områdeskildring

Generelt: Ein bratt, nordvendt hammar, omgjeve av eit barskogsdominert landskap med myrar og spreidde tjørn.

Vegetasjon: Blandingsskog med furu og spreidde plantefelt av gran. Myrane har innslag av rik vegetasjon (breiull, dvergjamne).

Kulturpåverknad: Lokaliteten er noko prega av skogkultur, med granplantasjar, hogstfelt og skogsvegar.

Artsfunn: Ein klassisk hubrolokalitet. Etter nedgangen i hubrobestanden på Møre-traktene har arten vore borte frå lokaliteten siste tiåret. Ved oppgang i bestanden vil det vera naturleg at han etablerer seg her på nytt. Berghammaren har i seinare år tent som hekkeplass for fjellvåk, og hønsehauk har hekka i barskogsområda like vestafor. Ein årsunge av hønsehauk var sett under synfaringa, noko som tyder på hekking i nærleiken (statusen av reviret i dag er ukjent). Under synfaringa vart det elles registrert svartspett, grønspett, sporvehauk og storfugl.

Verdsetjing: Lokaliteten får verdien A (svært viktig) pga. førekomst av to raudlista fugleartar.

Skjøtsel og omsyn: Av omsyn til hubro og hønsehauk bør ein spara naturskogen og unngå forstyrring. Ospeholta bør stå av omsyn til hakkespettar.

10.2.2 Lokalitetar langs kombinasjonen 4.0 og 3.1

25. Skulpen – Skålvatnet (viltbiotop)

Kommune: Aure
Kartblad: 1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89): MR 87 28-29
Høgd over havet: ca 40-60m
Hovudnaturtype: Ferskvatn, skog, myr
Naturtype: Viltbiotop
Prioritet: *Viktig (B)*
Moglege trugsmål: Forstyrring, kraftline, hyttebygging m.m.
Kjelde: GN, Gaarder et al. 1992.

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein mosaikk av myr, furuskog og ei rekke småtjørner og ferskvatn. Både Skålvatnet fremst i Skålvasdalalen og Fonnvatnet har utløp i Svartosen, medan Skulpen har eige utløp mot Ledalsvatnet.

Vegetasjon: Både inntil Svartosen og ved sørenden av Skålvatnet finst myr og sumpvegetasjon. Skålvatnet er elles vegetasjonsfattig.

Kulturpåverknad: Det er bygd ein skogsveg til sørenden av Skålvatnet.

Artsfunn: Svartosen er hekkeplass for stokkand og krikkand og fiskevatn for storlom, som hekkar i Skålvatnet. Våren 2004 viste eir par av smålom teikn til etablering i Skulpen. Songsvaner og grågås nyttar fleire av vatna innafor lokaliteten som rastepllass på hausttrekk. Myrene er spillplass for orrfugl, og på ein kolle i nordkant av lokaliteten er kjent ein eldre hekkeplass for hønsehauk (status i dag er uviss).

Verdsetjing: Området blir verdsett til B (viktig) pga. hekking av raudlista fugl. Desse kystnære våtmarksbiotopane synest ha spesiell verdi som hekkeplass for lom.

26. Svartosen – Reinsjøen (Punktfunn av sjeldan sopp)

Kommune: Aure
Kartblad: 1421 II (Hemne)
UTM (EUREF 89): MR 8791 2959
Høgd over havet: ca 70 m.o.h.

Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Røsslyng/blokkebærfuruskog
Prioritet:	Svært viktig -- A
Moglege trugsmål:	Ingen særskilde.
Undersøkt/kjelde:	FGO 03.10.2004

Områdeskildring

Generelt: I og med at dette er eit punktfunn av raudlisteart, så blir ikkje ei områdeskildring her særleg relevant. *Entoloma fuscomarginatum* er ein svært sjeldan art og når han først dukkar opp så er det helst i fattige, gjerne litt sure miljø som dette.

Vegetasjon: Fattig furuskog (kraggfuru) med mest røsslyng, reinlav og ymse moseartar i feltsjiktet.

Kulturpåverknad: Ingen.

Artsfunn: *Entoloma fuscomarginatum* (R)

Verdsetjing: Grunna funn av sjeldan sopp, så må lokaliteten verdsetjast som; **Svært viktig – A..**

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten treng ikkje særskild skjøtsel, men ein bør unngå inngrep akkurat på UTM-koordinatane til funnet.

27. Rennsjøen (viltbiotop)

Kommune:	Aure og Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 90 29
Høgd over havet:	ca 70 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	Viktig – B
Moglege trugsmål:	Forstyrring, kraftline
Undersøkt/kjelde:	GN, NOF Hemne

Områdeskildring

Generelt: Rennsjøen på grensa mellom Aure/Hemne drenerer vestover mot Svartosen/Kjørsvikbugen og er blant dei største innsjøane i dei to kommunane (ca 4000 da). Holmane i vatnet er truleg viktige for hekkande vassfugl.

Kulturpåverknad: Vatnet er litt regulert og fungerer som drikkevasskjelde for denne delen av Aure kommune. Bortsett frå ein skogsveg og nokre hytter på nordsida av vatnet kjenner ein ikkje til andre tekniske inngrep.

Artsfunn: Storlom har tradisjonell hekkeplass på ein av holmane i vatnet. På ein annan av holmane har orrfuglen ein av sine beste spillplassar i Hemne (fleire titals hannar i 2004).

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til viktig (B) pga. hekking av storlom.

28. Rennsjøen, søraustsida (Gammalskog)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 II (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 922 283
Høgd over havet:	150 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gammal furuskog
Prioritet:	Svært viktig – A
Moglege trugsmål:	Hogst, treslagskifte m.m.
Undersøkt/kjelde:	FGO 24.10.2004

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg oppe i lia ovafor Gammalsetra, og strekkjer seg nordover om lag 500 m nord for setra, medan ein sørover kan avgrensa han til Styggdalen. Mesteparten av den nedste delen av lia er tilplanta med gran, men frå om lag 150 – 300 m.o.h dominerer gammalskogen. I hovudsak er furu det viktigaste treslaget, men det er også ein god del grov gammal osp og bjørk, både levande tre og læger og daudved. Skogen er fleirsjikta og daudved finn ein i alle råtestadier, noko som tyder på at skogen har vore upåverka i lange periodar.

Vegetasjon: Som nemnd i førre avsnittet, så er furu det dominerande treslaget, men med ganske stort innslag av både, bjørk, osp, rogn og selje. Blåbærskog og bærlyngskog er mest vanleg, men det finnes også rikare parti med m.a. myske og sanikel (lavurtskog).

Kulturpåverknad: Den gamle setra i nerkant av lokaliteten fortel at kulturpåverknaden truleg har vore ganske stor i ”gamle dagar”, mest i form av beiting, men ein må også rekna med at det har vore hogge, både ved og tømmer til husbygging/vøling. Einskilde hogststubbar vitnar da også om tidlegare plukkhogst. Grunna det bratte terrenget er det likevel truleg at skogen stort sett har fått vore i fred.

Artsfunn: *Antrodia albobrunnea* (DC), *Athelopsis lacerata* (V), *Ceriporiopsis aneirina* (DC), *Hydrabasidium subviolaceum* (R), *Mucronella bresadola* (raudlistekandidat), *Phlebiella subflavidogrisea* (DC), *Repetobasidium mirificum* (sjeldan), *Trechispora lunata* (DC) (Norsk nordgrense), *Xenasma pruiniosum* (sjeldan).

Verdsetting: Grunna dei mange raudlistefunna er verdsettinga enkel for denne lokaliteten; **Svært viktig – A.**

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten treng ikkje særskild skjøtsel, men ein bør unngå hogst i særleg grad på lokaliteten. I det minste må dette gjelda furu og osp. Treslagskifte må ikkje koma på tale her. Bygging av skogsvegar i dette området bør vera uaktuelt.

29. Rennsjøen, vest (Gammal skog)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 89 – 92 27 – 29
Høgd over havet:	ca 80 – 300 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gammal furuskog/bjørkeskog med høgstauder
Prioritet:	Svært viktig – A
Moglege trugsmål:	Hogst, treslagskifte
Undersøkt/kjelde:	Gaarder 1992

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten omfattar den nordaustvendte lia på sørvestsida av Reinsjøen frå Kjørsviksetrin til Mammaholet. Det meste av området er dominert av barskog, mest gammal furuskog, særleg i dei høgareliggjande partia. Fleire plantefelt av gran ligg innan lokaliteten. I dei bratte partia sør for Kjørsviksetrin er det ein del område med høgstaudebjørkeskog. Langs vatnet er furuskogen for det meste relativt ung utan særlege biologiske verdiar. Opp mot fjellet derimot blir innslaget av gadd og læger mykje større.

Vegetasjon: Det meste av furuskogen i området må best karakteriserast som blåbærskog, men det finnes også rikare parti med bregneskog. Rik lauvskog finn ein helst i den brattaste lia sør aust for fylkesgrensa. Her er det innslag av varmekjære artar som alm og myske.

Kulturpåverknad: I tillegg til Kjørsviksetrin, så er kulturpåverknaden best synleg i form av hogstspor og granplantefelt.

Artsfunn: I dei meir lauvskogdominerte områda er lungeneversamfunnet godt representert. Arter som sòlvnever og muslinglav er ikkje uvanlege. Heilt i sørrenden av vatnet vart det funne kastanjelav (DC) (*Fuscopannaria sampaiana*) på ei rogn. Dette er eit uvanleg substrat for denne sjeldne arten. På ein furulåg ikkje langt unna vart den sjeldne poresoppen, glaskjuke (R) (*Physisporinus vitreus*) funnen på ein furulåg.

Verdsetting: Funn av sjeldan raudlista sopp tilseier at lokaliteten må verdsettast til **Svært viktig – A.**

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten treng ikkje særskilt skjøtsel, men ein bør unngå hogst og treslagskifte i dei høgareliggjande områda. Det same gjeld områda med rik lauvskog. Alle inngrep på lokaliteten må sjåast på som negative.

30 Mammaholet – Styggdalens (Gammal furuskog)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 92 – 93 27 – 28
Høgd over havet:	ca 100 – 300 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gammal furuskog
Prioritet:	Viktig – B
Moglege trugsmål:	Hogst, treslagskifte
Undersøkt/kjelde:	Naturbasen; Gaarder 1992

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei nordvendt li heilt i sørbotnen av Reinsjøen. I den nedre delen av lia er det mest blåbær/røsslyngfuruskog. I dei øvre delane er skogen meir lauvdominert og jamt over rikare.

Småbregne bjørkeskogen er mest utbreidd her, men ein finn også parti med storbregne- og høgstaudeskog. Spreidd over lokaliteten finst ein del læger og gadd både av bjørk og furu. Det flatare partiet ned mot Reinsjøen er noko myrlendt, mest fattigmyr, men også litt rikare parti vart registrert.

Vegetasjon: Sjå under den generelle omtalen.

Kulturpåverknad: Det vart ikkje registrert nyare inngrep i lia, men skogen er tydeleg påverka av tidlegare hogst

Artsfunn: Ingen særskilte artar vart påvist ved inventeringa i 1992. Ei trekkrute for hjort kryssar Mammaholet.

Verdsetting: Middels god tilgang på daud ved og kontinuitet, saman med den nordvendte eksponeringa gjer at ein reknar potensialet for funn av raudlista råtevedsoppar som ganske godt. Ein vil difor gje lokaliteten verdien; **Viktig – B**

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten treng ikkje særskilt skjøtsel, men hogst og treslagskifte vert frårådd.

31. Sengsdalen (Gammalskog/bekkekløft/gråor-heggeskog/viltbiotop)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 937 – 950 260 – 270
Høgd over havet:	100 – 300 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Urskog/gammalskog/bekkekløft
Prioritet:	Svært viktig – A
Moglege trugsmål:	Hogst, treslagskifte, rydding av kraftgate
Undersøkt/kjelde:	Naturbasen; Gaarder 1992, Solbakken mfl. 2001a og b; JOB; FGO 03.10.2004

Områdeskildring

Generelt: Det meste av lokaliteten ligg i Hemne kommune og strekkjer seg om lag frå riksvegen nede ved garden Sengsdalen, og opp til snaufjellet eller Nordfjelltjønna i Aure kommune. I viltbiotopen har ein også teke med den frodige lia aust for sjølve Sengsdalen. Nede i botnen på dalføret er det stadvis ei ganske djup bekkekløft med delvis nakne bergveggar på sidene grunna ras. Geologien i området ser også ut til å vera interessant. Den nordaustvendte eksponeringa av dalføret gjev grunnlag for fuktkrevjande artar, både av planter, kryptogamar og andre organismar. Dei nedre delane av lokaliteten skil seg ganske mykje frå dei høgareliggjande då gråor/heggeskogen dominerer i dei nedre, medan gammal furu/bjørkeskog er hovudvegetasjonen i dei meir fjellnære områda.

Vegetasjon: Som nemnd i avsnittet ovafor så er det gråor/heggeskogen som dominerer i dei lågareliggjande delane av lokaliteten (Gaarder 1992). Høgare opp mot fjellet og særleg på nordsida av bekken, er det ganske mykje gammal skog, mest furu, men også ganske mykje bjørk og noko rogn. Bærlyngskog er den mest utbreidde skogtypen her, men det finst også ganske mykje lågurtskog. I lia aust for sjølve Sengsdalen er det godt innslag av osp, og daude tre reknar ein at utgjer ca 20% av tresjiktet (Solbakken mfl 2001).

Kulturpåverknad: I dei nedre delane av dalføret er kulturpåverknaden godt synleg i form av hogstspor, gjengroande beitemark o.l. (Gaarder 1992), medan slike spor vert færre og meir eller mindre fråverande høgst oppe.

Artsfunn: I og med at det var ganske godt om daudved, særleg av furu, så vart det teke nokre belegg av barksoppar. Desse viste seg å vera interessante artar; *Hyphoderma praetermissum*, *Hyphoderma capitatum*, *Tubulicrinis effugiens* og *Tubulicrinis propinquus*. Sett bort frå den førstnemnte av desse, så er dei tre andre svært sjeldne artar, -- dei to siste er det få eller ingen funn av i regionen tidlegare. *Hyphoderma capitatum* ser ut til å vera ein meir eller mindre oseanisk art som det er gjort nokre få funn av i Aure det siste året. Tidlegare har den kjente svenske mykologen Karl-Henrik Larsson funne den i Orkdal (Sognlia). Arten vil ganske sikkert koma inn på den norske raudlista ved neste revisjon. Elles er det registrert mykje lungenever og skrubbenever i det gråordominerte nedre partiet av lokaliteten. Arter som turt og strutseveng veks også i desse områda, medan ein noko høgare oppe vil finna den meir sjeldne junkerbregna. Den fuktkrevjande knappenålslaven *Chaenotheca gracillima* er også registrert i dette området (Gaarder 1992). Lia fra Sengsdalen og austover er ein av dei viktigaste hekkebiotopane i Trøndelag for lauvskogsfugl, og har særleg verdi for hakkespettar (rangert som nr 3 av 40 vurderte delområde av Solbakken mfl. 2001b). Alle norske spetteartar er registrert i området; dvergspett og tretåspett konstatert hekkande, kvitryggspett, gråspett og grønspett revirhevdande. Også for hjortevilt er Sengsdalen viktig. Både elg og hjort har beite her, og trekkruter for begge artane kryssar gjennom området.

Verdsetjing: Denne lokaliteten inneholder fleire element som gjer den interessant og verdifull. Gammalskogen med stort potensiale for raudlista råtevedsoppar er eit av desse. Saman med den nordaustlege eksponeringa er bekkeløfta eit anna interessant element som har potensiale for sjeldne mosar og lav m.m. Lokaliteten bør undersøkjast betre med omsyn til råtevedsoppar, men ut frå at den må reknast som hekkelokalitet for sårbar fugl som til dømes kvitryggspett, så må verdsetjinga bli;

Svært viktig – A.

Skjøtsel og omsyn

Det beste er at området får vera mest muleg i fred for alle menneskelege inngrep.

32. Fevelfjellet (Frodig lauvskogsli)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 943 – 956 254 -- 264
Høgd over havet:	100 – 350 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gammal lauvskog
Prioritet:	Viktig (B)
Moglege trugsmål:	Hogst, treslagskifte, rydding av kraftline
Undersøkt/kjelde:	FGO 02.10.2004

Områdeskildring

Generelt: I grove trekk omfattar lokaliteten lia mellom riksvegen og Baklifjellet/Fevelfjellet. Det meste av området er därleg undersøkt, berre den vestlege delen opp mot Brekka er så nokolunde inventert. I denne delen av lokaliteten er det mest lågurtlauvskog med ein ganske krevjande karplanteflora. Mykje av skogen er tydeleg gammal og det vart teke belegg av eit par barksoppar på lauvtre.

Vegetasjon: Den øvste delen av lokaliteten er prega av bjørkeskog, men det er også innslag av litt furu, selje og rogn. Spreidd finn ein også hassel. I feltsjiktet veks det artar som sanikel m.fl.

Kulturpåverknad: Hovudferdselsåra mellom Aure og Hemne går i sørkant av lokaliteten.

Artsfunn: Råtevedsoppen *Botryobasidium danicum* vart funnen på ei gammal selje oppe i lia (MR 9400 2635). Dette er ein svært sjeldan art som truleg kjem inn på den norske raudlista ved neste revisjon.

Verdsetjing: Grunna kunnskapsbrist vert verdien midlertidig sett til **Viktig -- B.** Seinare inventeringar kan føra til at denne verdsetjinga må endrast.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten treng ikkje særskilt skjøtsel, men ein bør i størst mogleg grad unngå hogst i gammalskogen. Eventuelt veduttkar bør gjerast i samråd med fagkunnig person (Biolog). Treslagskifte er det største trugsmålet mot naturverdiane på lokaliteten.

33. Brekka, aust (Rikmyr)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 943 – 950 254 – 256
Høgd over havet:	180 – 250 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Rikmyr
Prioritet:	Viktig (B)
Moglege trugsmål:	Grøfting, vegbygging, køyring med tunge maskiner på barmark m.m.
Undersøkt/kjelde:	Gaarder 1992.

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på begge sider av bekken som startar mest oppe ved vass-skiljet på Brekka og kryssar vegen tett ned for rastepllassen på Hemnesida..

Vegetasjon: Myrområdet er spreidd tresett med furu, elles er rikmyrvegetasjon dominerande i feltsjiktet

Kulturpåverknad: Riksveg 680 passerer lokaliteten i nerkant.

Artsfunn: Breiull, bjønnbrodd, svarttopp, engstorr, gulstorr, fjelltistel, engmarihand, fjellfrøstjerne og gulsildre..

Verdsetjing: Sjølv om naturtypen er sjeldan i Hemne, og ein i tillegg finn krevjande og ganske sjeldne artar som engmarihand og engstorr på lokaliteten, så er den likevel for liten til at den kan verdsetjast høgre enn **Viktig – B.**

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten treng ikkje særskild skjøtsel, men ein må unngå alle inngrep som kan endra dei hydrologiske tilhøva på staden.

34. Oldervatnet -- Steinvatnet (viltbiotop)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 93 21 – MR 95 23
Høgd over havet:	ca 150-320 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	Viktig (B)
Moglege trugsmål:	Forstyrring, kraftline
Undersøkt/kjelde:	NOF avd. Hemne, JOB, Ist og FGO (05.10.2004)

Områdeskildring

Generelt: Steinvatnet, Botnvatnet og Oldervatnet inngår i vassdraget som drenerer austover mot Lægdelva og Sengsdalsvatnet lengst vest i Hemne. Vassdraget er stort sett urørt av moderne tekniske inngrep.

Vegetasjon: I hovudsak småvaksen bjørkeskog med noko innslag av furu/gadd. Vegetasjonen er for det meste fattig.

Kulturpåverknad: Einaste inngrep er eit par hytter ved vatna.

Artsfunn: Storlom hekkar truleg i vassdraget, og vert sett årvisst med ungar i Oldervatnet (Steinvatnet er muleg alternativ hekkeplass). Det føreligg ikkje informasjon om anna vassfugl, bortsett frå observasjon av ei kvinand i Botnvatnet under synfaringa i 2004. På vestsida av Steinvatnet hekkar tårfalk og dvergfalk, medan kongeorn nyleg er påvist hekkande like utafor lokaliteten. Ei biotopvurdering tyder på at området er viktig for orrfugl, og det er ein spellass i austkant av Botnvatnet.

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til viktig (B) pga. hekking av storlom. At kongeorn hekkar like utafor lokaliteten kan tilseia høgare verdi.

35. Huslia, vest for (Stort myrkompleks)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 935 – 953 187 – 200
Høgd over havet:	240 – 300 m.o.h.
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Blandingsmyr
Prioritet:	Viktig (B)
Moglege trugsmål:	Grøfting, vegbygging, køyring med tunge maskiner på barmark m.m.
Undersøkt/kjelde:	FGO og Ist (05.10.2004)

Områdeskildring

Generelt: Dette er eit stort myrkompleks som er samansett av fleire element. Nedbørsmyr dominerer, men det er også større parti med jordvassmyr.

Vegetasjon: Som venta ut frå myrtypane.

Kulturpåverknad: Ingen

Artsfunn: Mykje myrkråkefot i einskilde parti.

Verdsetjing: Fordi lokaliteten er stor og urørt vert verdien førebels sett til **Viktig – B.**

Skjøtsel og omsyn

Myrane treng ikkje særskilt skjøtsel, men ein bør unngå alle former for inngrep som kan endra det urørte inntrykket som dette vidstrekte myrområdet har i dag.

36 (16). Tjørn nord for Blomstadvatnet (viltbiotop)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	NR 959 178
Høgd over havet:	ca 350 m
Hovudnaturtype:	Fjell, ferskvatn
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	Viktig – B
Moglege trugsmål:	Forstyrring, kraftline.
Kjelde:	NOF Møre og Romsdal (1991), AK, JOB (jfr Oldervik & Stenberg 2004)

Områdeskildring

Generelt: Ei av fleire småtjørn i austre kant av dei vidstrakte, småkuperte fjellstroka mellom Hemne og Aure.

Kulturpåverknad: Lokaliteten ligg innafor inngrepsfri sone (1-3 km frå tyngre inngrep), og er ikkje påverka av inngrep.

Artsfunn: Dette er ein av få kjende hekkeplassar for smålom i vestre fjelltrakter av Hemne. Han har hekka årvisst i seinare tid. I ein fjellknaus like sør for lokaliteten er registrert hekking av fjellvåk (1991).

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til B (viktig) pga. hekking av raudlista og regionalt sjeldan fugl.

37 (21). Bjørksetrin (Gammal slåtte-/beitemark, viltbiotop)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	ca MR 967 168
Høgd over havet:	ca 300 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Gammal slåtteeng, beitemark
Prioritet:	<i>Svært viktig – A</i>
Moglege trugsmål:	Gjengroing, gjødsling
Undersøkt/kjelder:	FGO (20.08., 09.09. og 01.10.03); JOB

Områdeskildring

Generelt: Dei fleste seterbygningane er plassert øvst i ei bratt li ved Sollifjellet. Mange av bygningane er svært gamle, og i alle fall den eine er under restaurering ved hjelp av kulturmidlar. Seterstølen er prega av at drifta på stølen lengje har lege nede. Ei viss skjøtsel har det likevel vore gjennom beiting av sau. Dei siste åra har ein rydda bort noko einer, samt at nokre område er slått. Dette er svært positive tiltak som vil vera med å gje stølen attende det opprinnelige preget og artssamansetninga.

Vegetasjon: Vegetasjonen er fattig og vitnar om mager jord. Det har grodd opp mykje einer, men ein god del av den er fjerna. Store mengder finnskjegg vitnar om lite gjødsling. Einskilde stader var det mykje bjørnemose, men det var og “flekkar” med til dømes hårsværer.

Kulturpåverknad: Nokre av bygningane var gjort om til hytter og det var også bygd eit par hytter på nye tomter. Likevel har stølen mykje att av det opprinnelige preget.

Artsfunn: Seterstølen er bratt og sørvendt og slik utsett for tørke. Det tok difor lang tid før beitemarksoppene viste seg. Ved besøket i august vart det funne nokre få vanlege raudskivesoppar og vokssoppar. Frå besøket 1. oktober kan nemnast: Skarlagenvokssopp, honningvokssopp, mønjevokssopp, skjør vokssopp, seig vokssopp og skifervoksopp (DC). I fjellet bak seterstølen har fjellvåk hekka (MR 966 170).

Verdsetjing: Dei fleste vokssoppene som vart funne er vanlege, men skarlagenvokssoppen er rekna som ein god signalart og fortel at potensialet for fleire, meir sjeldne, oppar er stort. Skifervoksoppen (*Hygrocybe lacmus*) er raudlista som omsynskrevjande. Normalt skulle denne lokaliteten vorte verdsett som viktig (B), men i og med at det er sett i gang såpass positive tiltak som slått og fjerning av uønskt vegetasjon, så finn vi at verdsetjinga må bli *Svært viktig – A*.

Skjøtsel og omsyn: Det er viktig at skjøtselstiltaka som er sett i gang held fram. Vidare må ein syta for at stølen ikkje vert gjødsla.

38 (22). Seterelva (Viktig bekdedrag, gammalskog, viltbiotop)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	ca MR 973 153
Høgd over havet:	ca 200 - 250 m
Hovudnaturtype:	Skog/våtmark
Naturtype:	Or/heggeskog m.m.
Prioritet:	<i>Viktig – B</i>
Moglege trugsmål:	Hogst, treslagskifte m.m.
Undersøkt/kjelder:	FGO (21.09.03)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er samansett av fleire element. I Småmelane mellom Skogsjølibruna/Svarthammaren og Seterelva veks gammal gråor/heggeskog, medan resten av området ned mot vegen til Bjørksetrin kan karakteriserast som meanderande elveparti. I dette flate området finst restar etter gamle elvelau og flaumdammar. Terassane stammar truleg frå avsmeltinga etter siste istida. I sør aust går terrenget etter kvart over til bakkemyrar opp mot Mosetra, medan ein i nordvest vil finna eit liknande terreg opp mot Bjørksetrin.

Vegetasjon: I Småmelane er det gråor, selje, rogn, litt hegg og bjørk som dominerer tresjiktet, medan det i det flate området ved Seterelva er mest bjørk og gråor. Noko gran er planta, både opp mot Svarthammaren og einskilde stader heilt inn til elva. Skogen i Småmelane er gammal og det er mange læger på denne lokaliteten. Feltsjiktet her er av typen høgstaude-strutseveng-utforming. I resten av området er skogen yngre og ber preg av gjengroing av eit tidlegare ope landskap der det no veks mykje sølvbunke i feltsjiktet.

Kulturpåverknad: I Småmelane er det ingen synlege spor etter menneskeleg aktivitet. Resten av lokaliteten er prega av slik aktivitet, både frå gammalt og i ny tid. Namn som Flatstølen og Hammarbuvollen fortel at området tidlegare har vore nytta både til slått og beite. Restane av ei gammal høybu kan enda sjåast på Hammarbuvollen. I seinare tid har det vore både vedhogst og granplanting her, men delar av området er enno nytta til beite.

Artsfunn: Fjellvåk med hekkeåtferd er observert over Skogsjølibruna. I Småmelane vart ingen spesielle plantearter funne, men utanom dei som er nemnt under vegetasjon kan nemnast turt, tyrihjelm, mjödurt, vendelrot m.fl. Fleire artar frå lungenesversamfunnet som lungenever og sølvnever vart også registrert. Heller ikkje i resten av området vart det funne særskild sjeldne og raudlista artar, men ein kan nemna dei to råtevedsoppiane *Gloeocystidiellum luridum* og *Hypochnicium eichleri*, begge funne på daud gråor.

Verdsetjing: Området ved Småmelane ber preg av lang kontinuitet og er viktig som leveområde for virvellause dyr og fuglar. Lokaliteten har potensiale for både raudlista marksoppar og råtevedsoppar. Også sjeldne og fuktrevjande mosar kan finnast her. Heile lokaliteten er viktig som habitat for mange sporvefuglar, då dei mange små flaumdammane truleg har stor produksjon av ymse insekt og andre småkryp. Verdsetjinga vert difor; **Viktig (B)**.

Skjøtsel og omsyn: Det beste er å la området få vera i fred for all menneskeleg aktivitet utanom beiting. Grana som er planta ved Seterelva bør fjernast.

39 (23). Myrane ved Mo-Mosetra (rikmyr, viltbiotop)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	ca MR 97-99, 14-15
Høgd over havet:	ca 200 - 300 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Rikmyr, viltbiotop
Prioritet:	Viktig (B)
Moglege trugsmål:	Grøfting, skogplanting, vegbygging, kraftline m.m.
Undersøkt/kjelder:	Naturbasen; FGO (21.09.03 m.m), ML(sommaren 2004, pers med.); Hovde 1969, Moen & Skogen 1969, Aune 1972, Moen 1975, NOF Møre og Romsdal 1991, Wingan 1996 (jfr. Oldervik & Stenberg 2004).

Områdeskildring

Generelt: Omfattar området mellom Mosetra og Leneselva i sør. Lokaliteten innehold "den sørvende lia opp For Myra og Lintjønnhaugen. Det held fram over bruna mellom Mokjølen og Rumplia og går over i nordhellingsa med Mosetra og ned til Seterelva" (Aune 1972).

Vegetasjon: "Myrane i dette området er mange og viser stor variasjon. Her finst mindre parti nedbørsmyr, også nokre terregndekkjande. Det er også store fattigmyrar med gråmosetuver. Men det som framom alt gjer området interessant er dei mange rike bakkemyrane. Dei finst både sørvendt, vest for vegen mellom Myra og Mosetra, og også nordvendt, like vest For Mosetra." (Aune 1972). Delar av

området er tresett med furuskog, medan det i området kring Mosetra er noko bjørkeskog. Vegen til Mosetra og Bjørksetrin går i utkanten av området, medan Mosetra ligg inne i området.

Artsfunn: Breiull er ofte ein dominerande art. Andre kravfulle myrplanter er engmarihand, engstorr, gulstorr, grønstorr, kornstorr, tvibostorr, jáblom, myrsaulauk, sveltull, beitetorvmose, blanktorvmose, brunklomose og rosetorvmose (E. I. Aune). Området mellom Mosetra og Leneselva i sør er kjent for gode bestandar av småvilt, særleg orrfugl og lirype. I utkanten av lokaliteten er fjellvåk registrert med hekkeåtfjerd to stader (austsida av Skogsjølibruna og sørsida av Kippfjellet). Eit tranepar som sommaren 2004 var sett på myrane like nordvest for lokaliteten kan vera identiske med fuglane som tidlegare år er sett ved Leiråvatnet.

Verdsetting: Asbjørn Moen (1975) har vurdert myrane ved Mo-Mosetra som verneverdige i landsdelssamanhang. Området må difor verdsettast som B (viktig) for flora. Rikt fugleliv styrkar vurderinga som eit viktig naturområde.

Skjøtsel og omsyn: Det meste av dette området er tidlegare brukt til markeslått. Truleg verkar dette positivt på dei mest kravfulle artane. Denne tradisjonen blir neppe teke opp att, men beiting av sau vil kanskje ha ein liknande effekt. Elles bør området få vera i fred for all menneskeleg aktivitet som grøfting, skogplanting m.m.

40 (25). Vinjeøra (skog, viltbiotop)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	MR 97-98, 08-09
Høgd over havet:	ca 0-300m
Hovudnaturtype:	Berg, skog
Naturtype:	Rik edellauvskog, viltbiotop
Prioritet:	Svært viktig – A
Moglege trugsmål:	Forstyrring, kraftline
Undersøkt/kjelder:	Aune 1976; Myklebust 1996; Wingan 1996; Holten 1978; 24.06.1991 (IST, AKn)

Områdeskildring

Generelt: Dette er austre del av den verneverdige lia nord for Vinjefjorden. Lia er bratt og frodig, med hamrar øvst.

Vegetasjon: Skogen er dominert av bjørk, men med ganske stort innslag av osp, samt noko furu. Innslaget av alm, hassel, gråor og daude tre er her større enn i lia lengre ute langs fjorden. Mange varmekjære planter i feltsjiktet.

Kulturpåverknad: Det er bygd ein skogsveg, men omfanget av hogst er moderat.

Artsfunn: Dette er det ornitologisk viktigaste partiet av lia nord for Vinjefjorden. Lokaliteten har høgste kjende tettleik av hakkespettar o.a. lauvskogsfuglar i Sør-Trøndelag (i følgje kunnskapsstatus i 1996), med to territorium kvar av både gråspett, dvergspett og kvitryggspett. Kongeørna har to alternative reirplassar. Lokaliteten er ein av få heilårsbiotopar for rådyr i Hemne. Floraen er særskild rik på denne lokaliteten, med planter som; lundkarse, kjempesvingel, skogfaks, lundgrønak, kransmynte, breiflangre, alm m.fl. Fleire av desse må reknast som regionalt truga og sjeldsynte. For kjempesvingel er det einaste funnet i Sør -- Trøndelag fylke.

Verdsetting: Lokaliteten blir verdsett til A (svært viktig) pga. hekking av raudlista fugl og mange varmekjære sjeldsynte planter.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er å unngå forstyrring og inngrep. Særleg hogst følgt av treslagskifte vil vera øydeleggjande for naturverdiane.

41 (26). Stormyra (myr, viltbiotop)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	NR 01, 08-09

Høgd over havet:	ca 60m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	Viktig (B)
Moglege trugsmål:	Forstyrring, kraftline
Kjelder:	Aune 1976, Wingan 1996, JOB

Områdeskildring:

Generelt: Stort, ope myrområde (ca 1000 da) på høgdedraget aust For Vinjeøra, framfor munninga av Kårøydalen og Søvassdalen. Nedbørsmyr dominerer. Nord for riksveg 71 er myra verna som naturreservat.

Vegetasjon: Floraen er stort sett fattig, men med noko rikare parti langs bekkekantane (engmarihand, grønstorr og myrsaulauk).

Kulturpåverknad: Lokaliteten er delt i to av riksveg 71, og vert kryssa av to kraftliner. Det ligg ein pelsdyrfarm i vestre kant.

Artsfunn: Myra er årviss hekkeplass for trane. Området har avgjerande funksjon for hjortetrekket ved å vera knutepunkt for trekket frå Orkdal og Rindal til ulike delar av Hemne.

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til svært viktig (A) pga. vern som naturreservat. Det styrkar verdien at myra er hekkeplass for trane og knutepunkt for trekkande hjort.

Skjøtsel og omsyn: Ein må gå ut frå at vernevedtaket sikrar dei botaniske verdiane. Det beste for viltet er å unngå forstyrring.

42 (27). Brekka (viltbiotop)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	MR 99 06, NR 00 06
Høgd over havet:	ca100-200m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	Svært viktig – A
Moglege trugsmål:	Skogsdrift, kraftline
Undersøkt/kjelder:	AKj, RW, JOB

Områdeskildring

Generelt: Ei nordvendt skogsli vest for munninga av Kårøydalen, der elva Spjøta kjem inn frå vest og dannar ei trøng kløft.

Vegetasjon: Furuskog dominerer.

Kulturpåverknad: Ein skogsveg kryssar lokaliteten, som dessutan er litt prega av hogst.

Artsfunn: Tradisjonell hekkeplass for hønsehauk, som har fleire alternative reirplassar innafor lokaliteten. Elvekløfta Spjøta er vel eigna for klippehekkande fuglar, og ramn og fjellvåk er registrert hekkande. Eit hjortetrekk kryssar Kårøydalen like ved lokaliteten.

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til A (svært viktig) pga. hekking av raudlista fugl.

Skjøtsel og omsyn Hekkeplassen for hønsehauk bør sparast for hogst.

43 (30). Fjelnadalen (Gammal furuskog og rikkjelder)

Kommune:	Rindal
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	(ca) NQ 041 985
Høgd over havet:	ca 400 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gammalskog og rikkjelder
Prioritet:	Viktig – B

Moglege trugsmål: Skogsdrift, kraftline, barmarksøyring.
Undersøkt/kjelder: ISt og FGO (08.09.03)

Områdeskildring

Generelt: Fjelldal sør for Kårøyane.

Vegetasjon: Fjellbjørkeskog med innslag av gammal furuskog og gadd.

Kulturpåverknad: Nokre nedlagde setrar.

Artsfunn: Ingen sjeldsynte eller raudlista artar vart registrerte ved inventeringa, men ved Skjølvollsetra er det m.a. funne klubbestorr og kjeldemjølke.

Verdsetting: Lokaliteten blir verdsett til B (Viktig) Fordi ein reknar med at potensialet for raudlista og sjeldne vedboande sopp er stort pga. innslag av gammal furugadd.

Skjøtsel og omsyn

Området treng ikkje særskild skjøtsel, men ein bør i størst mogleg grad unngå hogst i området.

Særskilt er det viktig at gamle furutre og gadd får stå i fred. Det er også viktig at ein tek omsyn til rikkjelder og rikmyr ved eventuell transport og mastepllassering.

44 (35). Nordmarka: Stuttjønna-Mongevatnet (viltbiotop)

Kommune: Rindal og Surnadal
Kartblad: 1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89): NQ 01-03, 93-95
Høgd over havet: ca 460-500.
Hovudnaturtype: Myr, ferskvatn
Naturtype: Viltbiotop
Prioritet: *Svært viktig – A*
Moglege trugsmål: Kraftline, forstyrring
Undersøkt/kjelder: LÅS; ISt (04.07.03); Naturbasen

Områdeskildring

Generelt: Eit ope myr- og heilandskap, for det meste over skoggrensa, karakterisert av mange små og store tjørn. Dei fleste tjørna er små, dei største vatna er på opptil ca 180 da (Stuttjønna, Setervatnet og Mongevatnet).

Vegetasjon: Somme av vatna har storrvegetasjon langs bredda.

Kulturpåverknad: Bortsett frå ei kraftline som kryssar lokaliteten, er det ikkje nemnande moderne inngrep.

Artsfunn: Nordmarka har beste bestand av smålom i innlandstrakter av Møre og Romsdal, to av reirplassane ligg innafor denne lokaliteten. For matsøk/fiske trekkjer fuglane dagleg mellom reirplassane og dei større vatna. Stuttjønna er eit av få vatn på Nordmarka med førekost av marflo og har god fiskebestand. Lomen fiskar også i dei regulerte vatna Krokvatnet og Solåsvatnet lengre vest. Dobbeltbekkasin er ein annan raudlista fugleart som finst i austre del av Nordmarka. Han har spellass omkring Holmvassetra, litt vestafor lokaliteten. Området er viktig for krevjande fuglearter og gjenspeglar truleg den næringsrike grunnen i området.

Verdsetting: Lokaliteten blir verdsett til A (svært viktig) fordi han inngår som ein del av smålomen sitt viktigaste hekkeområde i innlandet av Møre og Romsdal.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er å unngå forstyrring og inngrep.

45 (36). Nordmarka: Tågdalen (Myr, viltbiotop, gml. slåttemark)

Kommune: Surnadal/Rindal
Kartblad: 1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89): NQ 03-05, 91-92
Høgd over havet: ca 380-490m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap, myr, ferskvatn
Naturtype: Rikmyr, viltbiotop

Prioritet:	<i>Svært viktig – A</i>
Moglege trugsmål:	Storparten av lokaliteten er verna som naturreservat. Ny kraftline vil vera eit trugsmål for fuglelivet og kanskje for det forskingsarbeidet som går føre seg i og utanfor reservatet.
Undersøkt/kjelder:	Moen 1984, 2000, pers.medd.; Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1988, MA

Områdeskildring

Generelt: Eit vekslande landskap aust for Krokvatnet, med bekkedråg og frodig lauvskog i sørvest og eit opnare terrenget i nord, med bakkemyr og flatmyr. Det er mange små tjørn og kjelder. Tågdalen naturreservat inngår som ein viktig del.

Vegetasjon: Floraen knytt til både myr, kjelder og fukteng er rik og variert. Av myrreservata i Møre og Romsdal er dette det einaste med verneverdi som nasjonalt spesialområde, pga. uvanleg rik flora.

Knapt halvparten av reservatet er dekt av rik vegetasjon, der rik (dels ekstremrik) myr dekkjer mykje, og der rik engskog er vanleg. Kalkskog og baserik vegetasjon finst, men dekkjer lite.

Kulturpåverknad: Både jordvassmyrane og engskogane har vore nytta til utmarksslått heilt fram til 1950-åra. Som del av eit forskingsprosjekt har deler av området vore slått frå 1967 og fram til d.d. Fleire høyloener står til nedfalls etter at utmarksslåtten vart avslutta (1955). Det ligg ei hytte innafor lokaliteten, og ei kraftline kryssar over.

Artsfunn: For ei detaljert skildring av reservatet viser vi til Moen (2000). Av den rike floraen kan nemnast myrtrevier, grønkurle, engmarihand, lappmarihand, breiflangre, brudespore, kvitkurle, myrkråkefot, kystmyrklegg, vanleg nattfiol, grov nattfiol og heiblåfjør. I alt er det registrert 278 karplanteartar i reservatet.

Smålomen har reirplass i Langvatnet (NQ 049 920), og av fugleliv elles kan nemnast småspove og heilo. Ei snøugle, helst ein streiffugl, var sett her i april 2001. Liten salamander finst i eit tjørn i vestre kant, rett vest for eksisterande 132 kV-line (NQ 032 911).

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til A (svært viktig), fordi han er verna som naturreservat, og hyser ei rekke sjeldne og raudlista artar av både flora og fauna.

Skjøtsel og omsyn: Ein må gå ut frå at vernet sikrar dei botaniske verdiane. Ved hekkeplassen for smålom må ein unngå forstyring.

46. Nordmarka: Tågdalen, vest for. (Ekstremrikmyr, slåttemyr).

Kommune:	Surnadal
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	NQ 031 919
Høgd over havet:	Ca 450 – 500 m
Hovudnaturtype:	Myr, kulturlandskap
Naturtype:	Ekstremrikmyr, slåttemyr
Prioritet:	<i>Svært viktig – A</i>
Moglege trugsmål:	Kraftline, forstyring, gjengroing.
Kjelde:	Naturbasen for Surnadal

Områdeskildring

Generelt: Ekstremrik, bratt bakkemyr (over 20 gr. helling).

Vegetasjon: Rike bjørkeskogar av lågurt- og høgstaudetype dominerer den vestlege delen av Tågdalen frå noverande kraftline og vestover. Tågdalen naturreservat ligg inntil og aust for kraftlinia. Lokaliteten utgjer mykje av det same som dei rikaste og mest artsrike delane av Tågdalen naturreservat, m.a. store mengder av basekrevjande orkidéar (sjå nedafor). Lokaliteten er av dei aller mest orkidérike som finst i Noreg.

Kulturpåverknad: Ei gammal nedfallen høyloer vitnar om tidlegare markaslått. Også ei lita nedfalls hytte finst på lokaliteten.

Artsfunn: Engstorr, grønkurle, skogmarihand, engmarihand, lappmarihand, brudespore, kvitkurle (DC), stortviblad og begge nattfiolartane (*Carex hostiana*, *Coeloglossum viride*, *Dactylorhiza fuchsii*, *D. incarnata* ssp. *incarnata*, *D. lapponica*, *Gymnadenia conopsea*, *Leuchorchis albida* ssp. *albida*,

Listera ovata, *Platantera bifolia* og *P. chlorantha*). Einaste kjente lokalitet med tilbakekryssing mellom lappmarihand og engmarihand ($2n = 70$).

Verdsetjing: Grunna det store artsmangfaldet av orkidéar, og ikkje minst den svært sjeldne tilbakekryssinga av lappmarihand og engmarihand, så må lokaliteten verdsetjast til **Svært viktig – A**.

Skjøtsel og omsyn: Sterk attgroing på fastmark med lauvtre syner at det er behov for rydding og eventuell slått. Transport med tunge køyretøy bør ikkje gå føre seg på lokaliteten og plassering av nye kraftlinemastrer må berre gjerast etter nøyne samråd med botanikar (Asbjørn Moen).

47 (37). Nordmarka: Storsvorkvatnet (viltbiotop)

Kommune:	Surnadal
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	NQ 030 900
Høgd over havet:	390 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	Viktig – B
Moglege trugsmål:	Kraftline, forstyrring
Undersøkt:	ISt (05.09.2003)

Områdeskildring

Generelt: Eit ferskvatn på ca 100 da på nordsida av Langura, austre Nordmarka, omgjeve av myr og glissen furu- bjørkeskog, avgrensa av ei bjørkeskogsli i sør. Vatnet er naturleg delt i to av eit trongare parti på midten. I vestre del ligg ein holme.

Vegetasjon: I vest er det velutvikla vassvegetasjon, med tjønnaks og nøkkerose, og det veks trådstorr langs bredda.

Kulturmåverknad: Ei kraftline kryssar austre kant av vatnet, og det ligg ei hytte rett ved. Vestre del er ikkje prega av inngrep, og er eit av dei meir uforstyrra områda i denne delen av Nordmarka.

Artsfunn: Under synfaringa vart det sett toppand (3 ind), krikkand (3 ind), kvinand (2 ind) og stokkand (3 ind). Dette syner at vatnet er viktig for rastande ender. Lokaliteten er ikkje undersøkt i hekketida, men bør ha potensiale for hekking av alle artane. Det vart og sett horndykkar, noko som er første kjende funn frå ferskvatn i Surnadal kommune. Dette er ein austleg art, nyleg påvist hekkande i Rindal, og han kan og ha veleigna hekkebiotopar i dei næringsrike vatna på Nordmarka.

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til viktig (B) fordi det er ein viktig andebiotop, med førekomst av ein regionalt sjeldan art.

Skjøtsel og omsyn: Det beste For naturverdiane er å unngå Forstyrring og inngrep.

48 (40). Fiskjasliin (viltbiotop, gammal edellauvskog)

Kommune:	Surnadal
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	NQ 01 87
Høgd over havet:	ca 50-260 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gammal edellauvskog, viltbiotop
Prioritet:	Viktig – B
Moglege trugsmål:	Hogst, planting og spreiling av gran
Undersøkt/kjelder:	ISt (vårane 1988-1998); FGO & ISt (20.09.03)

Områdeskildring

Generelt: Ei bratt, sør vendt lauvskogsli som ligg relativt lunt i ei gryte i terrenget.

Vegetasjon: Hassel og gråor dominerer delar av lia, som og har innslag av alm, selje og bjørk.

Feltsjiktet er for det meste av lågurtypen med artar som myske, fagerperikum, kratthumleblom, skogsvinerot, trollbær, hundekveke, trollurt, villjordbær m.m. På grunn av at mykje av lauvskogen var

hoggen for nokre år sidan, er innslaget av villbringebær stort på delar av lokaliteten. Det finst også mindre parti med gråor/heggeskog med høgstaude - strutsevengutforming (C3a). Mjødurt, tyrihjelm, vendelrot og strutseveng er typiske artar her.

Kulturpåverknad: To kraftliner kryssar lokaliteten. Det er nyleg bygd ein skogsveg gjennom lia, og i vestre del står eit delvis hogge granplantefelt. Noko av lauvskogen er hogge til ved, og fleire gamle almar har preg av tidlegare styving. Artssamansetninga kan elles tyda på at lokaliteten i ei ikkje alt for fjern fortid har vore tresett av mest berre alm og at området enno er i ei gjengroingsfase.

Artsfunn: Utanom dei artane som er nemnd under avsnittet om vegetasjon, kan nemnast funn av den raudlista arten narrepiggsopp *Kavinia himantia* (DC), samt skrukkeøre *Auricularia mesenterica* og almelav *Gyalecta ulmi*. Alle artane vart funne på gammal alm. Tilgangen på død ved gjer dette til eit viktig næringsområde for både dvergspett og kvitryggspett, den siste er årviss vinterstid. Den rike lauvskogen er dessutan viktig for ulike sporvefuglar knytt til slik skog (stjertmeis, spettmeis, blåmeis, songarar).

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til B (viktig) pga. førekomst av raudlisteartar av fugl og sopp.

Skjøtsel og omsyn: Det vil vera viktig å sikra hakkespettane nok næringssubstrat i form av døde lauvtre. Den yngre almen som etter kvart kjem opp kunne med fordel ha vore styva. Berre slik vil ho verta gammal nok til å kunne hysa sjeldsynte lav og soppar.

49 (41). Surna: Evje ved Fiskja (viltbiotop, flaumdam, kroksjø)

Kommune:	Surnadal
Kartblad:	1421 II (Vinjeøra)
UTM (EUREF 89):	NQ 01 86
Høgd over havet:	ca 30 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/Våtmark
Naturtype:	Viltbiotop, flaumdam
Prioritet:	Viktig – B
Moglege trugsål:	Forureining, gjengroing, kraftline
Undersøkt/kjelder:	TÅ, ISt (1990-2001) FGO & ISt (20.09.03)

Områdeskildring

Generelt: Eldre elvelaua som er avsnørt frå hovudelva i øvre del.

Vegetasjon: Vassvegetasjonen er dominert av m.a. klovasshår og elvesnelle, men gulldusk og myrhatt førekjem også. Gråorskogen langs kanten er relativt godt utvikla og har innslag av alm, hassel, hegg, rogn, bjørk og vier. I skogbotnen veks strutseveng.

Kulturpåverknad: Dyrkamark på sørsida, bilveg på nordsida. To kraftliner kryssar over.

Artsfunn: Evja er eigna biotop for ulike andeartar (stokkand, krikkand og laksand). Av sjeldnare artar kan nemnast registrering av snadderand (våren 2001). Dei to regionalt sjeldne og raudlista planteartane gulldusk og evjebrodd (E) veks også i eller nær evja. I Møre og Romsdal er evjebrodd tidlegare funne berre på Smøla og i Sunndal. Lokaliteten har også stort potensiale for raudlista sopp knytte til oreskogen og sjeldne vassinsekt og planktoniske krepsdyr.

Verdsetjing: Lokaliteten blir vurdert som viktig (B), fordi dette er ein type biotop/vegetasjonstype som er truga, bl.a. av drenering til landbruksformål, gjengroing, ulike gravetiltak o.l. At dei tre regionalt raudlista planteartane, *alm*, *evjebrodd* og *gulldusk* veks på lokaliteten tel også for verdisetjinga.

Skjøtsel og omsyn: Unngå drenering og landbruksforureining.

10.2.3 Lokalitetar langs trase 5.0

50. Seteråsen (viltbiotop)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 96 24

Høgd over havet:	ca 100-240 m
Hovudnaturtype:	Skog, våtmark
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	<i>Viktig (B)</i>
Moglege trugsmål:	Hogst, kraftline
Undersøkt/kjelde:	NOF avd. Hemne, JOB.

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ein åsrygg mellom Oldervatnet og Sengsdalsvatnet.

Vegetasjon: Stort sett furuskog, men det er noko innslag av lauv- og ospeskog i sørhallinga av åsen.

Kulturmåverknad: Lokaliteten er for det meste upåverka av moderne inngrep.

Artsfunn: Viktig område for storfugl, som høgst sannsynleg har spillplass innafor lokaliteten. Andre registrerte artar knytt til gammalskog er dvergspett og tretåspett, begge revirhevdande.

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til **B (Viktig)** fordi det er eit viktig område for storfugl (muleg spillplass) og pga førekomst av hakkespettar (planlagt feltarbeid våren 2005 vil venteleg gi betre datagrunnlag).

51. Lægdelva (Viltbiotop)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 973 243
Høgd over havet:	ca 100 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn og våtmark
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	<i>Lokalt viktig (C)</i>
Moglege trugsmål:	Kraftline
Undersøkt/kjelde:	NOF avd. Hemne

Områdeskildring

Generelt: Lægdelva har utløp frå Oldervatnet ved grensa mot Aure og renn ut i Sengsdalsvatnet, der ender o.a. vassfugl har tilhald. Lokaliteten omfattar eit svakt meanderande parti av elva nedstrøms Lægdfossen.

Kulturmåverknad: Lokaliteten verkar upåverka av moderne inngrep.

Artsfunn: Hekking av krikkand (kull registrert), sannsynleg hekking av laksand (par registrert). Dessutan hekker fossekall ved elva.

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til lokalt viktig (C) fordi elva er hekkebiotop for andefugl (biotoptypen er relativt sjeldan i regionen, og oppgradering av verdien vil bli vurdert etter planlagt feltarbeid våren 2005).

52. Lifjellet (Viltbiotop)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 97-98 22-23
Høgd over havet:	ca 400-560 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn og våtmark
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	<i>Viktig (B)</i>
Moglege trugsmål:	Kraftline, forstyrring
Undersøkt/kjelde:	JOB

Områdeskildring

Generelt: Eit fjellplatå på vestsida av riksveg 680 med fleire små tjern og eit større vatn (Stengvatnet).

Vegetasjon: Lokaliteten ligg over skoggrensa.

Kulturmåverknad: Ingen.

Artsfunn: Eit av vatna har rik bestand av røye, og er tradisjonell hekkeplass for storlom og fiskeplass for smålom (den siste hekkar i eit anna vatn i utkant av lokaliteten). Fjellvåk har tidlegare hekka i ein berghammar på sørsida.

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til *B* (*viktig*) pga. at den er hekke- og fiskeplass for storlom og smålom.

53. Tverrdalsmyrane (Intakt låglandsmyr)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 980 216
Høgd over havet:	200 – 300 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Intakt låglandsmyr
Prioritet:	<i>Lokalt viktig (C)</i>
Moglege trugsmål:	Grøfting, skogplanting m.m.
Undersøkt/kjelde:	Naturbasen, FGO 13.12.2004

Områdeskildring

Generelt: Området er vidstrakt og strekkjer seg fra Hundvassknubben i vest og aust til området mellom Lifjellet og Røstliheia.

Vegetasjon: Myrane er noko oppdelt av ryggar med tørrare grunn der det veks noko furuskog. Elles er myrane prega av fattigmyrsvegetasjon.

Kulturpåverknad: Ingen synlege

Artsfunn: Ein har ikkje hatt høve til å inventera lokaliteten med omsyn til karplantar og mose.

Verdsetjing: Lokaliteten blir førebels verdsett til; *Lokalt viktig (C)*

Skjøtsel og omsyn

Myrane bør ikkje verta utsett for inngrep av noko slag.

54. Tverrdalen – Røstlia (Viltbiotop)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 99 20-21
Høgd over havet:	ca 150-300 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	<i>Viktig (B)</i>
Moglege trugsmål:	Hogst, kraftline
Undersøkt/kjelde:	Naturbasen, JOB. FGO 13.12.2004.

Områdeskildring

Generelt: Skogsterren mellom riksveg 680 og Røstlia.

Vegetasjon: Ganske småvaksen røsslyngfuruskog dominerer, men i lia opp mot Røstliheia og Lifjellet er det også litt innslag av lågurtfuruskog og bjørkeskog. Hogst og køyrespor fleire stadar. Noko gran planta ved Tverrdalen og aust for Røstlia, elles lite av denne tresorten..

Kulturpåverknad: Bortsett fra plukkhogst og litt granplanting nær dyrkamark, så er spor etter menneskeleg aktivitet få utanom i nærleiken av gardsbruka (Røstlia og Tverrdalen)

Artsfunn: Hønsehauk vert stadig sett jaktande ved Røstlia om våren, så hekking i området er sannsynleg (kanskje i den gamle furuskogen aust for Røstliheia). Området er eit av dei beste for orrfugl og storfugl i Hemne kommune. I ein bergknatt i sørkant av lokaliteten finst ein reirplass for fjellvåk. Hjorten har trekkveg frå Tverrdalen til Hjortlia.

Verdsetjing: Lokaliteten blir verdsett til *B* (*viktig*) fordi det er eit viltrikt område med muleg hekking av hønsehauk (konstatert hekking ville gitt høgare verdi).

55. Merkeshaugen (Viltbiotop)

Kommune:	Hemne
Kartblad:	1421 I (Hemne)
UTM (EUREF 89):	MR 99 16
Høgd over havet:	ca 200-300 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Viltbiotop
Prioritet:	<i>Viktig (B)</i>
Moglege trugsmål:	Hogst, kraftline
Undersøkt/kjelde:	JOM

Områdeskildring

Generelt: Ein åsrygg på nordsida av Rovatnet.

Vegetasjon: For det meste gran, furu og bjørk.

Kulturpåverknad: Vestkanten av Merkeshaugen er prega av granplantefelt, medan det på nordsida er nokre hogstfelt.

Artsfunn: Området er kjent som leveområde for storfugl, truleg er det ein spillplass på åsryggen. På ei myr i austkanten er det ein orreleik.

Verdsetting: Lokaliteten blir verdsett som (B) viktig pga. spillplass for hønsefugl.

